

Petter Bjellås

"Ganske breit, men greit!"

Ei sosiolingvistisk undersøking
av dialektbruk og språkhaldningar
i Grenland

Hovudfagsoppgåve
i Nordisk språk og litteratur
institutt for nordistikk og litteraturvitenskap

Universitetet i oslo
oslo våren 2001

Takk!

til elevane ved Skogmo, Klosterskogen og Skien vidaregåande skular som villig stilte opp som informantar og såleis gjorde denne undersøkinga mogleg.

til førsteamansuensis Eskil Hanssen som rettleia meg gjennom prosessen.

til TEIN og UNO for at eg fekk vere med på nyttige og inspirerande konferansar.

til Anne, Kirsten og Kristin for både nyttig og ikkje alltid så nyttig, men likefullt inspirerande, lesesalssamarbeid.

til Audhild og Morten for støtte på heimebane.

Innhaldsliste

Innleiing	5
BAKGRUNN.....	6
Samfunnsgeografi.....	6
Språkgeografi	9
«Talemål».....	11
TEIN.....	13
Spreiing av dialekttrekk	14
Kvantitativ og kvalitativ metode.....	22
Problemstilling.....	30
DEL I. DIALEKTOLOGISK DEL	31
Dei språklege variablane	31
Innsamling av språkbruk	36
Empiri	38
DEL II. VARIASJONISTISK DEL.....	49
Faghistorie	50
Innsamling av sosiolingvistisk informasjon.....	52
Informantfordeling	53
Disposition.....	55
Sosiolingvistisk variasjon.....	55
Fenomenologi.....	79
Haldningar.....	87
OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	105
Pratar ein dialekt i Grenland?	105
VEDLEGG	106
Litteratur	106
Spørjeskjema	110

Innleiing

Kvar går Grenlands-målet?

Denne hovudfagsoppgåva er ei sosiolingvistisk undersøking blant ungdom i Skien. Siktemålet er å kartlegge dagens språkbruk i Grenland og finne ut av dei sosiale språkbruksvariasjonane. På denne måten freistar eg å finne grunnlag for å kunne seie noko om utviklinga av Grenlands-målet.

Informantgruppa består av 18-åringar av begge kjønn. Ungdom er interessante fordi det er særleg i denne gruppa nye språknormer blir danna, og dei representerer truleg språkbruken i språksamfunnet ei tid framover.

Den allmenne dialektutviklinga i Noreg for tida er rekna å vere ein regionaliseringss prosess. I denne prosessen går dei mest lokale dialektmerka ut av bruk, slik at målføra innafor ein større region blir meir like. Eg knyter oppgåva mi til prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN), der teoriar om denne prosessen er sentrale.

Problemstillingar eg arbeider med, er om Grenlands-målet går same vegen som dei andre måla på Austlandet. I så fall er det interessant å sjå kva for språktrekk som blir tatt i bruk eller som går ut av bruk. Til å granske slike spørsmål bruker eg William Labovs teori om observasjon av spreiling og Howard Giles sin akkommodasjonsmodell.

Språkbruk heng ofte saman med sosiale faktorar som kjønn og sosioøkonomisk status, difor bruker eg tradisjonell sosiolingvistisk teori. Vidare knyter eg også til teori om fenomenologi, kva tilhøvet til heimstaden har å seie for val av språklege strategiar. Sist undersøker eg samanhengen mellom språkbruk og haldningar til språk.

Poenget med oppgåva mi er altså å kunne medverke til svare på spørsmålet:

Kvar går Grenlands-målet?

BAKGRUNN

Samfunnsgeografi

Strategisk plassert, der Telemarks-vassdraget møter saltvatn, ligg Skien. 16. mars 1358 fekk kaupangen kjøpstadsprivilegium, men allereie på 800-talet kan det ha vore ein tettstad her. På 1100-talet heldt mektige folk til i Grenland, og Skien var eit maktpolitisk sentrum i Noreg. På denne tida blei Gimsøy nonnekloster bygd.¹ Og «[h]eilt frå mellomalderen har Skien vori det administrative midtpunktet i Telemark» (Dalene 1953:2).

Scheen

At vassdraget har vore sentralt for byen, viser bynamnet. I fylgje Norsk stadnamnleksikon er det to teoriar for opphavet til namnet. Begge teoriane er samde om at det er elva som har gjeve byen namn, og at bynamnet opphavleg var eit elvenamn. Eit sitat frå Norges gamle Love III frå 1358 tyder på det: «i Skidu ok i Skidusyslu» (Sandnes 1980:280). Namnet kan då vere ei omtale av eit rett og beint elveleie. Ski, som i vedski, tyder jo del av kløyvd stokk. Den andre teorien tar utgangspunkt i det germanske ordet *skiða, som då har gjeve elvenamnet Skíða eller Skiða. Bynamnet er då bunden eintalsform av elvenamnet: Skiðan. I denne tydinga er det at namnet omtalar «elva som skil». Kort /i/ i namnet gjer det enklare å skjonne den moderne uttalen av bynamnet: [se:ən]. Skjønt moderne, det har nok vore uttalen i fleire hundre år. På eit eigedomsskøyte over prostigodset i Gjerpen datert 16. januar 1666, frå Kong Fredrik III til generaladmiral Cort Sivertsen Adeler, er namnet på byen skrive «Scheen» (Løvenskiold 1999). Men om dette var ein dansk skrivemåte, og dei skrivande var klar over ein annan skrivemåte, er uvisst. Bartholomæus Herman von Løvenskiold gav i 1784 ut «Beskrivelse over Bradsbierg Amt og Scheens bye med sine Forstæder» (Kortner 1986:19). I innleiinga av ei beskriving av byen vekslar Løvenskiold i namnebruken: «Scheen eller Skien, ligger lidet over 59 Grader,» men bruker «Scheen» seinare i teksten. I dag seier me altså [se:ən] og skriv <Skien>.

Grenland

Skien by oppstod som møteplass mellom innland og kyst der handelen kunne bløme. Hamna var viktig, ikkje minst for å skipe ut brynestein og tømmer. Dag Magne Andersen kan fortelje at på 1400-talet danna byen sterke handelssamband med Holland, og frå 1500-talet starta

¹ <http://home.online.no/~dagma/skien/skienhis.htm>

gruveindustri.² Etter som Skien voks til, blei det behov for betre kaianlegg. Utover 1600-talet utvikla Porsgrunn seg til å bli ein hamneby, og i 1653 blei tollbua flytta frå Skien til Porsgrunn.³ Halvor Dalene (1957:2) skriv at «Porsgrunn tok til som laste- og losseplass under Skien. [...] I 1807 blei Porsgrunn kjøpstad under Skiens jurisdiksjon, i 1842 sjølvstendig kjøpstad». Industriområdet Grenland, med landbruksområda rundt, tok slik så smått til å reise seg. Det var elva og sjøen som var viktig. «Det var skipsbyggerier og sagbruksaktiviteter som gjorde at industrialiseringen tok fart på 1800-talet,» opplyser Porsgrunn kommune på internettetsida⁴ deira. Blant fleire tiltak etablerte Porsgrund Porselænsfabrik seg på 1880-talet langs elvebredda, og Norsk Hydro kom til 40 år seinare. Sementfabrikken Dalen Portland la seg til ute ved sjøen i byrjinga av 1900-talet. I 1892 opna Bandak-kanalen, slik at ein kunne segle frå sjøen og langt inn i Telemark, og Bratsberg-banen opna for togdrift mellom Skien og Tinnoset. Kommunikasjonen til Hydro-verksemndene på Rjukan og Notodden skulle slik bli enklare.

Med utviklinga på 1900-tallet har regionen i dag snart nådd eit folketal på 100 000 menneske. Framleis er Skien den største og viktigaste byen, med halvparten av Grenlands folketal. Den moderne oppfatninga av Grenland, er at regionen består av bykommunane Skien og Porsgrunn (som mest er i ferd med å gro saman), skogkommunen Siljan mot nordaust og sjøkommunen Bamble mot sørvest. Samarbeidet mellom dei fire kommunane er så tett og på så mange plan at Grenland er blitt ein tettvoven region. På internett presenterer Grenland seg som «Norges 5. største «by», [som] står sterkt som en sammensveiset enhet innen Oslofjord-området»⁵. Og framleis er det industri av ulik slag som held liv i regionen, særleg er Norsk Hydro sitt store kompleks på Herøya og Rafnes viktig. Jørund A. Ruud skriv om næringa i Telemark at «[T]elemark har størst industriysselsetjing i høve til folketalet av alle landets fylke. I alt høyrer omlag 500 industribedrifter heime her. 20 av dei reknast i norsk målestokk som store, med meir enn 100 tilsette»⁶. I fylgje Vekst i Grenland er «over 10 000 mennesker involvert i industrien i Grenland».⁷ Det er mindre av akademisk verksemd, utanom i skuleverk og administrasjon. Dette gjer at den sosioøkonomiske lagdelinga i det grenske samfunnet viser eit

² <http://home.online.no/~dagma/skien/skienhis.htm>

³ <http://www.porsgrunn.kommune.no/fakta/historie.htm>


⁴ <http://www.porsgrunn.kommune.no/fakta/historie.htm>

⁵ <http://www.grenland-nett.no>

⁶ <http://www.telemarksnett.no/naring>

⁷ Vekst i Grenland (ViG) er eit aksjeselskap stifta av grenlandskommunane, Telemark fylkeskommune og lokalt nærings- og organisasjonsliv. Selskapet arbeider for å fremme regionen Grenland som bu- og næringsområde. Opplysningane fann eg på <http://www.vig.no/grenland/n/nearing.htm>

stor tal av såkalla arbeidrar og funksjonærar, men færre akademikarar. Vekst i Grenland har nedfelt som eit mål i planen sin at kompetansen i Grenland må aukast, sidan utdanningsnivået i regionen framleis er lågare enn landsgjennomsnittet.⁸ Tala til Statistisk sentralbyrå (SSB) frå fjerde kvartal i 1999⁹, viser at når det gjeld vidaregåande utdanning, ligg ikkje Grenland noko bak den nasjonale standarden. Medan deltakinga ved vidaregåande skuler i 1998 i landsgjennomsnitt var 90,5 % av ungdommane i denne aldersgruppa, var snittet for Grenland 91,3 %. Siljan trekk snittet opp med 97 %, mot Skien på 88 %. Annleis er det når SSB tel opp dei i folkesetnaden som har høgare utdanning. Landsgjennomsnittet er her 21,5 %, mot bare 14 % i Siljan og litt over 17 % i resten av Grenland. Utdanningsnivået reflekterer truleg næringsverksemda i Grenland. Det er tradisjonelt eit industri- og arbeidarsamfunn, med mykje produksjon og handel. Tala SSB har frå folke- og bustadteljinga 1990, viser at av dei yrkesaktive er det fleire innan sekundærnæringane i Grenland¹⁰ enn i gjennomsnittet av Noreg. Til gjengjeld er det færre som jobbar innan primær- og tertiærnæringane. Variasjonen mellom kommunane er forresten stor:



Samanlikna med landsgjennomsnittet har Grenland fleire tilsette i industrien og færre i landbruket og tertiærnæringane. To grunnar til den ulike fordelinga mellom dei tre kommunane, kan vere at Skien og Porsgrunn er byar og at fylkesadministrasjonen ligg i Skien.

Kan hende i tråd med den sterke rolla industrien har i regionen, så er Grenland politisk nokså raudt. I gjennomsnitt for Grenlands kommunane fekk Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti samanlagt 47,8 % av røystene ved kommunevalet i 1999, medan landsgjennomsnittet var 36,4 %. Og eit parti som Senterpartiet fekk liten støtte i Grenland. Flest røyster fekk partiet i Bamble, med 4,2 %, mot landssnittet på 8,2 %.¹¹

⁸ <http://www.vig.no/fakta/naeringsplan2.html>

⁹ <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=08>

¹⁰ Her er Siljan utelate, sidan opplysningane for denne kommunen ikkje var å oppdrive.

¹¹ <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=08>

Språkgeografi

Grensk mot midlandsk og sørlandsk

Vikværsk er det av dei austlandske måla som ligg lengst sør. Skien og Grenland ligg i utkanten av det vikværsk-dialektområdet, saman med Holla og kommunen Kragerø. Holla er den delen av Nome kommune som grensar til Skien. Rolf Theil Endresen reknar i artikkelen sin i «Den store dialektboka» heile dette området som Grenland. Og på kart over målføra i Norsk talemål (Helleland og Papazian 1981:8) er Drangedal kommune og Holla teikna inn som del av Grenland. Språkleg er dette ei grei avgrensing, men på to punkt skil Drangedal seg skarpt frå resten av Grenland: Dei personlege pronomena i fyrste person er i Drangedal 'eg' og 'me', mot vikværsk 'jæi' og 'vi', og framlyden /hv/ frå norrønt er i vikværsk utvikla til /v/, medan drangedølar flest vil seie /kv/.

Arne Johan Gjermundsen har skrive utførleg om Holla-målet, med undersøkinga «Variasjonsmønster i Holla-målet» frå 1977. Han reknar Holla-målet som eit grensemål mellom grensk og telemål. Åtte av språkvariablane hans var trekk der variantane var motsetningar mellom vikværsk og tradisjonelt Holla-mål. Resultatet hans er at «bymålstrekk har blitt betydelig styrka i Holla i forhold til de eldre trekk som Holla-målet tradisjonelt har hatt felles med målføra i Sør-Aust-Telemark» (Gjermundsen 1977:301). På dette grunnlaget hevdar Gjermundsen at «karakteren av overgangsmål synes å være mye svakere nå» (1977:302), sidan grensa mot dei kringliggande telemåla no synest å ha blitt mykje skarpare. Faktisk ser han for seg at dei lokale variasjonane i heile Grenlands-regionen blir mindre, og at Grenlands-måla «utvikler seg i retning av et regionalt standardmål, der folkemålet i Skien-Porsgrunns-området, bymålet, er den regulerende kraft» (1977:302).

Kragerø-målet er prega av at det ligg på grensa mellom austnorsk og vestnorsk. Kommunen ligg i Telemark, men grensar til Aust-Agder og språktrekk som oppmuking av konsonantane p, t og k og variantar av personlege pronomena som 'e' og 'me'. Difor understrekar Tone Seim i «Kragerø-dialekten» at «ingen som hører Kragerø-mål [er] i tvil om at en har med øst-norsk dialekt å gjøre» (Seim 1981:13), og viser til trekk som lågtone og rulle-r. Likevel skil målet seg ut, sidan det ikkje har tjukk l eller tradisjon for jamvekt, og liknar slik på sørlandske mål. Samanfallet mellom preposisjonane 'mellom' og 'gjennom' derimot, er eit trekk Kragerø-målet har i lag med tradisjonell vest-vikværsk.

Mangelen på 'tjukk l', og endinga /e/ i supinum av sterke verb i staden for /i/, skil Kragerø-målet frå det meste av vikværsk. Men dette er trekk Kragerø-folk har sams med folk i Ytre Østfold. Plasseringa langs sjøen har nemleg gjeve regionen god kontakt mellom folk i det vikværsk området, som altså i tillegg til Grenland er Østfold, Vestfold og nedre Buskerud, eller områda rundt ytre Oslofjord. Kvaliteten på innskotsvokalen er eit anna språkleg døme på denne kontakten. I vestvikværsk utanom Kragerø-mål vil innskotsvokalen vere /a/, eller /æ/ om det kjem /r/ etter: 'føttær - føttane' og 'bøndær - bøndane'. Slik er det òg sør i Østfold, medan resten av austvikværsk har /e/ som innskotsvokal.

Denne kystkulturen gjorde i tillegg sitt til at det har vore ein tydeleg skilnad mellom bymål og innlandsmål. Avhandlingane til Steinsholt viser tydeleg det. To gonger har han undersøkt målet i Larviks oppland, Hedrum, med 30 års mellomrom. I Hedrum blei ein tradisjonell dialekt brukt, medan ein i kystbyen Larvik hadde eit talemål tydeleg påverka av all kommunikasjonen sjøen opnar for. Då Steinsholt tok opp att undersøkinga 30 år seinare, oppdaga han at Hedrums-målet hadde endra seg. Det hadde fått store innslag av Larviks-målet, samstundes som at Larviks-målet òg hadde endra seg på denne tida. Såleis viser arbeida til Steinsholt korleis måltrekk spreier seg, og at retninga gjerne er frå ein by som blir rekna som sentrumet i ein region, ut til områda rundt.

Særleg er det nok i dei mest sentrumsnære områda i Skien og Porsgrunn at ein taler det «moderne» Grenlands-målet, medan resten av Grenland har fleire eldre innslag. Eit døme på det er supinum av sterke verb. Theil Endresen (1990:97) skriv at «i Porsgrunn og Skien skjedde overgangen fra [t.d. 'sotti' og 'drokki'] til ['sitti' og 'drekki'] i mellomkrigstida, men vi hører fremdeles ['sotti' og 'drokki']-formene i utkantene».

Vikværsk mot midaustlandsk

I nord grensar vikværsk mot midaustlandsk. Geirr Wiggen vil i sin artikkel i «Den store dialektboka», Oslo bymål, gjere vikværsk av midaustlandsken. Nokre få viktige skilje finn han no likevel. Det viktigaste trekket er endingane i fleirtal av hankjønn. I vikamål heiter det i bunden form 'alle bila', medan vikværsk mål har halde på heile endinga: 'alle bilane'. I ubunden form seier ein vikværing 'bilær', medan ein i vikamål seier 'biler'.

I ordforma 'bilær' dukkar vikværsk' truleg mest markante trekk opp: /æ/-lyden. Historisk /a/ blir delvis redusert til /æ/ i trykklette posisjonar om det kjem ein /r/ etter. Dette går igjen i alle endingsmorfem i ordklassane svake a-verb, komparativ av adjektiv, ar-klassen av substantiv og nemneforma til hankjønnsord. Theil Endresen oppgjev ær-ending i ubunden form av hankjønn og er-ending i hokjønn som produktive endingar. Det vil seie at er-klassen av hankjønn og ar-klassen av hokjønn venteleg er på retur, at språkutviklinga går mot eit samanfall innafor hankjønns- og hokjønnssistema. Tidlegare var den delvise reduseringa av /a/ meir utbreidd, men no har endingsvokalen i uredusert form komme tilbake der ein ikkje har /r/ etterpå: 'bilane, dørane, hardaste, dansa, dansande og dansas'. Av desse endingane har midaustlandsk bare preteritumsforma, elles er det /e/.

Trekk som vikværskे mål har til felles med Oslo-mål, kan vere trekk som dei lokale måla har «henta» direkte frå Oslo, utan å vere resultat av kontakt mellom vest- og austvikværingar over fjorden. Mosse-dialekten har til dømes fleire trekk sams med vestvikværsk. Eitt døme er objektsforma til personleg pronomen i fleirtal, første person, som er [vɔʂ] i vestvikværsk og i Mosse-dialekten, medan det elles er [ɔʂ]. Eit anna døme er supinumsformene som eg nemnte ovafor, der Moss har vestvikværsk formar. Både supinumsforma [siti] og pronomenet [vɔʂ] har lang historie i Oslo-målet.

«Talemål»

Før eg går vidare, vil eg bruke nokre ord på termene ein bruker for talemål. Dei er nemleg ikkje så eintydige som det kan sjå ut til. Det blir brukt ulike nemningar for kva talemål er.

Språk og dialektar

Ein kan avgrense språk frå kvarandre på ulike måtar (Chambers 1998). To vanlege måtar er politisk og etnisk: kvar stat eller folkegruppe har sitt språk, grunngjevinga er helst nasjons- eller identitetsbygging. Ei anna avgrensing er forståing, der ein ser eit språk som eit heilskapleg språksystem der brukarane av det vil forstå kvarandre. Innafor eit språk er det òg skilnader. Desse skilnadene blir forklart med omgrepet dialektar. Mellom nabodialektane er det små skilnader, men di lenger unna ein kjem heimstaden sin, jo større blir skilnadene og verre blir det å forstå. Den glidande overgangen mellom dialektar blir kalla eit

dialektkontinuum. Og stor variasjon innafor eit språk med stor utbreiing, kan gjere dette kontinuumet så langt at folk som pratar same språket ikkje forstå kvarandre.

Dialektale skilnader kan gje seg utslag på ulike måtar. Termen geolekt blir brukt om talemålet når det blir definert ut frå staden det blir brukt. Det er altså språkleg avgrensing på eit geografisk nivå. Ein plar jo å *stadfeste* dialektane, så det er nok i denne tydinga ein som oftast forstår termen dialekt. Sosiolektar er talemål som er knytt til samfunnets ulike sosiale og økonomiske lag. Meir eller mindre uavhengig av kvar du bur, vil talemålet ditt signalisere kva for samfunnsklasse eller sosiale gruppe du tilhører. Ein idiolekt er eit heilt unikt og individuelt talemål. Her tar ein høgde for at ingen snakkar heilt likt. Det vil alltid vere små nyansar i språkbruken mellom folk. Den språklege avgrensinga er såleis på individnivå. Det kan verke som mest presist i språk- og dialektforskinga å operere med idiolektar, sidan ingen grupper pratar heilt likt. Men det blir svært tungvint, sidan ein sjeldan ynskjer å uttale seg bare om enkeltindivids språkbruk. Helst vil ein kunne generalisere, for å kunne seie noko om språket i eit samfunn. Dessutan gjer fenomenet intraindividuell variasjon til at heller ikkje denne avgrensinga er problemfri. Språkbruken til ein person er heller ikkje heilt stabil, den varierer ofte etter situasjon, samtalepartnarar og samtaleemne. I dialektforskinga vel ein såleis å sjå bort frå mange skilnader, og forenklar dei intra- og interindividuelle talemålsskilnadane for å samle talemåla i større einingar. Slik kan t.d. eg i denne oppgåva tale om Grenlands-mål, sjølv om ikkje alle grenlendarar pratar likt.

Standardtalemål

Eit talemål det er stadig diskusjon om i det heile finst, er norsk standardtalemål. Eit standardtalemål blir gjerne definert som ein ikkje-dialekt, og at det skal representere heile landet. Med det er det meint at talemålet er stadlaust, at målet ikkje hører til nokon særskilt stad eller region, men til heile landet generelt. Ofte blir eit standardmål knytt til landets skriftspråk, som ein slags leseuttale, og nyt status som den korrekten måten å prate på. Ein skal ikkje sjå bort i frå at nettopp denne abstraheringa frå alminneleg dialektal språkbruk, som for dei aller fleste betyr å normere talemålet sitt, er eit viktig bidrag til statusbygginga. Men det viktigaste ved standardtalemålets status, er at det er slik ein pratar innan samfunnsklassen som blir rekna som eliten, både økonomisk, politisk og kulturelt. Å normere talen sin mot standardmålet er ei side av å klatre sosialt. Om me ikkje har noko offisielt standardtalemål i

Noreg, er i alle fall talemålet ein gjerne kallar bokmål ein uoffisiell standard, sidan det «stort sett verkar som riksspråk gjer i industrialiserte vestlege land» (Venås 1991:273).

Unn Røyneland tar opp spørsmålet om standardisering, og peikar på at det truleg er to ulike standardmål som spreier seg: «[D]en 'klassiske standarden' konnoterer sosial klasse og sosiokulturell og økonomisk prestisje, medan den 'yngre standarden' gir assosiasjonar i retning av urbanitet, modernitet og bymessig tilknyting» (Røyneland 1999:105). Eg vel å bruke termen til Røyneland når det gjeld den 'klassiske standarden', sidan namnet sjølv konnoterer at dette er det som er det mest formelle. Når det gjeld det andre standardmålet, ynskjer eg å ta fram termen «sørøstnorsk bymål», som eg fann hjå Halvor Dalene (1947:88). Denne termen konnoterer i tillegg til urbaniteten det geografiske nedslagsfeltet til denne standarden, utan å avgrense det til noko ungt. Det er strengt tatt mogleg for eldre folk å ta i bruk denne nyare standarden.

Varietet

Alle desse nemningane for talemål på ulike nivå kan erstattast med termen 'varietet'. 'Varietet' er eit relativt omgrep som tyder 'talemål', utan omsyn til om det er geografisk eller sosialt bunde, eller om det er eit nasjonalspråk. Ein bruker omgrepet for å snakke om eit talemålssystem utan å ta omsyn til kva for nivå ein er på.

TEIN¹²

Det sosiolingvistiske miljøet opplevde ei bløming frå 1970 og ti-femten år framover. For å få i gang forskinga att, og for å gripe dei endringane og rørslene ein ser i dialektane i dag, sette ein i gang prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN) hausten 1998. TEIN knyter saman dei fire universiteta og høgskulen i Agder, og er vidare knytt til eit arbeid som går føre seg i store delar av Europa. Årleg har TEIN samla forskrarar og studentar til seminar, og gjeve ut hefte der deltakarane m.a. har presentert forskingsresultat.

TEIN har som hovudmål «å få innsikt i dei språklege og samfunnsmessige faktorane som verkar inn på språkleg endring i norsk talemål». Det er altså ikkje empirien som er det viktigaste, men å utvikle og prøve ut teoriar og modellar. Særleg er det teori om språkleg

¹² Opplysningane om TEIN har eg funne på heimesidene prosjektet har på verdsveven:
<http://www.hf.uib.no/tein/prosjektbeskrivelse.html>

regionalisering ein ynskjer å bruke. For av dei språklege endringane som skjer no, meiner ein å sjå at «i hvert fall én sentral bevegelse nettopp er den som fører de lokale varietetene mot et mer ensartet mål». TEIN er i høgste grad eit sosiolingvistisk prosjekt og prøver å trekke inn stadig nye eksterne faktorar som kan hjelpe til med å forstå og forklare språkutviklinga.


Spreiing av dialekttrekk

Regionalisering

Med omgrepet regionalisering meiner ein at dialektane mistar dei mest lokale målmerka sine, og forskjellen mellom talemåla innafor ein større region blir mindre. Eit talemåls lokale geografiske tilknyting blir altså lausare. Samstundes blir språktrekk som tradisjonelt høyrer heime i sentrumets dialekt spreidd utover i regionen. For Austlandet vil dette seie at standardane med utspring i Oslo er sentrumsvarietetane. På mange måtar er det eit *målskifte* på gang, frå lokalt mål, som grensk, til eit regionalmål, som sørøstnorsk bymål. Halvor Dalene skreiv for over 50 år sidan at «[d]e gamle bygdem. - og bym. - går i oppløsning. Alt samler seg i et slags sams sørøstnorsk bym., der Oslo-målet på mange måter danner forbilde [...]» (Dalene 1947:88). Unn Røyneland definerer regionalisering som ein «dynamisk prosess [...] som fører til inter-systemisk reduksjon av strukturell variasjon» (Røyneland 1999:100). Med andre ord blir talet på trekk som skil ein varietet frå ein annan redusert. Såleis blir regionalisering ein utjamnings- eller nivelleringsprosess der dei lokale dialektane blir likare kvarandre. Kvar av dei nye talemåla vil få større geografisk nedslagsområde, og ein kan tale om *regiolektar*. Eit dialektkontinuum vil såleis etterkvart få færre dialektar på «linja» si.

Regionalisering skjer to vegar: horisontalt og vertikalt. Ved regionalisering er det ofte slik at det er dei mest lokale trekka i ein dialekt som går ut av bruk, medan trekk som høyrer heime i varietetar som fleire folk pratar, som bymåla, held stand. Over tid vil ein slik prosess føre til at lokale dialektar går ut av bruk, til fordel for ein ofte meir sentral varietet ein kan kalle regiolekt, altså ein regional varietet. Denne prosessen skjer horisontalt, mellom talemål på same geografiske nivå, og kan kallast sentralisering. Standardisering er ein prosess som går føre seg vertikalt. Skilnaden er at ved denne prosessen legg språkbrukaren av seg trekk med lågare prestisje, og bruker heller dei med høgare. Å standardisere er å normere målet sitt mot regionens eller landets standardtalemål.

Peter Auer visualiserer regionaliseringssprosessen med trekantar (Auer 1996). Golvet i trekanten symboliserer dialektkontinuumet, og toppen standardvarieteten. Medan ein har mange dialektar, er det bare eitt standardtalemål. Ved standardisering er det reduksjon av vertikal variasjon, og ved regionalisering er det reduksjon av horisontal variasjon. Begge prosessane resulterer i færre varietetar og «kortare» dialektkontinuum. I trekanten vil golvet heve seg, nærmare toppen.



Urban jumping

Ei viktig skildring av kva som konkret skjer ved regionalisering er sprangmodellen «urban jumping». Modellen går ut på at språktrekk spreier seg i sprang «frå sentrum til sentrum før det siv ut til bygdene rundt sentrum» (Sandøy 2000:9). Desse sentra er då byar (derav namnet), og dei er ofte ordna hierarkisk. Spreiinga av trekka går frå dei store sentra til dei små. I Noreg ser ein for seg eit hierarki med Oslo på toppen, og dei store regionale byane som steget under, før ein når dei lokale byane. Byane på Austlandet ligg direkte under Oslo. Skien er ingen stor regional by, men er likevel neste steg under Oslo, før eventuell spreiing går utover til resten av Grenland og dei nærmaste områda i Telemark. Spreiinga av skarre-r er eit klart døme frå Vestlandet. Denne r-en har først vore innom byane før han spreier seg til omlandet. Samanfallet mellom /X/- og /Σ/-lyden har òg følgt urban jumping-modellen, sjølv om «det er uklårt korleis retninga har vore» (Sandøy 2000:9).

Språkkontakt

Diffusjon skjer på fleire nivå. På makronivå vil spreiinga skje frå eitt språksamfunn til eit anna.¹³ Går me ned på mikronivå, ser me korleis spreiinga faktisk skjer hjå språkbrukarane. Det er jo språkbrukarane som utgjer eit språksamfunn, så om heile samfunnet endrar språket sitt fylgjer det at enkeltindividet gjer det med.

¹³ William Labov definerer eit språksamfunn slik: «The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much of shared norms; these norms may be observed in overt types of evaluative behavior, and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage» (Labov 1972:120).

Akkommodasjon

Språkleg diffusjon på mikronivå skjer i samtalar, helst andlet til andlet. Teorien som Howard Giles har utarbeida om dette blir kalla akkommodasjonsteorien. Med akkommodasjon meiner Giles språkendring. Som oftast vil det å akkommodere seie å legge om målet sitt mot eit anna. Då bruker me merkelappen konvergens: «The term «*convergence*» has been coined to refer to the processes whereby individuals shift their speech styles to become more like that of those with whom they are interacting» (Giles 1979:46). Det er ulike årsaker til at ein vil konvergere. Den viktigaste grunnen er ynsket om samhandling og minimalisere kommunikasjonshinder. Ved å tillempa målbruken sin, gjev ein signal om samarbeidsvilje og å vere på lag med samtalepartnaren. Eit døme er om ein grenlendar treff på ein frå Oslo. For ikkje å skilje seg ut, kan grenlendaren rette seg sjølv, frå «Handlær du matvarane dine her, du å?» til «Handler du matvarene dine her, du å?» Her har grenlendaren endra dei vikværske endingslydane /æ/ og /a/ til /e/. Som ein kan tenke seg kan det vere andre intensjonar bak ei slik språkleg tillemping. Det kan vere eit snev av smisking, at ein medvite går inn for å snakke som den eller dei andre for ein trur ein blir betre likt av den grunnen. Ein vanleg årsak er prestisje. Om ein synest samtalepartnaren pratar eit gjævare mål, og kan hende kjenner seg dum med sitt eige, er det ikkje uvanleg å ta i bruk trekk frå den andres mål.

Det motsette av å konvergere er å divergere. Språkbrukaren akkommoderer vekk frå eit mål i staden for mot. Og for å fange opp rørsla i denne definisjonen, er det altså ikkje snakk om å ikkje endre målet sitt. Slik stillstand blir kalla non-konvergering. Ved divergering endrar ein målet sitt det bort frå samtalepartnaren sitt ved å forsterke skilnadene. Ved begge tilfella er det rimeleg å tru at talaren har vurdert kostnadene ved å konvergere til å vere høgare enn kva som er lønsamt, «*costs [...] such as the increased effort made to converge, a loss of perceived integrity and personal (and sometimes group) identity*» (Giles 1979:48). Når ein konvergerer legg ein av trekk ved sitt eige mål, og tar i bruk trekk frå samtalepartnaren sitt mål. Ein vurderer altså sitt eige som noko mindre enn samtalepartnaren sitt. I somme høve finn ein ikkje det rimeleg, særleg om ein er stolt av sitt eige og ikkje vil la seg nedvurdere, eller ynskjer å opponere mot samtalepartnaren. Då er non-konvergering eller til og med divergering aktuell strategi.

Vidare kan ein dele inn akkommadasjonen etter om det er noko som bare skjer under ein enkelt samtale, eller om det er eit meir varig fenomen som fører til permanent omlegging av målet. Det blir altså skilt mellom korttids- og langtidsakkommadasjon. Akkommadasjonen kan reknast å ha gitt varig endring i språkbruken «on the first occasion when a speaker employs a new feature in the *absence* of speakers of the variety originally containing this feature» (Trudgill 1986:41).

Media

Trudgill (1986) reknar med at akkommadasjon og diffusjon bare skjer gjennom samtalar. Det rekk ikkje å høyre nokon prate eit fremmendt talemål for å ta etter dei, ein må *prate med* dei. Difor avskriv Trudgill media som fjernsyn noko rolle i dialektspreiing. Likevel gjer han visse unnatak (1986:40): «[N]ew words and idioms, or fashionable pronunciations of individual words, may be *imitated* or *copied* from television or radio (rather than accommodated to).» Når born på Vestlandet «leiker på bokmål», det vil seie at dei pratar austlandsk med kvarandre når dei leiker, er dette òg bare herming. Og dette talemålet kan mange bare ha lært éin stad, nemleg i radioen eller fjernsynet. Rimelegvis er det slike erfaringar som får Sandøy å hevde at «[a]ll Norwegians have some passive knowledge of Bokmål» (1998:7). For i Noreg er det «munnleg bokmål», eller klassisk standard, i ulike variantar som rår, både i radio og fjernsyn. Eit slikt massivt trykk gjer sitt til at det ikkje bare er «individual words» som ein lærer seg, men faktisk heile dialekten. For borna som «leiker på bokmål» er det bare ei kortvarig veksling. Trudgill kan nok ha rett i at det trengst samtale til for at ein langtidsakkommoderer. Men om ikkje etermedia har innverknad på folks faste språkbruk, påverkar det truleg folks språkhaldning. Roy Johansen (1999) skriv om korleis skriftleg bokmål manifesterer seg som Noregs rådande skriftnorm ved den monumentale spreiinga av dette skriftspråket gjennom dei ulike media. Både innan skjønnlitteratur og faglitteratur, som i vekeblad, aviser og teikneseriar, er det bokmålet som hovudsakleg blir brukt. Ved å møte bokmålet i bruk så ofte, fester skriftnorma seg hjå ein, og «passive knowledge of Bokmål» er ein naturleg fylgle. Og det er nettopp gjennom slik «indoktrinering» at ein blir stø i eit språk. Slik at dei gongene ein sett seg ned for å skrive noko, så er det dei skriftnormene ein dagleg får inntrykk av ein gjerne tar i bruk sjølv. No er det stor skilnad mellom å ta i bruk skriftspråk og talespråk. Det er større krav til strenge normer i skriftleg tekst sidan skrifta oftast står aleine. Det me formidlar munnleg får støtte av mimikk, og det er mogleg for lyttaren å få oppklart eventuelle misforståingar med éin gong. Dessutan er tale langt oftare spontant produsert enn det skrift er,

så ein rekk ikkje å rette opp eventuelle feil før mottakaren har oppdaga dei. Resultatet er at me stadig får oppleve at talespråket inneheld feil, i motsetning til skriftspråket. Ei fylgje av det, er at mange vurderer skriftspråket til noko over talespråket. Skal ein prate så rett som mogleg, må ein difor ha skriftspråket som norm. Og det er her denne passive kunnskapen om skriftspråket bokmål kjem inn som normdannande for standardtalande, og har gjeve namn til det standardiserte talemålet «bokmål». Media verkar på denne måten indirekte som ein akkommadasjonsfaktor. Og særleg på grunn av at dei ulike media dekker så store geografiske område, kan media vere eit viktig hjelpemiddel i regionaliseringsprosessen.

Saliens

'Saliens' tyder merksemd. Eit salient språktrekk er eit trekk språkbrukarane legg merke til. Kor salient eit trekk er, viser kor merksame og medvetne me er dette trekket. I fylgje Auer (1998), var den russiske dialektologen Victor Schirmunski fyrst ute med å bruke omgrepet saliens for å forklare kvifor eit trekk blir tatt opp i eller går ut av ein varietet. Teorien går ut på at språkbrukarane vil ta stilling til om ein vil bruke eit trekk eller ikkje i mykje større grad om det er salient, enn om ein ikkje merker seg trekket. Auer (1988:163) skriv at

what is perceived by the speakers as 'salient' in one variety is taken over more easily and faster by the other than what is perceived as 'less salient', and that 'more salient' features of the assimilating variety may be given up more readily than 'less salient' ones.

Trudgill (1986:11) prøver å konkretisere kva ved trekka som gjer folk medvetne om dei. Han ser fire faktorar. Den fyrste er «forms which are overtly stigmatized in a particular community». Dette er ofte trekk som har ein parallel i det standardmålet, og som har eit lydbilde som avvik mykje frå leseuttalen, t.d. 'sykkærn'. Andre trekk det er høg grad av medvit rundt, er «forms that are currently involved in linguistic change». Eit døme er overgangen frå fremre til bakre /r/, ein prosess som går føre seg t.d. i Setesdalen. Den tredje faktoren er fonetisk variasjon. «[V]ariables whose variants are phonetically radically different,» men likevel ikkje minimale par, som t.d. /l/-en i 'klasse/kLasse', er folk observante på. Til slutt nemner Trudgill minimale par, altså «variables that are involved in the maintenance of phonological contrasts». Eit godt døme på det er samanfallet mellom /X/ og /Σ/ i framlyd.

We are thus able to argue that, during accommodation to speakers who are members of the same immediate speech community, speakers modify their pronunciation of linguistic variables that are markers within the community. This is because of the *salience* which attaches to markers and indeed turns variables into markers in the first place. This salience

is, in turn, due to factors such as those we have just outlined - to do with stigmatation, linguistic change, phonetic distance, and phonological contrast. (Trudgill 1986:11)

Saliens og endring

Sjølv om ein kan definere enkelte trekk som meir eller mindre saliente, er det ikkje «*a priori* clear why a feature [...] should be given up or adopted simply because it is salient» (Auer 1998:167). Trudgill (1986) skriv at ein ikkje kan vite på førehand kven som vil akkommadere, eller når ein som akkommaderer vil ta til eller noko om farta. Men dei som byrjar akkommader, fylgjer som regel den same ruta. Det vil seie at det er dei same trekka som blir akkommadert av ulike språkbrukarar, og at trekka blir akkommaderte i den same rekkefylgja. Likevel er det alltid somme trekk som ikkje blir akkommaderte. Det kan sjå ut til desse trekka blir oppfatta som for stereotype. Trekk kan altså vere så saliente at ein ikkje vil ta dei i bruk. Auer trekker den slutninga at «salience is only a necessary, but not a sufficient, condition for a linguistic feature to be affected in accommodation» (1988:167).

Saliente språktrekk i Grenland

Grenlands-målet er mykje likt anna austlandsmål. Som me har sett er det likevel ein del språktrekk som skil seg ut. Sidan eg granskar endring i dialekten, er det interessant å sjå om det er dei saliente trekka som er i endring. Eit særmerkt trekk for vikværsk generelt er /æ/-lydane i endingsmorfema, det har ikkje støtte i andre dialektar eller i skriftspråka. Innafor austlandsk skil /a/-endingane seg ut som eit trekk med støtte i andre dialektar og i nynorsk. At objektsforma i fleirtal blir uttrykt [vøʂ], er òg lite frekvent i norske dialektar, og det finn ikkje støtte i nokon av standardmåla. Elles er det i Grenlands-målet stor grad av elisjon av enkeltord og ord i rekkjefylge, som /ska:r←(:)ke/ (<skal du ikke>), noko som kan bli nemnt av grenlandsfolk som særleg grensk. Dybvik nemner opning som eit tydeleg grensk trekk ho ikkje finn i Larviks-målet (1994:31). Dybvik bruker /jå:dæ/ (<jada>) som døme, eg kan føye til /sælå:t/ (<salat>) for å vise eit ord med omvendt lengdeforhold på vokalane. Theil Endresen (1990:92) skriv at grensk med dette trekket «skiller seg ut fra annen vikværsk ved å ha en *kort* a-lyd som er påfallende «lys», nesten æ-aktig, mens den *lange* a-lyden er like mørk som» den å-aktige lyden ein òg får i Ytre Østfold.

Observasjon av lydendringar

William Labov har i boka *Principles of Linguistic Change* stilt spørsmålet om korleis det er mogleg å observere språklege endringar. Utvikling i det heile er noko som går føre seg over tid. Skal ein kunne finne ut av om talemål er i utvikling, må ein fylgjeleg samanlikne dialektbruken på ulike tidspunkt. Desse tidspunkta bør det vere rimeleg avstand i mellom. Språket er stadig i endring, men skal ein vere viss på å avdekke noko større utvikling, bør det vere rimeleg med tid mellom kvar gong ein undersøker. Labov har stilt opp to ulike metodar for å fange opp denne språkutviklinga, den eine kallar han «real time» og den andre «apparent time».

«Real time»

Det ideelle er å undersøke dialektbruk ved eitt tidspunkt, for så å vente nokre år før ein tar opp att undersøkinga. Steinsholt undersøkte dialektbruken på Hedrum, og samanlikna dette med korleis ein prata i nærmaste by, Larvik, i 1939. I 1968 kom han att, og gjorde oppatt undersøkinga. Denne undersøkinga er eit skuledøme på det Labov kallar «real time»-undersøking. Her har det reelt gått tid mellom kvar undersøking. Når ein skal til på andre runde, er det to måtar å gjere seg bruk av informantutvalet på. Anten oppsøker ein dei same informantane som ved fyrste undersøking, ein metode Labov kallar panelstudie. Eller ein bruker dei same metodane for informantutveljing, ein trendstudie. Skilnaden blir fylgjeleg at ved panelstudie så er det utvikling i eit årskull eller ein generasjon sin språkbruk ein granskar, medan ved trend er det endring i dialekten på staden ein avdekker.

«Apparent time»

Av praktiske årsaker er det likevel ikkje så enkelt å foreta ei undersøking over t.d. 30 år, slik Steinsholt gjorde det i Hedrum. Labov presenterer så teorien om «apparent time», noko ein kan omsette med tilsynelatande tid. Ved å undersøke språkbruken til folk med ulik alder på det same tidspunktet, t.d. ei gruppe 20-åringar og ei gruppe 50-åringar, blir det tilsynelatande 30 år med språkutvikling i materialet. Denne metoden er på grunn av tidsbruken mest brukt. Spørsmålet er om tilsynelatande tid er jamgoda med verkeleg tid. Eit problem er at talemålet til enkeltmenneske òg er i utvikling, noko Labov kallar «age-grading». Bruk av «real-time panel-study»-metoden, vil ein kunne avdekke eventuell age-grading. Det kan vere fleire årsaker til slik endring. Ved å fange inn språkbruken til ungdommar, er det mogleg ved å fylgje dette kullet å undersøke om novasjonar mellom ungdom er noko som held seg hjå dei

som er ungdommar, eller om språkbrukarane tar det med seg når dei etterkvart går inn i dei vaksnes rekker. Slike språksteg kan oppstå fleire gonger gjennom livet, t.d. påverka av yrkeskarriere og flytting. Variasjon ei «apparent time»-undersøking avdekker mellom ulike generasjonar, veit ein altså ikkje for sikkert om er synkroner eller diakroner generasjonsskilnader.

Min metode

Ei løysing om ein vil undersøke utvikling, men ikkje har tidlegare undersøkingar å samanlikne med, er å ta i bruk alternative språkprøver. Språkprøver kan vere ulike opptak, som radioprogram e.l. For min eigen del er det ikkje gjort tilsvarande undersøkingar for Skien eller Grenland. Men Halvard Dalene har med hovudfagsoppgåva si frå 1953 skrive ein dialektmonografi over områda vest for Skien og Porsgrunn bykjernar, i tillegg til ein artikkel om Grenlands-målet frå 1947. Leif K. Roksund gav ut ei bok i 1997, men skriv at han held seg til dialekten slik han var mellom 1917 og 1964. Desse arbeida vil ved å vise kva som ein gong har vore rekna som tradisjonelt Skiens-mål vere bakgrunnsmateriale for meg som eg tar utgangspunkt i. På dette viset får undersøkinga eit diakront perspektiv, og blir ei tilnærma «real time»-undersøking. I Den store dialektboka frå 1990 presenterer Rolv Theil Endresen det viktigste dialektområdet og Geirr Wiggen Oslo-målet. Dette materialet gjer det mogleg med eit synkront og variasjonistiske perspektiv, særleg for å fange opp den eventuelle regionaliseringssprosessen Grenlands-målet er i.

Forklaring av språkendring

Årsakene til språklege endringar plasserer ein gjerne anten i språket sjølv, internlingvistiske faktorar, eller ein ser på kva måte samfunnet kan ha, eksterlingvistiske faktorar, slik me kan sjå i Sandøy (1985).

Sandøy (1985) vektlegg at resultatet av språkendringar ofte er at språksystemet blir mindre innfløkt og meir oversiktleg. Årsaka til endringa er plassert i språket sjølv, ved at det er naturleg disponert for endringar. Sidan kvar nye generasjon språkbrukarar må lære seg språket frå botnen av, vil systemet kontinuerlig bli prøvd ut og freista rasjonalisert. Internlingvistiske faktorar Sandøy nemner er m.a. analogi, forenkling og naturlegheit.

Særleg har Brit Mæhlum vore kritisk til å forklare dei språklege endringane med internlingvistiske faktorar (jf. Mæhlum 1999). For om språksystemet sjølv står for endringane, er det rart at endringane ikkje starta tidlegare, og i alle målføra samstundes. Og om språket stadig er i ein forenklingsprosess, må språket ein gong ha vore uhyre innfløkt, og ende opp svært enkelt. Det viktigaste ankepunktet synest eg likevel er den logiske bresten. Ei logisk form krev at explanans blir henta frå eit anna område enn explanandum. Difor er det viktig at eksternlingvistiske faktorar blir trekt inn om ein skal freiste å forklare dei språklege endringane. Eksternlingvistiske faktorar er sider ved rundt språksituasjonen som kan verke inn på språkbruken. Viktige faktorar er t.d. dei sosiale variablane eg sjølv vil bruke i denne oppgåva, som kjønn, sosioøkonomisk klasse og språkhaldningar.

Desse eksterne eller interne faktorane står ikkje aleine. Ytre påverknad i seg sjølv påverkar ikkje språket på kva måte som helst. Språket har eit endringspotensial, nemleg dei indre faktorane. Desse kan bli utløyst når dei rette eksternlingvistiske årsakene verkar på dei. Eksterne og interne lingvistiske faktorar er såleis ikkje dikotomiar. Mæhlum (1999) ordnar tilhøvet mellom dei to tilnærningsmåtane med å rekne dei interne som skildringar av språklege endringar, og dei eksterne som freistingar på å forklare årsakene til endringane.

Kvantitativ og kvalitativ metode

Som det ligg i orda, viser desse omgrepa til ulike metodar. Medan kvantitativ fokuserer på mengda og omfanget av noko, dreier det kvalitative seg om verdi og innhald. Omgrepa er ofte framstilte som ein dikotomi, men har heller eit kontinuerande forhold, og det kan i praksis vere vanskeleg å sette eit skilje mellom dei. Men det er gjerne ved dikotomisering ein klarare får fortalt kva for mening som ligg i omgrepa.

Kvantitativ metode har sin naturlege plass innan positivistisk forsking, der mengde og statistikk skal gje grunnlag til å seie noko generelt. Eit mål er representativitet, sidan ein ynskjer å dedusere. Då er det viktig med eit representativt utval av informantar, så slutningane blir gyldig for størst mogleg del av universet. Motsett høyrer kvalitativ metode innunder hermeneutikken. Kvalitativ metode går meir i djupna, og koncentrerer seg om færre informantar. Her er det enkelttilfella som står i fokus. Informantane er ikkje meint å skulle representer andre enn seg sjølve. Ved induksjon kan det å forstå enkelttilfella hjelpe til med å forstå mengda.

Med Karlgård (1997:58) kan ein seie at ein «kvalitativ informant» blir oppfatta som eit subjekt. Intervjuaren oppsøker informanten med eit ope sinn for det denne har å komme med, og er villig til å endre synspunkt. Intervjuaren har ikkje alle svara, han eller ho er klar over at informantane truleg har ulike, og uventa, oppfatningar om temaet. Informanten blir rekna med på ein annan måte enn ved eit kvantitativt intervju. Den «kvantitative informanten» blir heller sett på som eit objekt. Intervjuaren møter informanten med ferdig oppstilte svaralternativ som informanten må plassere seg innafør. Dette vitnar om at intervjuaren har sine førestellingar som informanten må føye seg etter. Det er ingen samhandling som ved eit kvalitativt intervju. Ved begge intervjuformene er intervjuaren ein manipulator som skapar røyndommen. Intervjuaren avgjer situasjonen intervjuet går føre seg i, kven som skal intervjue og intervjuast, og kva det skal intervjuast om. Sjølv om ein ved kvalitative intervju freistar å nærme seg ein naturleg samtalsituasjon, vil ein aldri komme bort frå at det faktisk er eit intervju, som det er intervjuaren som set i gang.

Med i overkant av 100 informantar er det grenser for kor mykje informasjon eg kan handsame frå kvar av dei. Det er naudsynt for meg å gjere innsamlinga av materialet så enkel at det er greitt for meg å arbeide med det i ettertid. For enklare å nå mange informantar, og å samle inn informasjon frå eit breitt felt, bruker eg kvantitativ innsamlingsmetode. Svakheita er at svara til informantane er grunne, og informantane må velje mellomsvaralternativ som kan hende ikkje passar så godt som ynskjeleg. Intra-individuell variasjon kjem såleis vanskeleg fram, eit punkt m.a. kvalitativt intervju vil vere betre på.

Med skjemaet mitt nådde eg over 100 informantar, og fekk svar på spørsmål innan språkbruk og språkkjensle og ein del personlege opplysningar. I løpet av ein skuletime hadde ein heil klasse blitt «intervjeta». Dei munnlege intervjeta varte òg ein skuletime, men då bare med to informantar om gongen. Slik fekk kvar informant betre tid til å dvele meir ved dei ulike spørsmåla. Eg hadde bare fire hovudspørsmål, men hadde notert ned fleire underspørsmål, som kunne vere til hjelp om samtalen gjekk i stå.¹⁴ Samtalen¹⁵ dreidde seg først om dei sjølve og skulen, før eg ville snakke om forholdet deira til heimstaden og Grenlands-målet. Samtalane tok eg opp på band, såleis fekk eg òg samla inn språkprøver.

¹⁴ Samtalegaiden bør vere udetaljert og ha få og store spørsmålsområder. Trost 1993:26 i Karlgård 1997:55

¹⁵ Eg veksler mellom omgrepsspara 'samtal' og 'samtalegaid', og '(kvalitativt) intervju og intervjugaid' for å understreke den frie forma på det munnlege intervjetet.

For å kunne samanlikne og telle opp svar, må opplysningane anten ha blitt samla inn kvantitativt, eller kvalitative opplysningar må kvantifiserast. Sidan eg brukte bandopptakar under dei munnlege intervjuia, var det t.d. mogleg å telle opp frekvensen av ulike språktrekk. Eit problem ved kvantifisering av kvalitative opplysningar, er at det blir fort mykje større spreiing ved ein variabel, og variabelen kan òg vere ulikt oppfatta, og kan såleis gjere det svært vanskeleg å dele inn informantane etter svara deira. Eg har fokuset på den kvantitative sida ved oppgåva mi, og supplerer med funn frå den kvalitative innsamlinga der det er av særleg interesse.

Informantutvalet

Eg nemnte at nesten 100 000 menneske bur i Grenland. Av desse er om lag 4750 ungdom i alderen 16-19 år i dag. Halvparten av ungdommane er busette i Skien, under ein tredjedel i Porsgrunn, 17 prosent i Bamble, og tre små prosent i Siljan. Det er openbart at Skiens-ungdommen dominerer, og at byen Skien må prege Grenland som regionens sentrum. For å finne den «moderne» Skiens-dialekten, har eg plukka ut til saman 108 informantar frå denne aldersgruppa til undersøkinga mi. Sidan eg primært var på utkikk etter skienmål-talande, oppsøkte eg tre vidaregåande skuler i Skien kommune. Likevel er det ikkje bare Skiens-folk som er representerte. Ni av informantane er busette i øvre delar av Telemark, og pendlar til skulen, medan 99 er grenlendarar. Av desse 99 bur 63 i Skien, 28 i Porsgrunn, og åtte informantar fordeler seg jamt mellom Bamble og Siljan. Forholda i min populasjon tilsvavar ikkje fullt ut forholda i universet, men eg meiner likevel det speglar rimeleg godt. Skien er overrepresentert med 15 prosentpoeng, og Bamble er underrepresentert med 13 prosentpoeng. Informantgruppa mi representerer såleis heile Grenland, og viser den sterke stillingen Porsgrunn og særleg Skien har. Undersøkinga mi er difor ikkje avgrensa til bare Skiens-målet, men gjev òg eit uttrykk for målet i Grenland som heilskap. Dei andre telemarkingane i undersøkinga kunne ein sjå på som ei «feilkjelde», sidan telemåla skil seg til dels sterkt frå grensk. Men i og med at det alltid vil vere noko tilflytting av telemarkingar til Grenland, vil telemålstalarar stadig vere med i danninga av Grenlands-målet. Å vere eit grensemål mot midaustlandsken er ei viktig side av det grenske målet. Eg vil difor gjere meg nytte av alle 108 informantane gjennom neste heile undersøkinga.

Skien er heller ikkje bare by, informantane mine er busette spreidd rundt i kommunen. Ein femtedel av Skiens-informantane bur i den nyaste og folketettaste bydelen Gulset, eit

bustadstrøk kor ein finn mange innflyttarar. Dinest er to tidelar jamt fordelt mellom den gamle og sentrumsnære bydelen Kleiva, og den nyare og noko perifere bydelen Åfoss/Skotfoss. Resten fordeler seg nokså jamt og tynt utover frå sentrum til jordbruksområde, frå gamle til nye og meir perifere bydelar.

Ungdom

Informantane mine er ungdom rundt 19 år. Eg har valt informantar i denne alderen av to grunnar. For det fyrste er dei representantar for korleis ungdom pratar i Skien i dag og det som truleg i ei tid framover vil bli oppfatta som Skiens-mål. Kvar generasjon av vaksne opplever at den oppveksande generasjon pratar annleis. Dette er uttrykk for mellom anna at språket aldri står i ro, men er i stadig utvikling. Ei viktig årsak er at overleveringa frå generasjon til generasjon er ufullstendig (Pinker 2000). Foreldre klarer ikkje å lære barna sine heilt det same språket dei sjølv nyttar. Barna tek ikkje i bruk ein blåkopi, dei må sjølve lære å ta språket i bruk. Denne læringsprosessen er ein sårbar prosess for språksystemet.

Vidare viser undersøkingar at ungdommar ofte danner sin eigen sjargong, sikkert i kvar generasjon. Grunnane kan vere mange, men det er nok viktig å avgrense seg frå og opponere mot dei vaksne. Framleis er det litt usikkert om dette er noko som dei unge legg av seg når dei trer inn i dei vaksnes rekker, eller om dei tar med seg «ungdomsspråket». Målet for prosjektet Ungdomsspråk i Norden (UNO) er å finne fram til på kva måte ungdommene skil seg fra vaksne med språkbruken. Skilnadene er på fleire nivå, både «leksikalsk, fonologisk, morfologisk, syntaktisk og når det gjelder samtalestil»¹⁶. Særleg viktig poeng er det at

[u]ngdommer ser ut til å være mer åpne for språklige nydannelser enn voksne, og en del av de mange novasjoner som vi finner i talespråket - slangord, nye former, uttaleforandringer, resultater av ulike grammatikaliseringss prosesser osv - har vist seg å vinne innpass i allmennspråket nettopp via ungdomsspråk (s.s.).

I denne prosessen ungdommene er i, blir det danna ein språkbruk som er verd å dokumentere. Det er særleg interessant i og med at ein er usikker på kor mykje av det såkalla ungdomsspråket som overlever ungdomstida, eller om neste generasjons ungdommar held fram å bruke dei nye trekka. UNO ser ungdomsspråket som noko som breier om seg til allmenn språkbruk, og hevdar at «[s]studier av ungdomsspråk vil således kunne gi en pekepinn om hvordan de nordiske språk er i ferd med å utvikle seg» (s.s.). Dei får støtte av Papazian, som meiner at «den enkelte [ungdom] i liten grad legger om språket sitt i voksen alder,» og at

¹⁶ <http://www.uib.no/uno/info>

vi såleis kan «regne med at slik språket er blant ungdommen i dag, slik vil språket bli blant den voksne delen av befolkninga i et par generasjoner framover» (Papazian 1987:11).

Ein annan grunn til at eg oppsøkte 19-åringar, var at eg ynskte informantar som snart var ferdige med skulegangen sin i Grenland, og som anten skulle i arbeid eller i gang med vidare studie. Dei skulle altså vere klare for eit steg som kan innebere relativt store miljøendringar, endringar som òg kan gjere det aktuelt å få prøvd ut dei meir eller mindre medvetne språklege strategiane deira. Dei har til no vore i lag med jamaldrande frå same staden kvar dag. Snart vil dei komme i andre miljø, og jobbe eller studere i lag med folk som er eldre enn dei og som er frå andre stader. Språktanhøva vil altså endre seg. Eit spørsmål er om dei har tenkt over dette. Kan hende denne overgangsfasen gjer ungdommane meir språklege medvetne. Som Oslo-student erfarer eg ofte at utflytta Skiens-ungdom justerer talemålet sitt mot klassisk standard. Det er eit interessant spørsmål om det først er når ein er i situasjonen at akkommodering blir aktuelt, eller er ein innstilt på å akkommodere på førehand.

Korleis finne dei 108

Det er 108 informantar som deltok i undersøkinga mi. Alle fylte ut skjemaa, og åtte av dei var med på samtalane. Dei var alle elevar ved vidaregåande skuler i Skien. Litt over halvparten gjekk siste året yrkesfagleg studieretning ved Klosterskogen og Skogmo vidaregåande skular, medan dei andre gjekk siste året på allmennfag, ved Skien vidaregåande skule. Ved å oppsøke både allmennfaglege og yrkesfaglege klassar og å syte for mest mogleg lik fordeling av jenter og gutter, ynskjer eg å danne grunnlag for å kunne påvise eventuell sosial variasjon.

Eg har ikkje freista å gjere noko tilfeldig utval. Faktisk har eg medvite leita etter informantane mine. Men i og med det såpass høge talet på informantar, fordelinga av informantane mellom Grenlands-kommunane, og at dei aller fleste ungdom i dag tar vidaregåande utdanning, meiner eg at utvalet mitt er rimeleg representativt. Såleis synest eg det ikkje er noko problem at eg ikkje har følgt metodane for å få eit heilt tilfeldig og representativt utval, og vil hevde at undersøkinga mi kan gje peikepinn på talemållssituasjonen mellom unge i Grenland utover dei 108 ungdommane eg undersøker. Eg har i alle tilfelle ikkje oppsøkt særskilte enkeltpersonar, bare grupper.

Korleis finne dei 8

Ved det munnlege intervjuet, eller samtalen, måtte eg av praktiske omsyn skjere kraftig ned på informanttalet. Og sidan siktemålet var kvalitativt ville det vere nok med nokre få informantar, eg nøgde meg med åtte. For å unngå den reine intervjuforma, der eg taler med éin informant om gongen, ville eg tale med dei parvis, så det enklare kunne bli ein samtal med litt flyt. Para plukka eg ut frå same klasse, slik at dei ville kjenne einannan, det skulle òg vere med på å løyse opp stemninga. Idealet mitt var å ha lik fordeling mellom kjønna og studieretningane. Sidan dei yrkesfaglege klassane er såpass kjønnsdelte, ville eg at alle para skulle bestå av same kjønn. Men i den eine allmennfaglege klassen gjekk ikkje det, så eitt par blei blanda. Såleis enda eg opp med fire par, med tre jenter og fem gutter.

Fleire skuleklassar

Ulike klassar utviklar ulike klassemiljø. I løpet av tre år kan det språklege og sosiale klimaet i ein klasse vere med på å forme dei enkelte elevane sin språkbruk, både aleine av at dei er i lag over lang tid, og av at dei knyt band seg i mellom. For å sikre meg variasjon mellom informantane ved dei ulike skuletypane, valde eg på allmennfag å hente informantar i to ulike klassar. I kvar av desse klassane var det over 20 elevar. Sidan elevtalet er det halve ved yrkesfaglege skular, måtte eg finne fleire tilgjengelege klassar der òg.

Sjølvrapportering

Resultatet av innsamlinga mi er eit stort tilfang av språkleg materiale, eit materiale som greitt viser kva informantane har oppgjeve som sin språkbruk. Desse opptaka og avkryssingane dannar basis for min vidare analyse. Såleis har eg stor tillit til at språkmaterialet eg har samla inn representerer den faktiske språkbruken til informantane. Eit grunnleggande spørsmål for meg er då reliabiliteten til materialet. For eg kan ikkje vere viss på at disse 18 år gamle ikkje-lingvistane er så medvetne på sin egen språkbruk at dei kan gje sannferdige svar. Heller ikkje kan eg vere sikker på at samtalene eg tok opp på band viser korleis disse ungdommane pratar til vanleg når dei ikkje er i opptakssituasjon. Ungdommane kan vere så medvetne sitt eige talemål at dei kan manipulere svara og talemålet sitt, om dei ynskjer det.

Både Labov og Trudgill meiner sjølvrapportering, som ved avkryssing på skjema, er problematisk. Labov (1972) framhevar at folk flest vil hevde at dei pratar meir normert enn dei faktisk gjer, sidan standardvarieteten nyt større prestisje. Trudgill (1972) har treft

informantar som fortel at sjølv om dei helst seier dei gjerne vil prate normert, så ynskjer dei inst inne å prate meir dialektalt. For standardvarieteten oppfattar dei som snobbete, og synest det ville vere svik mot si eiga samfunnsgruppe å legge seg mot normert tale.

Løysinga ser da ut til å vere å kontrollere rapportert språkbruk med munnleg intervju, som nettopp er ein av grunnene til at eg nytta meg av begge metodane. I hovudfagsoppgåva si, sjekkar Mette Dybvik korleis informantane hennar har kryssa av, mot korleis dei pratar på band: «I min undersøkelse fant jeg ingen betydelige avvik mellom rapportert tale og faktisk tale» (Dybvik 1994:73). Likevel hevdar somme tvert i mot at slik innsamling av språkleg materiale ikkje er problemfri. Det er viktig å presisere at det i intervjustituasjon ikkje er snakk om «faktisk» tale, sidan ein er i opptakssituasjon. Bengt Nordberg (1984) trekk inn forskjellen mellom uformell og formell samtalsituasjon. I formelle situasjonar er me meir konsentrerte om korleis vi ordlegger oss, mens vi slappar av i uformelle situasjonar. I tråd med dette kan eg vise til erfaringar danske Karen Margrethe Pedersen (1991)¹⁷ har gjort. Ho har òg sett på tilhøvet mellom skriftleg rapportert språkbruk og språkbruk i fri samtale under opptak. I sine undersøkingar har ho oppdaga tilfelle av därleg samsvar. Fleire av informantane har rapportert større bruk av lokale trekk enn opptaka viser. Pedersen meiner årsaka kan vere at intervjustituasjonen er så stressande at han verkar inn på språkbruken, slik at informantane standardiserer talemålet sitt. Informantane har altså rapportert rett, men dei bruker meir dialekt når dei ikkje er i opptakssituasjon. Eg vil tilføye at det kan vere truleg at ein slik situasjon òg kan verke andre vegen, at språkbruken blir enda meir dialektal. Det kan ha å gjere med kva for varietet informanten kjenner seg mest trygg i.

Teorien er at vår faktiske og naturlege språkbruk først kjem fram når vi er trygge og ikkje stressa. Ein intervjustituasjon med mikrofon og ein fremmend dialektforskar blir heilt sikkert opplevd unaturleg for mange informantar. Det er i samanheng med dette at Labov formulerte sitt berømte «observer's paradox», nemleg at språkforskaren ynskjer å undersøke korleis folk pratar når dei ikkje blir undersøkt. Om ein kan få til ein nokså avslappa situasjon under opptak, eller ved at informantane lèt seg rive med i samtalen og gløymer mikrofonen, vil ein gjerne tru at talemålet nærmar seg det naturlege. Labov (1972) tipsar sjølv om at tema som «då eg var i livsfare» gjer dei forteljande så oppslukte at dei ikkje tenker på korleis dei uttalar orda.

¹⁷ I Skramstad (1999:101)

Skjult mikrofon er openbart ei løysing, men blir sett på som uetisk. Og i grenseland blir det vel å oppgje at undersøkinga dreier seg om noko anna enn språkbruken. Eitt anna forslag Labov (1972) kjem med, er å spille inn ein samtale med fleire informantar til stades. Det kan hjelpe til å løyse opp stemninga under intervjustituasjonen. Dette rådet har eg sjølv følgt. Erfaringa mi er at det også er viktig at informantane som blir intervjuata i lag er kjente for kvarandre, og at samtalen til dels får gå fritt. Da er det lettare for at ein gløymer kva for situasjon ein er oppi og slappar av.

Me kan prøve ulike metodar for å lure oss inn på informantane våre sin eigentlege språk bruk, men me kan aldri vere sikre på at dei ikkje klarer å lure oss. Difor trur eg det er lurt å nærme seg informantane og finne ut av kva for språkforståing dei har og kva for forhold dei har til språket, og at dette kan kaste lys over språkbruken deira. Ein kvalitativ metode kan hjelpe til med å komme nærmare informanten, og slik finne meir ut om strategiane som ligg bak språkbruken.

Leklingvistikk

I Folk linguistics (2000) tar Nancy A. Niedzielski og Dennis Preston opp spørsmålet om det som kan omsettest med folkeleg lingvistikk, folkelingvistikk eller rett og slett leklingvistikk. Lek-lingvistikk står i motsetning til fag-lingvistikken. Interessa for leklingvistikk blir grunngjeve ved å vise til etnografien. Etnografi er studiet av folket og kulturen, og det er nettopp her språket høyrer heime. Niedzielski og Preston ynskjer å framheve kor viktig det er å sette språkvitskapen inn i ein kulturell samanheng, og ikkje isolere språket frå sin naturlege kontekst. Resultatet kan bli fremmendgjort forsking, og me står i fare for å få forsking for forskingas skyld. Vidare trekk Niedzielski og Preston inn populærvitenskapen. Forskinga bør kunne tene til folkeopplysning. Den kunnskapen som blir avdekt må komme dei vanlege språkbrukarane til gode. Resultata må få ein allmenn nytteverdi, og ikkje bare bli allmenne sanningar for lingvistane og andre spesielt interesserte. Også difor er det viktig med tette band til ikkje-lingvistar og den allmenne kulturen, om ein skal vite kva det er mangel på kunnskap om eller fordommar om, og kva som opptar vanlege språkbrukarar, kva som kan opplevast som lingvistiske problem. Ikkje-lingvistar kan såleis vere ein ressurs for lingvistane. Gjennom utdanning og studiar lærer me oss visse sanningar, og tileignar oss ein fagspesifikk måte å nærme oss lingvistiske problemstillingar på. Kan hende vi kan lære noko nytt eller bli mint

om noe, ved å sjå språket som del av kulturen og ved å vere opne for kva det er som rører seg i leklingvistikken.

Det er helst ved kvalitative forskingsmetodar ein nærmar seg leklingvistikken. Det er i slike intervjuasjonar språkforskaren audmjukt vender seg til lekfolk, informantane. Haldninga er meir open enn ved kvantitative metodar, som har klare hypotesar som skal testast. Likevel kan desse hypotesane dreie seg om kunnskap lekfolk sit inne med om lingvistikk på ulike område.

Problemstilling

Siktemålet mitt med denne hovudfagsoppgåva er å avdekke språkleg utvikling, både utvikling som har vore og utvikling som er i gang. Ut i frå kjente sosiolingvistiske teoriar, plasserer oppgåva seg innunder TEIN-prosjektet på fleire måtar. Med kvantitative innsamlings- og handsamingsmetodar, freistar eg med korrelasjonsanalyse å nærme meg språkbruksituasjonen i Grenland.

Det er gjort lite forsking på Grenlands-målet, og eg ynskjer å oppdatere kunnskapen om det. Førre studie blei gjort for om lag 50 år sidan. Denne studien vil danne utgangspunktet for å sjå kva for utvikling som har skjedd.

Sidan det ikkje er gjort nokre liknande undersøkingar om talemåla i Grenland, der ein har freista avdekke variasjon, blir det òg ei viktig oppgåve for meg å samle inn språkprøver. Det vil eg gjere med utgangspunkt i språktrekk som rimelegvis vil representere ulik språkbruk. Som ein mindre region på Austlandet, er det openbart at Oslo opptrer som kjernen i den regionen Grenland er ein meir perifer del av. Med eit breitt utval informantar, ynskjer eg å få eit grunnlag for sosiolingvistisk granskning. Aktuelle spørsmål er i kor stor grad Oslo og Oslo-mål verkar inn på unge menneske i Grenland, korleis dei grensktalande stiller seg til språkendringane, og om det er nokon sosial variasjon i endringane. Slik ynskjer eg å finne ut av utviklinga Grenlands-målet er opp i i dag.

Hypotesar om spreiling

Mi hovudhypotese er at i Grenland, som på Austlandet elles, er regionaliseringss prosessen godt i gang. Det vil seie at dei mest lokale trekka er på veg ut, og at språkbrukarane bruker meir geografisk nøytrale trekk. I særleg grad vil det seie at /æ/- og /a/-endingar blir bytt ut med /e/-endingar. Likevel trur eg ikkje at det er det mest «fine» målet (klassisk standard) som det blir akkommodert mot, men søraustnorsk bymål, jamvel om klassisk standard framleis vil fungere stilistisk som «høgmål». Denne «avdialektiseringa» trur eg fylgjer ei bestemt rute, dvs. at dei ulike språkbrukarane kuttar ut å bruke sei same trekka i same rekkefylgle (jf. Trudgill 1986). Språkbrukarane vil velje ulike språklege strategiar etter sosiale preferansar, slik som eg vili presentere dei i del II.

Del I. Dialektologisk del

I denne delen av oppgåva er det språktrekka og dialekten som er i fokus, og ikkje språkbrukarane og den eventuelle variasjonen mellom dei. Perspektivet er diakront. Eg er ute etter den faktiske bruk av dialekten, korleis det grenske målet ser ut blant dei unge i dag, for å sjå utviklinga av det på bakgrunn av tidlegare presentasjonar av dialekten.

Dei språklege variablane

Labov (1976:8) stiller tre krav til ein lingvistisk variabel:

First, we want an item that is frequent, which occurs so often in the course of undirected natural conversation that its behavior can be charted from unstructured contexts and brief interviews. Secondly, it should be structural: the more the item is integrated into a larger system of functioning units, the greater will be the intrinsic linguistic interest of our study. Third, the distribution of the feature should be highly stratified: that is, our preliminary explorations should suggest an asymmetric distribution over a wide range of age levels or other ordered strata of society.

Eg har valt ut 20 variablar til å illustrere språkbruken på ulike nivå hjå informantgruppa. Desse språklege variablane har alle to variantar, der den eine varianten kan karakteriserast som lokal og den andre regional, eller meir sentral. Dei lokale variantane representerer viktige språktrekk i vikværsk og grensk. To av dei høyrer heime bare i grensk, elleve som grensk har i lag med vikværsk, og sju som er felles for dei søraustnorske bymåla. Eg fann få trekk som er så lokale at dei blir brukt bare i Grenland. Men adjektivet 'snål' i ei positiv tyding har eg ikkje

møtt andre stader. Truleg har det vore i bruk i Vestfold òg, men i dag er det ikkje vanleg utafor Telemark. Samanfallet mellom 'mellom' og 'gjennom' er òg eit trekk som ein kan høre i vestvikværsk, og 'vårs' for 'oss' i tillegg blir brukt i Mosse-distriktet. Av trekka som stort sett er allment vikværsk, og er adjektiva, eitt av pronomena, hankjønnsorda og dei fleste verbformene, representert ved orda 'billiære, roliaste, hennærer, gjester, timær, ungane, dørane, fiksær, kjøras og rasans'. Desse grammatiske formene har grensk til felles med vikværsk. Dei er veldig frekvente, og difor blir trekka veldig openbare for vikværsktalande. Orda 'å, hælja, blei, såvi, mårra, oppgava og sjæl' representerer søraustnorsk bymål, sjølv om dei kan høyrast veldig dialektale og lokale ut.

Variantane som skal representerer ein meir sentral eller overregional språkbruk, er henta frå klassisk standard og søraustnorsk bymål. Som eg på side 14 var inne på, er det standardvarietetene, med sitt utgangspunkt i Oslo, som lokale mål som grensk har som motsetning og som endemål i regionaliseringsprosessen. Austlendingar kan normere målet sitt mot begge standardvarietetane.

Den sentrale og den lokale varianten er ved fleire av variablane dei einaste moglege variantane. Likevel er det nokre unnatak, der variablane har minst éin mellomvariant. Variabelen 'sjæl/sell' har mellomvarianten 'sjøl'. I staden for 'hennærer' eller 'hennes', er 'henners' eit mykje brukt trekk på Austlandet. Det same er 'rasane' eller 'rasanes' i staden for 'rasans' eller 'rasene'. I mellom 'hælja' og 'helgen', ligg varianten 'helga'. Ein treng ikkje uttale /r/-en i 'kjøras' eller 'kjøres', men la vokale vere stavingsberande: /XøLøΣ/. Og dei to adjektiva kan seiast utan å ha med vokalen som bind endinga til stammen, ein kan seie 'roligste' og 'billire' i staden for 'roliaste/rolieste' og 'billiære/billiere'. Ved alle variablane førté eg opp den mest lokale og den mest sentrale varianten for å få med spennet mellom ytterpunktta. Sidan det var mogleg for informantane å sjølv føre opp ein alternativ variant, rekna eg med at dei ville skrive t.d. 'sjøl' på eige initiativ. Typisk for desse mellomvariantane, er at dei kan reknast som del av søraustnorsk bymål.

Desse 20 variablane kan delast inn i fire grupper, ettersom variasjonen eg ser på ligg i morfologien, det leksikalske, fonologien eller semantikken. Dei leksema eg har valt ut i gruppene morfologi og fonologi, skal representerere heile si grammatiske gruppe. Eg reknar såleis med at om ein informant kryssar av for at han eller ho plar seie 'rasans', kan eg gå ut frå

at denne informanten vil seie 'gåans', 'kjørans' og 'lesans' òg. Dette kan eg sjølvsagt ikkje vite for sikkert, men for å unngå ei omfattande undersøking av eit enkelt trekk, vel eg å trekke ei slik induktiv slutning.

I den **morfologiske** gruppa er endingsmorfema i fokus, og eg er ute etter om dei tradisjonelle vokalane i morfema stadig er i bruk. Ordformene eg brukte som døme er: fiksær, timær, gjester, billiære, hennær, ungane, dørane, roliaste, rasans, kjøras, såvi og oppgava. Slik skulle eg ha dekt det meste av substantiv-, verb- og adjektivbøyninga, der den saliente /æ/- og /a/-lyden blir brukt. Sidan orda i denne gruppa viser til generell bruk av trekk i desse grammatisk kategoriane, samstundes som at orda er spesifikt vikværsk, finn eg denne variabelgruppa særskilt interessant. Informantane vil med markeringane sine vise tydeleg korleis det truleg står til med det vikværsk språksystemet.

Det mest iøyrefallande ved grensk er den typiske /æ/-en, som er ein delvis redusert /a/. Lyden opptrer i trykksvak posisjon der ein /r/ fylgjer etter, som ein kan sjå av døma ovafor (Theil Endresen 1990:92). Etter skriftnormene vil variablane ha <a> i nynorsk og i bokmål <e>. Om informantane knyter skriftnormene til talespråket, trur eg dei i mange høve vil velje bokmålsvarianten. Det personlege pronomenet av hokjønn i eintal objektsform, 'hennær', lyder 'henner' elles i vikværsk og midaustlandsk (Wiggen 1990:184). I hovudoppgåva til Mette Dybvik over Larviks-målet, er eigedomspromomenet 'hennær' oppført med /e/ i endinga. (Dybvik 1994:57). Som representant for komparativ av adjektiv, valde eg 'billiære'. Kan hende dette leksemet ikkje er det beste dømet, då det er tostava i utgangspunktet. Det blir tungt med tostava ending, og ordet kan fort bli realisert som 'bill'ire'. Eit einstava ord som 'fin' vil ganske sikkert bli realisert som 'finære' i komparativ, om språkbrukaren generelt har delvis redusert vokal i endingane sine.

Den andre typiske vokalen i grenlandsendingar, er /a/. Theil Endresen skriv at om det ikkje fylgjer ein /r/ etter, vil /æ/ gå til /a/ i trykklede stillingar (Theil Endresen 1990:92). Det kan ein òg sjå av døma mine ovafor. Tidlegare kunne ein høyre /uNæne/, men no er /uNane/ den tradisjonelle forma. Somtid kan ein høyre midaustlandsk-endinga, der bare vokalen er att av endinga, som t.d. 'unga'. Heller enn at dette trekket har komme inn i grensk, meiner eg det er ein særsmåte å uttrykke noko på. Å seie t.d. 'gutta' signaliserer at ein snakkar om

kameratflokk, og ikkje 'guttane' generelt.¹⁸ Som alternativ til det grenske endingsmorfemet har eg i staden for den midaustlandske ført opp eit morfem med vokalen /e/. Det gjer eg fordi eg trur at denne midaustlandske endinga framleis ikkje er særleg frekvent i Grenland. Eg har større tru på at om ein i Grenland legg av seg dei grenske trekka, vil ein legge talemålet sitt mot klassisk standard-varianten. Ein vil altså heller seie 'ungene' enn 'unga'. Presens partisipp skal i fylgje Roksund (1997) ende på -ane eller -anes i Skiens-mål. Wiggen (1990:183) skriv at i Oslo er endinga -ene den forma som er mest i bruk no, men at ein tidlegare skilte mellom -anes i jamvektsverb og elles brukte -enes. Skjemaet mitt fangar ikkje opp så nyansert variasjon, informantane fekk velje mellom den tradisjonelle forma -anes og den nyare, meir sentrale, forma -ene.

Desse grenske endingane med vokalen /a/, som òg er i adjektiv superlativ og passivforma av verb, peikar tydeleg mot nynorsk skriftspråk. Den samanhengen kan nok vere med på å gjere desse variantane mindre attraktive for ein del språkbrukarar, særleg om ein er litt medviten språket og knyter nynorsk til noko som er «bondsk».

Endingsvokalen i varianten 'oppgava' er òg /a/, men denne endinga får alle hokjønnsord i bunden form innafor sørøstnorsk bymål. Ho er altså ikkje noko særmerke for grensk eller vikværsk. Trass i at ordet er hokjønn, har eg lagt merke til at det kan bli bøygt som hankjønn i bunden form eintal òg av språkbrukarar som gjennomfører hokjønnsbøyning generelt. På det grunnlaget vel eg å rekne med at om ein informant oppgjev å bruke den lokale varianten eg har ført opp, så impliserer det at informanten generelt bruker /a/-ending i dei aller fleste hokjønnsord. Motsett kan eg då ikkje gå ut i frå at markering for hankjønnsbøyning av dette ordet impliserer ein større bruk av felleskjønn, anna enn at det opnar for det. Avkryssing for 'såvi' meiner eg òg impliserer generell bruk av i-ending i supinum av sterke verb. Valet av 'å sove' er gjort på grunn av rotvokalen. Bruk av endingsvokalen /i/ er nok langt meir utbreidd i ord som 'å finne' eller 'å bryte', der rot- og endingsvokal er (tilnærma) like. Difor meiner eg at bruk av /i/ i supinum av 'å sove' impliserer i-ending i ord der rotvokalen er /i/ (eller /y/), utan at det må vere slik andre vegen. Endingsvokalen 'i' i supinum av sterke verb er òg velkjent i sørøstnorsk bymål. Desse to variablane er altså med for å peike på om informanten orienterer seg mot klassisk standard eller sørøstnorsk bymål. Saman med variablane over, som viser variasjon mellom grensk og meir sentralt, utan at det kjem fram kor sentralt. desse

¹⁸ Låneord får ofte redusert funksjon i den nye varieteten (Piltingsrud 2001).

to variablane, kan avkryssingane peike ut om ein informant orienterer seg mot grensk/vikværsk, sørøstnorsk bymål eller klassisk standard.

Morfologisk forenkling ved analogi

Rolf Theil Endresen har i artikkelen sin om vikværsk 'gjester' og 'dørane' som døme på unntak frå bøyingsparadigma til hankjønnssubstantiva (1990:94). Frå gammalt av er det ei undergruppe i hankjønn som har hatt endinga -er, -ene i staden for -ar, -ane, nemleg ir-klassen (gast-gestir). Samstundes er det ei ar-gruppe under hokjønn. Endresen hevdar dei vil føye seg etter regelbunden bøyning etterkvart, altså bli utsett for analogi. Teorien om analogi går ut på at ord overtar andre ord sitt bøyningssystem. Eg ynskjer å sjå om ungdommane i Skien no er i gang med å seie /jestær/, i analogi med dei andre hankjønnssorda i dialekten, eller om dei framleis held oppe skilnaden mellom -ar og -er-klassane. På same måten ynskjer eg å sjå om hokjønnssordet 'dør' har fått «vanleg» hokjønnsbøyning, i staden for 'dørær - dørane'. Det vil vere vanskeleg å skilje mellom analogi og normering ved desse trekka, då utfallet vil vere det same.

Om dialekten har eit særeige ord, plasserer eg det i den **leksikalske** gruppa. Desse variablane er oppført som dei ordformene dei er, utan å skulle representere den grammatiske kategorien dei tilhøyrer. Dei har sin funksjon i at fordelinga av avkryssingar mellom dei seier noko om bruken av dialekt hjå informantane. Eg har plukka ut ordformene 'mellom', 'vårs (/v Σ/)', 'å' og 'mårra'. Dei tre siste har alle ei fortid i både midaustlandsk og vikværsk, men det er nok bare 'mårra' som framleis er i bruk i sørøstnorsk bymål. 'å' er eit trekk som er meir sjeldhørt. Roksund (1997:34) skriv at det vanlegaste spørjepronomenet for 'kva' er 'å'. Ordet heng saman med pronomen som 'åffer' og 'åssen'. Wiggen (1990:184) skriv på at 'å' er vanleg i Oslo-målet òg. Det personlege pronomenet 'vårs' er eit trekk som i dag helst er i bruk i vestvikværsk og Mosse-distriktet (Endresen 1990:97). Det har òg vore brukt i Oslo, men blir knapt hørt der lenger. Wiggen har ført opp både 'vårs' og 'oss' som objektsform av dette personlege pronomenet i fleirtal, men poengterer at «åss dominerer i dag» (1990:184). Roksund hevdar at 'vårs' som personleg pronomen i fyrste person fleirtal er «temmelig enerådende» i Skien, og at trekket «kan være en sammensmelting av den gammelnorske genitiven av 1. p.pl. *vår* og akkusativen *oss*. Forma *oss* i moderne skiensk er trulig mer en leseuttale enn en ekte dialektform» (1997:33). Det fjerde trekket er samanfallet mellom 'mellom' og 'gjennom'. Einaste Roksund skriv om dette, er: «Et spesielt særdrag i skiensk er

sammenblandinga av *gjennom* og *mellom*. I Skien «*slenger man imellom*», og man trekker en rett linje *mellom to punkter*» (1997:43). Samanfallet mellom desse to preposisjonane er nok ikkje eit reint skienstrekk, og er til stades elles i vestvikværsk med.

Den **fonologiske** gruppa mi består av 'blei', 'sjæl' og 'hæLja'. Med variabelen 'blei'/'blæi' er eg ute etter om informantane bruker diftong eller monoftong. Informantens val av variant lar eg representere bruk av monoftong eller diftong meir generelt. Vikværsk har utstrakt bruk av diftongar. Roksund hevdar at «[d]iftongen ei står også meget sterkt i fortid av sterke verb med lang i som rotvokal» (1997:15), difor er det verdt å undersøke. Eit viktig unnatak er i verbet å vite. Elles på Austlandet er forma 'veit' utstrakt i presens, men i grensk heiter det 'vet' (Dalene 1947:90). Dei to andre variablane er meint å vere døme på generell dialektbruk. Den lokale varianten er del av søraustnorsk bymål, og er ikkje avgrensa til vikværsk. Avkryssing for den sentrale varianten peikar såleis på at språkbrukaren legg talemålet opp mot klassisk standard. Dei tre fonologiske variablane skal på denne måten vise om informantane går i retning av den klassiske standardvarieteteten eller mot søraustnorsk bymål.

I den **semantiske** gruppa mi er det bare eitt ord: 'snål'. I Grenland har dette ordet ei markant anna tyding enn i resten av landet, nemleg koseleg, grei eller fin. Difor er det viktig å sjekke kor lojale dei unge grensktalande er til dette ordet. Ved dialektkontakt vil ein sannsynlegvis vere varsam med bruk av dette ordet, om ein veit at det blir oppfatta mest motsett av andre. Eg tykte difor det kunne vere interessant å sjå kor godt det held seg, om det ikkje er i ferd med å miste si lokale mening.

For å få fram skilnaden mellom variantane var det somme stader naudsynt å skrive tilnærma lydskrift. Sidan det kan vere lese noko som er ortofont skrive, synest eg det er ein føremøn å halde seg mest mogleg til vanleg skrift. Difor brukte eg vanlege bokstavar. Unnataket er bokstaven L, som står for den retroflekse flappen /ʃ/.

Innsamling av språkbruk

Noko av føremålet med denne undersøkinga er å kartlegge dialektbruken hjå ungdom i Grenland. For å ha eit materiale som eg greitt kan generalisere ut frå, har eg valt såpass mange informantar som 108. Eit slikt materiale må av praktiske omsyn bli både samla inn og handsama kvantitativt. Difor valde eg å samle inn språkbruksmaterialet ved hjelp av

avkryssingsskjema. Eg har valt ut 20 språklege variablar. På skjemaet er kvar språklege variabel sett opp med to alternative variantar og ei tom linje. Informantane blei bedne om å krysse av for den varianten dei meiner dei bruker til vanleg, eller krysse av begge om dei plar veksle mellom variantane. På den tomme linja kunne dei eventuelt føre opp andre former av språktrekket som dei bruker i staden.

Kvar variabel var skriven inn i ei setning, markert med feite typar. Denne setninga blei då skriven to gonger, med dei ulike variantane. Eg valde å bruke setningar for å føre informantane til å sjå ordet i bruk. Om språklege variablar står lause, har eg den oppfatninga at det er enklare å bli forvirra over kva ein eigentleg seier. Det er naturleg at ein i avkryssingsprosessen sit og «smakar» på begge variantane, og fort kan bli litt usikker på kva ein plar å seie. Alle beherskar i meir eller mindre grad språkets ulike stilistiske valørar. Såleis vil dei fleste av informantane kunne realisere begge variantane i lista. Til dømes vil ein med eit ord som 'tru' lett kunne skifte om til 'tro', om konteksten er litt høgtidsam: «Jæ tru'kke jæ kan si at jæ har non kristen tro.». Difor valde eg å ikkje la orda stå aleine, men skrive dei språklege variablane inn i setningar. Slik skal informantane lettare kunne tenke seg korleis dei vil realisere variabelen. Setningane er såleis freista skrivne i ein kvardagsleg stil.

Eg brukte òg kvalitativ innsamling av språkbruk, ved hjelp av intervju og bandopptakar. Desse opptaka kvantifiserte eg i ettertid. Eg hadde to språklege føremål med intervjeta. For det første gjorde ei kvantifisering av språktrekka brukt i desse samtalane det mogleg å kontrollere om informantane har kryssa av slik som dei pratar, eller kva for trekk som det eventuelt er stor skilnad ved. For det andre er det langt enklare å undersøke fonologiske trekk, som opning av vokalane i ord som <salat> og <jada> (sjå s. 19).

Undersøkinga utførte eg i skuletida på skulane til informantane. R. R. Day kritiserer bruk av skuleelevar som informantar:

Perhaps we turn to the schools for subjects because school children are readily available, packaged and labelled. They are sitting in their rooms and all that is required is for the researcher to obtain permission and show up. It has been well established that different circumstances - including setting - call for different language varieties, [...] even in apparently monolingual speech communities. The school setting demands the use of a standard code. (Day 1982:128, henta frå Kristiansen 1995:63)

Til dette er det å seie at for det første har Day sjølvsagt rett i kor enkelt og arbeidssparande det er å gjøre undersøkinga i skulesituasjonen, særleg når informantgruppa ein søker er i


skulealder. Men poenget til Day om at skulesituasjonen krev bruk av standardvarietet, stemmer lite i Noreg, sjølv om me med vår vekt på dialektfridom likevel kan oppleve normpress i ulike høve. Når det gjeld ulike «circumstances», trur eg eit intervju med bandopptakar eller utfylling av skjema er kunstig nok i seg sjølv, at det har mindre å seie om det skjer i eit klasserom eller andre stader. Dei fleste 19-åringar, som mine informantar er, er òg nokså trygge i ein skulesituasjon, og opplever det lite stift eller formelt. Difor trur eg at dialektbruken blir lite påverka i ei aller anna retning av at innsamlinga skjedde i klasserom.

Empiri

Eg vil fyrst vise oppslutninga om dei enkelte språktrekka, i kor stor grad dei er rapporterte å vere i bruk. Det er altså språkvariablane som er i fokus. Dinest vil eg trekke inn informantane, og fordele dei etter kor mykje dei enkelte har kryssa av for lokale eller sentrale trekk.

Språkvariablane

Alle informantane mine, 108 i talet, fylte ut språkvariabelskjemaet. Mest alle variablane fekk 108 markeringar. Med 20 variablar vil det gje eit materiale med 2160 avkryssingar. Desse markeringane fordeler seg mellom ein lokal, sentral eller sjølvoppført variant, eller ei veksling mellom desse. Sjølv om det var markert veksling eller oppført ein alternativ variant ved alle variablane, var desse i overraskande mindretal. Stort sett har informantane kryssa av for anten lokal eller sentral variant. I tillegg er det òg ei lita gruppe med feilmarkeringar. Om eg listar opp alle markeringane, kan ein graf sjå slik ut:



Dei 20 variablane er i stolpediagrammet representerte ved den mest lokale varianten langs x-aksen, medan talet¹⁹ på informantar som har kryssa av går langs y-aksen. Stolpene over lokale og sentrale trekk dannar eit mønster, og visualiserer variasjonen i oppslutning hjå informantane. To mønster blir tydelege. Det eine er at oppslutninga om dei lokale variantane dannar ei ganske jamn kurve, ei kurve som nok kan delast opp i tre eller fire: Ei lita gruppe som tronar på toppen, ei mindre gruppe heilt på botn, og ei jamn rad i mellom. Variasjonen viser at utvalet av språkvariablar har god spreiing, og dekker språktrekk med ulik stilling i dialekten. Undersøkinga har altså fått med trekk som kan tenkast å vere i endring. Det andre mønsteret er korleis dei meir sentrale variantane dannar mest ei spegelvendt kurve. Langsmed heile rekka ser me at dei alternative markeringsmåtane blei relativt lite brukt, med det eine unnataket ved variabelen 'sjæl/sell'. Denne varianten skil seg ut med ein andel på 29 % av alle eigenoppføringane. Eit par av telemarkingane skreiv opp 'sjav', elles var det 'sjøl' som var mest frekvent.

Med utgangspunkt i dei lokale variantane kan ein, ved å gå nærmare inn på tala, skilje ut fem ord på toppen. Desse har ein oppslutning på mellom 89 og 96 informantar. Bruken av desse, og stillinga deira i dialekten, må ein kunne rekne som temmeleg stabil. Ikkje overraskande er fire av variantane allmenne innan sørvestnorsk bymål, og altså ikkje særskilt grenske. Men at

¹⁹ Sidan talet på informantar er 108, altså tilnærma 100, har eg ikkje rekna om til prosentverdiar. Eg vil i oppgåva rekne om til prosent om det ved samanlikning av grupper er naudsynt å bruke relative proporsjonar.

trekket ikkje er typisk grensk, sikrar det ikkje. Bruken av 'å' for 'kva' er ikkje vanleg lenger, bare ti informantar har kryssa av for den lokale varianten. Meir oppsiktsvekkande er det at heile 94 informantar er samde i at 'snål' tyder 'koseleg, grei', i og med at dette er ei typisk grensk tyding. Ei forklaring kan vere at det her dreier seg om meiningsinnhaldet til ordet. Det vil påverke kommunikasjonshandlinga på ein heilt annan måte å skifte tyding av eit ord, enn om ein endrar litt på uttalen av det. Det andre ordet med ei heilt lokal tilknyting, 'mellom', er det mest ingen som oppgjev å bruke. 93 informantar hevdar å oppretthalde skiljet mellom 'gjennom' og 'mellom', medan fire vekslar og ti stadig har samanfall. Dei mest lokale variantane i materialet mitt får altså nesten diametralt motsett oppslutnad. I lag med variabelen 'gjestær/gjester' og 'å/hva', utgjer 'mellom/gjennom' toppen i diagrammet av dei med sentral realisasjon. Såleis kan me rekne med ein temmeleg stabil bruk desse tre variablane òg, men det gjeld altså den sentrale varianten.

Eit anna trekk, som òg har nokså lokal utbreiing, er det personlege pronomenet 'oss/vårs'. Den sentrale varianten får tilslutning av 30 av informantane, mot dei 70 som held på den lokale og dei fire som vekslar. Fire informantar har oppført noko anna her, nemleg 'kånn'. Dei fire er altså telemarkingar. Desse tala skulle peike mot at 'vårs' er på vikande front, samstundes som at det held seg godt.

Dei andre trekka som høyrer inn under merkelappen sørøstnorsk bymål, er 'oppgava', 'sjæl' og 'å'. Desse har fått lågare oppslutning, og er litt spreidd langs skalaen. 77 informantar har kryssa av for 'oppgava' medan 'å' er eit veldig lite brukt ord i tydinga «kva», bare ti informantar hevdar å bruke denne varianten. Det er to interessante sider med markeringane ved variabelen 'sjæl/sell'. Metodisk viser markeringane at informantane faktisk fører opp eigen variant, og ikkje bare kryssar av for dei allereie oppførte. Og språkleg viser altså avkryssingane at mange av informantane pratar ein annan variant enn sjæl og sell. 35 informantar oppførte ein alternativ variant på den tomme linja, nokre få telemarkingar skreiv 'sjav', men dei aller fleste skreiv 'sjøl'. Sett i samanheng med regionalisering, peikar dette i retning av sørøstnorsk bymål. Den normerte varianten av desse variablane er 'sell', og kan nok oppfattast som vel stiv. Bare elleve informantar meiner dei bruker den varianten. På same måten kan 'sjæl' opplevast som for «brei» eller lokal, sjølv om det altså er 60 informantar som kryssa av for den varianten. Som eit forslag til forklaring, viser eg til kva Steinsholt skriv om dette trekket. Forma 'sjæl' meiner han blir knytt til simpelt arbeidarmål, og difor unngått både

i bygdemålet i Hedrum og i bymålet i Larvik: «Det er gjengs oppfatning at denne uttalen er stygg» (Steinsholt 1964:30). /sø:l/ er opphavleg ei bygdemålsform, men kjem likevel inn i bymålet. Årsaka er truleg at /sel/, særleg for menn, «virker noe stift eller feminint» (Steinsholt 1964:53).

Mest spennande er det å sjå korleis avkryssinga har vore ved dei vikværske endingsmorfema. Desse trekka dannar det grammatiske systemet i den grenske dialekten, og er temmeleg saliente. Som grafen viser, dannar dei lokale variantane mellomgruppa av stolpene. Dei har fått nokså spreidd avkryssing, frå stor overvekt av markeringar for den lokale varianten, til eit knapt fleirtal av brukarar av den sentrale varianten. Litt oppsiktsvekkande er det at trekka med endingsvokalen /a/ gjennomgåande har fått høgare oppslutning enn trekka i same grammatiske klasse med /æ/-lyd. Ein kunne tenke seg at desse to trekka ville fylgjer kvarandre, at informantane brukte anten begge to eller ingen av dei. Det er tydeleg ikkje tilfelle for alle.

Av variantane med delvis redusert vokal, /æ/, er det eigedomspronomenet 'hennær' som flest hevdar å bruke (78 informantar). Litt færre informantar har kryssa av for den lokale varianten av superlativforma av adjektiv, 'roliaste'. Men med 74 kryss har varianten fått åtte fleire markeringar enn komparativforma 'billiære'. Oppslutninga ved dei lokale variantane av desse to variablane er høgare enn oppslutninga til dei andre vikværske trekka. Orda som blir trekt fram som typiske døme på vikværsk bøyning, a-verb i presens og hankjønn i ubunde fleirtal, får relativt liten oppslutning. Dei lokale variantane, her representert ved 'timær' og 'fiksær', fekk 49 og 46 markeringar. Det vil altså seie at under halvparten av informantane meiner dei bruker dei lokale lydane i desse orda. Om ein kan la desse to orda representere sine ordklassar generelt, tyder desse tala på at dei tradisjonelle formene er på veg ut av bruk. Enno er det flest brukarar av den tradisjonelle hankjønnsendinga, men for presens av a-verb er det fleirtal for den sentrale varianten. Denne variasjonen i bruken av /æ/-endingane kjem òg fram i det munnlege materialet. Under samtalen blei a-verb brukt til saman 181 gonger, og hankjønnsord i ubunde fleirtal 109 gonger. 80 gonger blir a-verba realisert med /æ/, hankjønnsorda 62 gonger. Tilhøvet stemmer altså temmeleg nøyaktig overeins.

For liksom å understreke endringsprosessen dei vikværske trekka er i, er det nettopp ved desse to hankjønnsvariablane informantane har markert mest veksling, eller vakling. Ti informantar

markerer at dei veksler mellom 'timær' og 'timer', og åtte kryssa av for både 'ungane' og 'ungene'.

Litt fleire informantar har kryssa av for hankjønnsord i bunden fleirtalsform og for verbformene med /a/-endingar. 68 informantar meiner å bruke den lokale varianten av bunden fleirtalsform, 'ungane'. Det er altså 19 fleire kryss enn kva ubunden fleirtalsform fekk. Av verbformene, har 'kjøras' og 'rasans' fått 61 og 52 markeringar, mot dei 46 presens av svake a-verb fekk. Denne avkryssinga viser òg at det ikkje er slik at informantane har kryssa av for anten lokal eller sentral variant av variablane med /a/-endingar. Nokre informantar har markert at dei bruker /a/-ending i somme ord, og /e/-ending i andre. Sameleis er det med variablane med /æ/-endingar. Det tyder på at endringa skjer ved leksikalisering, og ikkje systematisk. Posisjonane desse trekka først går ut av bruk, ser ut til å vere dei mest høgfrekvente.

Eg ynskte òg å sjå om den gamle ir-klassen av hankjønn var på veg til å falle saman med ar-klassen. Grafen viser at det er liten fare for det. Bare fem informantar har kryssa av for analogi-varianten 'gjestær', og éin hevdar å veksle. Altså er det 99 som meiner at dei bruker den tradisjonelle, eller sentrale, varianten 'gjester'. No er ikkje 'gjester' ein ikkje-lokal form, men faktisk den tradisjonelle. Likevel meiner eg at bruk av 'gjestær' vitnar om eit meir lokalt preg på målet. Det er mest som hyperkorrigering, at ein pratar meir grensk enn kva som er rekna som grensk. Ein viktig grunn til at mange held på den tradisjonelle endinga, er nok at han fell saman med den sentrale. På bakgrunn av korleis informantane markerte for variabelen 'timær/timer', vil eg heller slutte at 'gjester' får så høg oppslutning sidan endingsvokalen er identisk med endingsvokalen i den sentrale varianten, enn at ein i Grenland held oppe skiljet mellom er- og ar-klassane i hankjønn. Til det er avkryssinga for variabelen 'dørane' eit argument. Det andre tilfellet av eventuell analogi, hankjønnsbøyting av ar-klassen av hokjønnsord, viser andre resultat. Faktisk kryssa over 60 informantar av for den tradisjonelle varianten 'dørane'. Dette trekket held seg altså rimeleg godt, sjølv om utviklinga mot /døːlə/ er godt i gang. Avkryssinga for dette trekket er med på å støtte påstanden om at ær-endinga er meir salient.

I tillegg er det verd å merke seg kor ulikt informantane har kryssa av ved dei to variablane 'hankjønnsord i ubunden form fleirtal', altså 'timær' og 'gjestær'. Eg meiner skilnaden i avkryssing står trua på at informantane har tenkt gjennom korleis dei pratar, når dei har svart.


Om ikkje kunne ein rekne med at informantane nokså ureflektert ville ha krysse av for både 'timær' og 'gjestær', sidan dei er så like, slik at resultatet for dei to variablane ville blitt temmeleg identiske.

For å knyte det til hypotesane, så ser me altså at det er trekka som høyrer til sørøstnorsk bymål som skårar høgast. Dei vikværsk endingane har minkande oppslutning, særleg blir /æ/-endinga mindre brukt. Skilnaden mellom bruken av 'dørane' og 'gjestær' kan gje ein peikepinn på dette, sidan det er langt fleire som held på /a/-endinga enn det er som går over til å bruke /æ/-ending.

Oppsummerande kan eg altså notere at det er rimeleg god spreiing i bruken av dei enkelte variantane. Åtte av variablane har ein heilt klar overvekt av markeringar for anten lokal eller sentral realisasjon. Her må ein rekne bruken som temmeleg stabil. Tolv variablar er tydelegvis i endring, og ved tre av dei er det stor vakling. Særleg interessant er det å sjå korleis informantane har markert for variablane med dei vikværsk endingsmorfema. Tala viser klart at desse lokale formene er under endring. Det overraskar meg at det er ulik markering for variantar i same grammatiske kategori/klasse. Det tydar på at informantane ikkje har eit anten- eller-tilhøve til desse endingane, slik at ein anten har vikværsk eller standard endingsvokalar. For fleire informantar er det fullt mogleg å seie «fleire unger, alle ungane». Dette forholdet er likevel ikkje sluttproduktet, for i bruken av /a/-lyden er det òg stor variasjon. Men av grunnar eg ikkje veit, er /æ/-endinga meir utsett, det er i alle fall lyden som fyrst blir bytta ut. Det tydelegaste teiknet på det, er den mest einsleta oppslutninga om varianten 'gjester' og den vaklende oppslutninga om variabelen 'timær/timer'.

Dialektfrekvens

Ein annan innfallsvinkel til dialektbruken enn eit fokus på dei enkelte trekka, er eit fokus på informantane og i kor stor grad dei har kryssa av for dei lokale variantane. Informantane skulle krysse av ved 20 språkvariablar Med dialektfrekvens meiner eg kor mange lokale variantar informantane har kryssa av for. Stolpediagrammet under viser dialektfrekvensen for alle informantane. Informantane er ordna etter kor høg dialektfrekvens dei har.



I eit språksamfunn pratar ingen heilt likt, heller ikkje i Skien og Grenland. Tala mine viser stor variasjon i dialektbruk. Punktdiagrammet over viser fordelinga av dei 108 informantane. Tala langs y-aksen er talet på lokale variantar ein informant har kryssa av for, altså dialektfrekvensen. Ingen informantar kryssa av for meir enn 18 lokale variantar, og ingen kryssa av for færre enn to. Alle har altså eit visst innslag av lokale trekk i målet sitt, sjølv om det kan vere sparsamt. Diagrammet viser at brorparten av informantane har til dels stort innslag av lokale trekk i målet sitt. Vel halvparten av informantane kryssa av for minst 13 lokale trekk. Denne gradvise overgangen mellom informantane si avkryssing for dei lokale variantane viser likevel det er stor variasjon i dialektbruken. Om informantane hadde samla seg anten i botn eller i toppen av frekvensskalaen, ville det vitna om veldig stabile tilhøve i språksamfunnet. Variasjonen materialet mitt avdekker vitnar heller om at det er endringar i gang i Grenlands-målet.

For å gjere det greiare å handsame informantgruppa i den vidare analysen, deler eg dei 108 informantane i fire grupper. Det er mogleg å krysse av ved 20 variablar. Om ein ikkje kryssar av for nokon lokale variantar, blir det ein 21. moglegheit. Eg har sett bort frå den siste ved inndelinga av dei fire gruppene. 20 delt på fire grupper, vil ganske enkelt bety at informantane kan bli grupperte etter om dei har kryssa av for 1-5, 6-10, 11-15 eller 16-20 lokale variantar. Gruppe I er dei som har kryssa av for minst 16 lokale trekk, dei har altså høgast dialektfrekvens. I denne gruppa er det 28 informantar, ein god fjerdedel av alle informantane. Medianverdien er 17 lokale trekk, og kvartilavviket på bare 0,5. Gruppe II har 36 informantar, nøyaktig tredjedelen av heile informantgruppa. Medianverdien er 13,5, og kvartilavviket er

1,0. Den tredje gruppa har kryssa av for 6-10 lokale trekk, og har medianverdien 9. Dei 29 informantane i denne gruppa har størst spreiing i frekvensen, med kvartilavvik på 1,5. Den siste gruppa er den minste, med bare 15 informantar, eller 14 prosent av alle informantane. Kvartilavviket er 0,5.

	I	II	III	IV	SUM
informantar	28	36	29	15	108
trekknivå	20-16	15-11	10-6	5-1	20-1
median	17	13,5	9	4	13
kvartilavvik	0,5	1,0	1,5	0,5	4,0

Det låge kvartilavviket i gruppe I og IV speglar nok at ingen av informantane kryssa av for færre enn to eller fleire enn 18 lokale trekk, slik at trekknivået faktisk er 18-16 i gruppe I og 5-2 i gruppe IV.

Implikasjonsanalyse

Eit sentralt spørsmål etter å ha sett resultatet av avkryssinga for dei enkelte trekka, og fordelt informantane etter i kor stor grad dei har kryssa av for dei lokale variantane, er om bruk av visse trekk impliserer bruk av andre. Det er ofte eit system i bruken av ein dialekt, slik at om ein bruker visse trekk, styrer det bruken av ei rekke andre med. Motsett kan det òg vise seg at om det er visse trekk ein ikkje bruker, impliserer det vidare at det er andre trekk ein heller ikkje bruker. Bruken er altså ikkje tilfeldig, det er ein samanheng mellom trekk. Ved å kople opplysningane om dialektfrekvensen til kvar informant og avkryssingsfrekvensen for kvar lokale variant, er det mogleg å lage ein nokså oversiktleg implikasjonstabell. Ein slik tabell vil vise kva for trekk som impliserer bruk av andre. Det ligger under når ein bruker implikasjonsanalyse at det er språkleg variasjon. Hadde det ikkje vore variasjon, var det ikkje mogleg å sette opp ein implikasjonstabell. Då ville t.d. ingen lokale trekk kunne implisere bruk av andre lokale, sidan alle dei lokale trekka faktisk blir brukte.

Variablane er i tabellen under lista opp etter kor stor oppslutning den lokale varianten fekk. Som me hugsar, er det 28 informantar i gruppe I, dei som har kryssa av for fleire enn 15 lokale variantar. I gruppe II er det 36 informantar, i gruppe III 29, medan gruppe IV har 15 informantar. Implikasjonstabellar har helst anten-eller-verdiar, og viser at ein variabel blir realisert på den eine eller andre måten. Sidan informantane her er samla i grupper, er det talverdiar i staden for. Tala viser kor mange informantar det er som kryssa av for den lokale varianten av variabelen. Til saman sette informantane 1251 kryss for lokale variantar.

	hæLja	snål	blei	såvi	mårra	hennærS	oppgava	roliaste	vårs	ungane	billiare	dørane	kjøras	sjæl	rasans	timær	fiksær	mellom	å	gjestær	sum
I	28	26	28	28	28	28	26	27	26	26	28	25	26	25	25	27	27	2	8	5	469
II	36	34	35	35	34	34	26	33	30	29	28	26	28	24	18	18	13	5	1	0	487
III	25	22	23	23	21	16	21	14	13	11	10	12	7	8	6	3	6	1	1	0	243
IV	7	12	7	4	6	0	4	0	1	2	0	0	0	3	3	1	0	2	0	0	52
sum	96	94	93	90	89	78	77	74	70	68	66	63	61	60	52	49	46	10	10	5	1251

Markeringane til dei 108 informantane viser at dei lokale variantane av dei språklege variablane eg har valt å bruke i undersøkinga, er høgst levande dialekttrekk for somme av informantane, og dialekttrekk som òg ein del ikkje bruker i det heile. Det blir enda tydelegare i denne tabellen at variablane har vore veldig gode til å fange opp den variasjonen, og truleg endringa, som Grenland-målet er inne i no.

Implikasjonstabellen viser at det ikkje er heilt tilfeldig kva for trekk informantane på dei ulike frekvensnivåa oppgjev å bruke. Gruppa med den høgaste dialektfrekvensen skil seg markant ut ved at oppslutninga er mest fulltlig ved 17 av dei 20 lokale variantane. Det er ikkje langt unna anten-eller-verdiar. Oppslutninga er naturleg nok ikkje like høg ved alle trekka i dei andre frekvensgruppene, men det er dei same trekka som får høgast oppslutning i kvar gruppe. Det klaraste dømet på effekten av implikasjonstabell, er variabelen ubunde fleirtal av hankjønn med tradisjonell /e/-ending. Alle dei fem som kryssa av for analogi-varianten 'gjestær' er i frekvensgruppe I. Så bruk av denne varianten impliserer høg dialektfrekvens hjå språkbrukaren. Trekk som 'hennærS' eller 'roliaste' har mange informantar markert lokal bruk av, men ingen i frekvensgruppe IV. Tabellen viser såleis at om ein språkbrukar seier 'hennes' eller 'roligste', er det mykje truleg at vedkommande i veldig liten grad pratar utprega grensk.

Ovafor såg me kor delte informantane er andsynes dei tradisjonelle formene som /æ/-ending i presens av svake a-verb og ubunde fleirtal av hankjønn er. Ut frå implikasjonstabellen kan me enkelt slutte at bruk av såpass lokale trekk impliserer sannsynleg lokal bruk av dei fleste av variablane som var med i undersøkinga.

Det er dei same tre variantane som får veldig låg oppslutning av frekvensgruppe II òg: 'mellom', 'å' og 'gjestær'. Ut frå denne tabellen, ser me at om ein realiserer a-verb med den

lokale endingsvokalen, som i 'fiksær', impliserer det at ein sannsynlegvis bruker den lokale varianten av dei 16 variablane til venstre for 'fiksær' i tabellen.

Informantane i gruppe III har ein temmeleg gradvis overgang i oppslutning av dei ulike språklege trekka. Det er særleg i denne frekvensgruppa, me finn dei som er i ein overgangsfase mellom veldig lokalt mål til meir sentralt. Informantane i gruppe IV har langt på veg tatt skrittet fullt ut. Det er bare eitt lokalt trekk som har stor oppslutning, og det er forståinga av 'snål'. Det er interessant at dette strengt lokale trekket står så sterkt hjå informantar som elles bruker så lite av sentrale lokale trekk.

Kvalitativt innsamla materiale

Som nemnt er eitt av føremåla med samtalane, om enn ikkje det viktigaste, å kvantifisere språkbruken. Eit slikt materiale er interessant i seg sjølv, då andre trekk enn dei eg er ute etter på skjemaet kan granskast. Samtalane kan òg ha som funksjon å «kontrollere» rapporteringa til informantane, og sjå om det er stort avvik. Til dette er det eit poeng at frekvensen av dei ulike trekka ikkje er like høg. Sidan eg ikkje var ute etter å samle inn språkmaterialet mitt ved desse intervjuia, har trekka blitt brukt etter som det var naturleg i den samtales eg hadde med informantane.

To trekk som ikkje er med på skjemaet, er vokalen i ordet 'vet' eller 'veit', og kvaliteten til /a/ i ord som <jada> og <salat>. Desse trekka fekk eg derimot gode belegg for i samtalane. Variabelen 'vet'/'veit' blei til saman brukt 71 gonger under samtalane, men realisert som 'veit' bare fire gonger, av tre ulike informantar. Ein kan av dette materialet greitt slutte at den lokale varianten framleis står sterkt i grensk. Når det gjeld opninga av /a/, er det mest snakk om «ikkje-belegg». I samtalane kjem det fram veldig liten bruk av dette trekket, så det spørst kor frekvent det er i grensk no. Informanten frå Herre (i søraustlege Grenland) var den einaste som brukte det litt. Mellom anna seier ho /kæns/ (<kanskje>). Theil Endresen skriv at det nettopp er aust i Grenland dette trekket blir brukt (sjå side 19).

På det grunnlaget samtalene er, kan eg konkludere med at språkbruken i samtalane stemmer veldig godt overeins med sjølvrapporteringa. To av dei åtte informantane har fullstendig samsvar. Éin av informantane bommar ved eitt trekk, éin har eit avvik med fire trekk, medan halvparten av dei avvik ved tre trekk. Ein av desse siste har nok trudd at han prata meir lokalt

enn han gjer, for han oppførte ved tre variablar at han bruker den lokale varianten, men bruker den sentrale under samtalens. Dei andre avvikar i begge retningar. Ved enkelte trekk vekslar informantane noko, men ikkje større enn at det er klar overvekt av realisering av den eine varianten. T.d. realiserer ein av informantane hankjønnsord i ubunde fleirtal på standardisert måte tolv gonger og på lokal måte tre gonger.

Oppsummerande konklusjon

Materialet mitt viser at det er monaleg variasjon, det er mange som ikkje pratar «typisk» eller tradisjonell grensk. Variasjonen treng ikkje ha vore mindre tidlegare, men Dalane og Roksund har ikkje hatt som mål å avdekke eventuell variasjon. Dei har fått med seg at ikkje alle i Grenland pratar likt, men arbeida deira har vore å føre opp kva som blir rekna som grensk eller Skiens-mål ut frå slik lokale folk tradisjonelt har prata.

Variasjonen i oppslutning ved variablane viser at ein del av dei tradisjonelle grenske og vikværsket trekka er på veg ut av bruk, samstundes som at trekka som høyrer til det sørøstnorske bymålet står sterkt. Materialet viser altså at Grenlands-målet har utvikla seg sidan førre studie av dialekten, og at det ser ut til at det er grensken i høgste grad er under utvikling no.

Eit viktig poeng er at den store variasjonen i oppslutning ved dei språklege variablane dannar eit godt grunnlag for variasjonsanalyse.

Del II. Variasjonistisk del

No som eg har gått gjennom kva for oppslutning dei ulike språktrekka har, vil eg fokusere på informantane som har rapportert språkbruken sin. Tradisjonell dialektforskning forenklar forskingsobjektet, og stiller opp målføra som homogene språksystem. I arbeidet med å beskrive dialekten, overser ein den språklege variasjonen som finst. Den fyrste delen av denne oppgåva viser klart kva for språkleg variasjon det kan vere i språkbruken sjølv på ein relativt liten stad. Spørsmålet som fort dukkar opp, er kva denne variasjonen kan komme av, og om det er mogleg å sjå noko mønster eller system i denne variasjonen. Howard Giles og Philip Smith skriv om opphavet til sosiolinguistikken at «[s]ociolinguistics emerged as a multidisciplinary endeavour in order to provide an understanding of language behaviour with due regard to the context in which it was spoken» (Giles 1979:45). Difor utvidar eg altså den dialektologiske undersøkinga med å dele informantane inn etter sosiale preferansar. Ved å dele opp informantgruppa på denne måten, vil det vere mogleg å fange opp språkleg variasjon som dannar eit system om variasjonen fylgjer ei heil sosial gruppe. Fagfeltet sosiolinguistikk har av Bengt Nordberg (1985:11) blitt definert som «Studiet av den kulturelt, sosialt og psykologisk betingete utnyttingen av de språklige ressursene i menneskers daglige interaksjon» (henta frå Mæhlum 1996:177). Paul Kerswill skriv meir inngåande:

By ‘sociolinguistic structure’ I mean (1) the extent of linguistic differences between varieties, (2) sociodemographic characteristics of the community, particularly (for Western societies) in term of urbanisation, class structure, ethnic groupings and social and geographical mobility, (3) the role of a standard variety, and (4) attitudinal factors relating to linguistic variety. In summary, we can say that sociolinguistic structure refers to the interaction between the linguistic repertoire of a speech community and the social structures (class, etc.) which become relevant when varieties within that repertoire come into contact. (Kerswill 1999:1)

Å fange opp variasjon i språkbruk er òg viktig i arbeidet med språklege endringar. At det er variasjon må ikkje tyde på at det er endring på gang, men ein reknar med at endring vil gje variasjon i språkbruken. Milroy (1997:52) skriv: «A basic assumption of variation studies is that «any time we care to look at a language ... it is variable and in a state of change» (J. Milroy, 1992:2).» Å ha klart for seg korleis språkbruken varierer mellom ulike samfunnsgrupper, kan seie noko om kven som går føre ved endring, og kven det er som sist endrar noko på målet sitt. I og med at den fyrste delen av undersøkinga mi viser at det er ganske stor variasjon i språkbruken i Skien, blir det òg viktig å undersøke nærmare korleis ungdommane fordeler seg i forhold til denne variasjonen.

Me menneske kan grupperast på mange ulike måtar. I tru på at det kan gje utslag i språkleg variasjon, har eg valt å dele informantane mine etter typiske sosiolingvistiske variablar som kjønn, sosioøkonomisk status og bustad. Eg har òg stilt fenomenologiske spørsmål, og fått opplysningar som kan dele informantane inn etter meir kulturelle faktorar, som tilknyting til heimstaden, fritidsinteresser og framtidssplanar. Til sist har eg undersøkt haldningane informantane mine har til dialektar og dialektbruk.

Faghistorie

I fylgje Sandøy (1985) bringa den aukande interessen for dei sosiale sidene ved språket store framsteg i fagfelt som psykologi, sosiologi og sosialantropologi utover på 1950-talet. Det var på 1960-talet at William Labov sette i gang med sine skjelsettande arbeide, og det er helst Labov som definerer «[d]en meir språkvitskapleg prega greina [...] sosiolingvistikk» (Sandøy 1985:297). I opposisjon til både strukturalistane og dialektologane, retta han fokus mot det sosiale i språket. Han skreiv i 1972 at «I have resisted the term *sociolinguistics* for many years, since it implies that there can be a successful linguistic theory or practice which is not social» (Labov 1976:xiii). Han reagerte på korleis strukturalistane bare var opptatte av språket som system, frigjort frå brukarane av det og kva dei har å seie for språket. Labov ville ta tak i variasjonen i språkbruken, og brukte sosioøkonomiske faktorar som «isoglossar». Medan dialektologien og den historiske lingvistikken var einsidig interessert i den geografiske variasjonen, var Labov opptatt av den sosiale variasjonen. Tidleg dialektforsking hadde som problemstilling å kartlegge språkbruken utan å skulle fange opp variasjonen. Arbeidet skulle resultere i dialektmonografiar, der systemet i det lokale språket blei kartlagt. Perspektivet er overordna diakront. For å kunne samle inn best mogleg materiale, var informantane gjerne slike med i dag omtalar som NORMs: Non-mobile, Old, Rural, Mails. Ein tenkte at slike folk truleg hadde hatt liten kontakt med folk frå andre stader (og andre dialektar) og av annan sosial rang (med «penare» talemål), og difor snakka stadens mest opphavlege og ekte dialekt. Valet av desse informantane vitnar jo om at ein var klar over språkleg variasjon, men ein tok ikkje tak i han. Og det er nettopp denne synkrone variasjonen Labov tar tak i. Han knyter i stor grad sosioøkonomisk status til språkbruk. Faktisk ser han at samvariasjonen i realisasjonen av enkelte trekk er så sterk at språkleg variasjon er eit godt måleverktøy for språkbrukarens sosioøkonomiske status:

Similarly, through observations of linguistic behavior it is possible to make detailed studies of the structure of class stratification in a given community. We find that there are some linguistic variables which are correlated with an abstract measure of class position, derived

from a combination of several nonisomorphic indicators, where no single, less abstract measure will yield equally good correlations (Labov 1976:121).

I tillegg til eit fokusskifte innan lingvistikken, sto Labov for viktige bidrag innan metode og teori. Han innførte kvantitativ, intensiv innsamlingsmetode, med mange, tilfeldige informantar og få variablar. Såleis blir det innsamla materialet meir representativt. Materialet handsama han statistisk, og sette språkbruken opp mot sosiale variablar i korrelasjons- og frekvensanalysar (Venås 1991:25).

No var ikkje Labov den fyrste som la vekt på den sosiale sida av språket. Sandøy (1985:301) skriv: «Studiet av moderne språkutvikling har etter måten brei plass her til lands.» Allereie mot slutten av 1800-talet byrja Amund B. Larsen å arbeide med bymåla, og utarbeidde bymålsmonografiar over Kristiania, Stavanger og Bergen. I bymål er det sosial variasjon, ikkje geografisk, så bymålsmonografiar er òg eit studium av språkleg sosial variasjon, altså sosiolingvistikk. Sandøy (1985:299) skriv: «I bymålsmonografiene viser [A. B. Larsen] godt syn for sosiale forskellar i språket.» Ein annan norsk språkforskar som bør trekkast fram, er Anders Steinsholt. I 1940 granska han talemålet på bygdene i innlandet ved Larvik, og såg på skilnadene. 30 år seinare kom han tilbake og gjentok undersøkinga. Steinsholt gjorde altså eit tidleg «real-time»-arbeide.

I den seinare tida har det (sjølv sagt) vore reaksjonar på, eller meir utvikling, av Labov sine teoriar og metode. Særleg viktig er orienteringa mot kvalitative metodar, og ein har vendt seg frå mange informantar og statistiske analyser. Av post-labovsk sosiolingvistikk er særleg Lesley Milroy sentral. I staden for ei sosioøkonomisk inndeling av samfunnet, vil ho dele inn språkbrukarane etter fellesskapa dei dannar. Den sosiale variabelen er det sosiale nettverket folk deltar i: «it is based, not on comparisons between groups of speakers, but on relationships contracted by individual speakers with other individuals» (Milroy 1997:79). Ein har ikkje eit hierarkisk inndeling av samfunnet, men solidarisk. Nettverksteorien går ut på at ein språkbrukar truleg heller deler språknormer med og kjänner eit normpress frå familie, venner og andre i omgangskrinsen sin, enn folk av same samfunnslag som ein gong kan hende ikkje har kontakt med.²⁰ Teorien bygg på «an assumption that access to speakers in present-day speech communities will bring us closer to understanding the origins of linguistic changes» (Milroy 1997:51). Slike nettverk kan vere tette eller opne, etter kor godt dei ulike i nettverket kjänner kvarandre.

Utover 1960-talet reiste sosiolingvistikken seg i Noreg, og «fra om lag 1970 gikk det virkelig for seg en nokså gjennomgripende nyorientering i talemålsforskningen over store deler av Norden» (Mæhlum 1996:187). På 1970-talet blei det gjennomført to store sosiolingvistiske granskingar, først TAUS i Oslo, så TUB i Bergen. Dette er omfattande granskingar det framleis blir referert til. Etter dette har det stilna, inntil ein på 1990-talet sette i gang TEIN-prosjektet.

Innsamling av sosiolingvistisk informasjon

Skjemaet

Skjemasettet eg delte ut til informantane hadde fleire sider med spørsmål som gjekk på personlege og sosiale sider ved informantane. Informantane opplyste om kjønn og alder, kvar dei bur og kvar dei voks opp bustad. Eg spurde òg om kvar foreldra deira er i frå og kva dei jobbar med. Vidare blei dei bedne om å ta stilling til korleis dei oppfattar heimstaden sin, fortelje kva for framtidsplanar dei har og kva dei driv med på fritida. I tillegg var eg ute etter kva for haldningar dei har til dialekten sin og dialektar generelt, kor medvetne dei er om korleis dei pratar, og om dei korttidsakkommoderer. Til sist spurde eg kva dei meiner om Grenlands-målet.

Feilkjelder

Som ved sjølvrapportering av språkbruk, er det ved dette skjemaet fare for feilrapportering. Det kan vere fleire årsaker til feilkjelder. Spørsmåla i seg sjølv i denne delen av undersøkinga kan vere uartige å svare på, sidan somme av dei vil kunne opplevast som personlege. Grunnen til at dei språklege variablane var plassert fremst i skjemaheftet, var nettopp at informantane ikkje skulle avvise å svare på grunn av dei sosiale spørsmåla. Det er eit kjend problem ved spørjeundersøkingar at informantar bakkar ut når det dukkar opp spørsmål dei opplever som for personlege. Å krysse av for kva for språklege variantar dei bruker rekna eg med at ingen ville ha problem med, noko som stemte. Slik var eg i det minste sikra å ha eit språkleg materiale å arbeide vidare med. Men ved fleire spørsmål i den sosiale delen, fekk eg blanke svar. Andre årsaker er nok at ein ikkje veit kva ein skal svare, og anten utelet å markere eller

²⁰ Ei innskyting kan vere at desse to faktorane gjerne er samanfallande.

set eit tilfeldig kryss, gjerne i den mest nøytrale rubrikken. Somme informantar kan òg ha interesse av å drive skjemt, og medvite svare urett.

I tillegg er det eit viktig spørsmål om dei sosiale variablane eg har sett opp er særleg gode til å fange inn noko mønster i den språklege variasjonen. Det vil jo den vidare analysen min vise. Likevel kan eg ikkje vere sikker på at systemet som eventuelt openbarar seg er slik eg tolkar det. Samvariasjonen kan vere tilfeldig, og eg kan komme til å slutte spuriøse samanhengar.

Informantfordeling

På grunnlag av korleis informantane har svart på denne delen av skjemasettet, kan eg dele informantane inn i ulike grupper. Spørsmåla på skjemaet er såleis sosiale variablar. Ved å sette dei sosiale variablane opp mot dei språklege, er det mogleg å granske sosiolinguistisk variasjon.

Sosiale variablar

På spørjeskjemaet er **alder** med som sosial variabel. Eg rekna med at dei aller fleste informantane ville vere rundt 18-19 år, men det hender eldre menneske går på vidaregåande skule. Då det viste seg at alle informantane er født rundt 1982, har denne variabelen utført si oppgåve, og eg vil ikkje gjere meir nytte av denne variabelen.

Informantane er bedne om å opplyse om kvar **foreldra** deira er i frå, og kva dei driv med. Eg ynskjer å sjå kva samband det eventuelt har med språkbruken til informantane. Etter snart avslutta vidaregåande utdanning, har informantane gått gjennom heile den sosialiseringssprosessen ein kan rekne til barn- og ungdommen. Sandøy (1985:146f) refererer til Kristoffersen (1980) som har undersøkt språkbruken mellom born i ulike alderssteg. Kristoffersen finn at «språkforskjellane blant grunnskoleelevar minkar di lenger opp dei kjem i klassane», og forstår dette som uttrykk for at dei jamaldrande på skulen har overtatt som språknormeringsfaktor i staden for heimemiljøet. I ungdomstida, særleg dei fyrtre åra, opplever mange eit sterkt konformitetspress, noko som kan drive fram einskaplege språknormer. Etterkvart kjenner òg ein del ungdom trong til å markere seg både mot andre jamaldrande og mot foreldra, særleg i alderen ein går på vidaregåande skule. Ein søker meir etter eigen identitet. Difor er det uklart kva foreldrebakgrunnen til informantane har å seie for språkbruken. For veldig mange representerer foreldra heimemiljøet og dei normene som

regjerer der heilt fram til 18-årsalderen. Spørsmålet er kva for normeringsfaktor som er sterkest. Ut frå funna til Kristoffersen kan det sjå ut til at det ikkje vil vere noko samband i det heile. Eg bruker foreldrefaktoren på to måtar i undersøkinga, og set opp to hypotesar: Eg trur eg finn liten samanheng med foreldras sosiale bakgrunn, men stor samanheng med foreldras geografiske bakgrunn.

Dei andre **sosiale faktorane** vil eg gå i gjennom enkeltvis, for å vise korleis dei enkelte sosiale grupperingane fordeler seg språkleg. Ved kvar enkelt variabel grunngjev eg variabelen, stiller opp hypotese, og presenterer empirien før eg tolkar denne. Til slutt i den variasjonistiske delen vil eg sjå desse sosiolinguistiske variablane under eitt, og freiste å krysskople fleire av variablane, for på den måten å kunne finne meir treffsikre innfallsvinklar.

Ut frå dei sosiale variablane har eg sett på spissen to førestillingar om ytterpunktet av informanttypene. Det eine ytterpunktet er den som pratar normert mål. Det er ein kvinneleg informant som går allmennfagleg studieretning, har planar om høgare utdanning, kjenner seg ferdig med heimstaden sin og kan tenke seg å flytte, og gjerne er med i organisasjonar e.l. i fritida si. Kan hende ikkje bare normerer ho talemålet sitt mot sørvestnorsk bymål, men òg mot klassisk standard. Det andre ytterpunktet er den som pratar lokalt mål. Det er ein mannleg informant som går yrkesfagleg studieretning, har planar om å gå rett ut i jobb, har det greitt på heimstaden og ser ingen grunn til å flytte, og er neppe med i noko organisert på fritida si. Dette er to ytterleggåande førestillingar, som eg trur materialet mitt vil vise tendensar i tråd med. Dei aller fleste informantane vil nok hamne i mellom desse to heller stereotype førestillingane. Det er eit viktig poeng at den kategoriseringa ein gjer med å dele informantar inn etter sosiale variablar, ikkje gjer heilt rett på informantane. I faktorar som utdanning, sosioøkonomisk status eller haldningar, finst det knapt strenge skilje mellom folk. Det er ingen som er «anten-eller»-menneske, alle er me meir eller mindre grad av noko.²¹ Og det er heller ikkje sikkert at språkbrukarane kjenner seg att i kategoriane språkforskarane set opp.

Sosiolinguistisk variabel

Ved korrelasjon mellom språklege og sosiale variablar, får språkvariablane funksjon som sosiolinguistisk variabel. Labov (1976:237) skriv: «We may define a *sociolinguistic variable* as one which is correlated with some nonlinguistic variable of the social setting: of the

²¹ Variabelen kjønn er eit naturleg unnatak.

speaker, the addressee, the audience, the setting, etc.» Dei språklege variablane kan vere knytte til dei eksternlingvistiske variablane i ulik grad. Ved å setje opp eit skilje mellom språklege trekk som sosiale markørar og indikatorar, differensierer Labov mellom språktrekk som både kan signalisere sosioøkonomisk tilhørsle og gje stilistisk variasjon, og er då ein markør. Om trekket bare viser til sosioøkonomisk klasse, kallar han det ein indikator (Labov 1972). Som fylgje av dette, meiner Labov at «*markers are relatively high in a speaker's consciousness, as compared to indicators*» (Trudgill 1986:10). Eg har ikkje undersøkt den stilistiske variasjonen dei ulike trekka kan gje, men eg freistar å sortere ut markørane.

Disposition

Den variasjonistiske delen av oppgåva er delt i tre kapittel. Fyrst kjem eit kapittel med dei tradisjonelle sosiolinguistiske variablane kjønn og sosioøkonomisk status, i tillegg til variabelen geografi. Kapittel to dreier seg om fenomenologi, og faktorane er framtidsplanar, fritid og tilknyting til heimstaden. Det siste kapitlet tar for seg informantane haldningar til dialektbruk og til grensk. Til slutt blir variasjonsdelen summert opp og konkludert samla. Til kvar sosiale variabel set eg opp hypotesar. Som overordna hypotese for heile den variasjonistiske delen av arbeidet mitt har eg at eg ikkje finn anna variasjon enn det som er å forvente ut frå tradisjonell sosiolinguistisk forsking. Folk i Skien skil seg neppe særleg ut frå nordmenn generelt.

Sosiolinguistisk variasjon

I dette kapitlet vil eg altså analysere språkbruken etter tradisjonelle eksternlingvistiske faktorar som kjønn, sosioøkonomisk status og geografi.

Kjønn

At språkbruken varierer mellom kjønna, blir stadig påvist i dei fleste språksamfunn. I fylgje Venås (1991) har Tove Bull²² kategorisert sju viktige lingvistiske skilnader mellom kjønna, der bare éin er av slikt slag me er vante med på «våre kantar». Den skilnaden går på frekvens, altså i kor stor grad ulike språktrekk blir brukt. James og Lesley Milroy skriv: «*Normally, both sexes use the same variants, but in different quantities, and the differences are fine-grained [...]»* (Milroy 1997:55). Difor er det ein bruker kvantitativ metode for å måle kjønnsskilnader

²²Bull 1989:42

i språkbruken. Av norske undersøkingar viser resultat frå t.d. TAUS-undersøkinga at kvinnene bruker fleire standardvariantar enn mennene, både på aust- og vestkanten av Oslo (jf. Western 1977:55). Venås kallar nettopp denne skilnaden «det best dokumenterte resultatet i språk og kjønn-granskinga» (Venås 1991:147). Den tradisjonelle forklaringa på desse skilnadene, er at det er viktigare for kvinnene å hevde seg sosialt gjennom språket. Mennene har vore dei mest aktive i den offentlege sfären, i samanheng med t.d. arbeid og politikk, og har kunna hevde seg sosialt slik. Lesley og James Milroy vrir litt på innfallsvinkelen, og ser at «males appear to favor more localized variants, which carry some kind of identity-based social meaning in the local community, whereas females identify more with supra-local variants in speech» (Milroy 1997:55). Faktoren er altså ikkje sosial prestisje, men kva for geografisk nivå ein kjenner tilknyting til. Giles (1979:49) forklarer denne kjønnsskilnaden med at «upward convergence for women may glean a greater array of rewards than the same speech strategy adopted by a male». Grunnen er at undersøkingar viser at særleg kvinner blir tilrekna positive eigenskapar som å vere sterk, uavhengig og feminin, når dei normerer talemålet sitt mot standardtalemålet.

Når ein ser språkleg variasjon på grunn av kjønn, kan denne kjønnsskilnaden nyttast i forklaringane av språklege endringsprosessar. Kjetil Jensen (1999) skriv at fleire undersøkingar viser korleis yngre kvinner gjerne går føre i endringsprosessar, og funna hans er i tråd med slike påstandar: Kvinnene i Fauske bruker mindre apokope enn mennene, og det er dei unge kvinnene som bruker minst. Jensen viser òg til Jennifer Coates som hevdar:

Women seem to initiate changes above the level of social awareness: such changes tend to be in the direction of the prestige norms. Men, on the other hand, seem to initiate change below the level of social awareness: such changes tend to be *away from* the accepted norms. (Coates 1986:147, henta frå Jensen 1999:38)

Med dei store variasjonane i bruken av ulike språklege trekk materialet mitt vitnar om, er det ein klar peikepinn på at Grenlands-målet er midt i ein endringsprosess. Ut frå dette perspektivet er det difor interessant å sjå etter variasjon mellom kjønna. Om det er flest jenter som har kryssa av for dei meir sentrale trekka, vil det altså kunne tyde på at jentene går føre i ein regionaliseringsprosess av Grenlands-målet.

Hypotese

Til variabelen kjønn er hypotesen at eg finn ut at det er tradisjonelle kjønnsskilnader. Jentene vil oftere krysse av for dei sentrale variantane enn gutane, og gje uttrykk for at dei pratar ein sentralt retta varietet som er mindre lokalt prega. Og dei lokale variantane jentene faktisk

kryssar av for, er ikkje typiske for bare Grenland, men blir rekna til søraustnorsk bymål. Gutane vil krysse av for dei mest lokale variantane.


Empiri

Det er 55 jenter og 53 gutter i informantutvalet mitt. Ved ein allmennfagleg skule er det rimeleg god fordeling mellom kjønna i dei enkelte klassane, medan det ved dei yrkesfaglege fort blir reine «jente-» og «guteklassar» etter kva for studieretning ein ser på. Jentene i utvalet mitt fordeler seg heilt jamt mellom yrkesfagleg og allmennfagleg, medan av gutane går to tredjedelar yrkesfagleg linje. Eg vil først sjå om det er nokon variasjon i samla dialektbruk, altså dialektfrekvensen. Dinest vil eg gå over til trekknivået, og sjå om det er nokon variasjon i bruken av enkelte språktrekk.

Dialektfrekvens

Samla sett viser det seg at jentene og gutane har kryssa av nokså likt. 55,4 % av avkryssingane til jentene var for dei lokale variantane og 34,7 % for dei sentrale. Hjå gutane var 60,6 % av avkryssingane for dei lokale variantane mot 31,1 % for dei sentrale. Eg hadde trudd at fordelinga ville vere skeivare, med fleire markeringar for dei lokale markeringane hjå gutane og omvendt hjå jentene. Det stemmer altså ikke, variasjonen i avkryssing er heller ikke større enn at han bare peikar ut ein tendens. Likevel er det ein tendens som står hypotesen. Variasjonen mellom kjønna for kor mange som vekslar eller har ført opp andre variantar er òg liten. Det er 1,5 prosentpoeng meir veksling hjå gutane, og 2,5 prosentpoeng meir oppføring av alternative variantar hjå jentene. Denne variasjonen kan nok i stor grad vere tilfeldig.


Sidan dei lokale og sentrale trekka utelukkar kvarandre, og såpass få informantar kryssa av for veksling eller førte opp andre ord, tar eg utgangspunkt i dei lokale trekka når eg vil visualisere variasjonen. I stolpediagrammet under blir informantane fordelt i dei fire frekvensgruppene etter kor ofte dei kryssa av for den lokale varianten. Gruppe I har markert for flest lokale trekk, gruppe IV for færrest.



Materialet viser at variasjonen på grunn av kjønn ikke er oppsiktsvekkande stor, sjølv om det forventa resultatet ikke uteblir. I gruppa som har markert for flest lokale trekk er gutane i fleirtal, med 8,4 prosentpoeng fleire enn jentene. Jentene er i fleirtal i gruppe IV, 16,4% mot 11,3% hjå gutane. Sidan det ikkje kjem fram i diagrammet vil eg legge til at det at to av dei tre informantane med aller høgast dialektfrekvens, 18 av 20 variablar, faktisk er jenter.

Språkvariablane

I dette avsnittet vil eg gå over til trekknivå, og sjå om jentene og gutane har kryssa av ulikt ved dei enkelte språklege variablane. Me har allereie sett korleis informantane samla har kryssa av for dei ulike variablane (side 38). Difor vil eg konsentrere meg om differansen for å sjå om denne variabelen kan fange opp eit system i variasjonen. I diagrammet under viser stolpene den relative differansen mellom kjønna i prosentpoeng. For betre å visualisere variasjonen, gav eg verdiane til gutane negativt forteikn. Det vil seie at ved dei variablane gutane er i fleirtal, går stolpa under null-linja. Det er gutane som «styrer» i dette diagrammet, og variablane er ordna etter kor stor avkryssingsdifferansen er for dei lokale variantane.



Diagrammet viser at det er monaleg variasjon mellom kjønna i avkryssing av dei ulike variablane. Det fyrste ein kan merke seg, er at ved 15 av dei 20 variablane er det gutane som har sett flest kryss for den lokale varianten. Dette forholdet står jo den tradisjonelle oppfatninga av kjønnsvariasjon. Differansen er ikkje like stor ved alle variablane. Det er bare eitt ord som blir brukt av bare eitt kjønn: 'gjestær'. 9,4 prosent av gutane hevdar å bruke denne analogiforma, medan over 96 prosent av jentene bøyer dette ordet på tradisjonell måte. Det er bare to variablar i det heile som overstiger ein skilnad i dialektbruk på 20 prosentpoeng, nemleg 'dørane' og 'kjøras'. 'Sjæl' og 'snål' fylgjer tett. Desse trekka kan såleis peikast ut som markerte sosiolingvistiske variablar til den sosiale variabelen kjønn.

Me har sett at /æ/-endinga har minkande oppslutning blant Grenlandsungdommen (sjå side 41). I høgfrekvente ord som presens av a-verb og hankjønn i ubunde fleirtal, og eigedomspronomenet 'hennærS', har gutane knapt noko fleirtal. I denne posisjonen kan dette trekket vere meir salient og difor meir utsett. I denne samanhengen er det interessant at det òg er flest guitar som meiner dei vekslar i bruken. Jentene er altså meir klare i bruken av dette trekket i desse posisjonane. Likevel er variasjonen for liten til å kunne stadfeste noko, men det viser ein tendens. Og denne tendensen blir styrka om ein ser korleis informantane har kryssa

av for komparativ av adjektiv, 'billiære'. Her er gutane i klart fleirtal i påstått bruk av den lokale varianten. Ut frå avkryssinga for 'gjestær' kan såleis denne endingsvokalen sjå ut til å vere noko maskulin. Men det er bare i bruken av trekket i dei mindre frekvente posisjonane. Når det gjeld dei høgfrekvente trekka svake a-verb i presens og hankjønnsord i ubunde fleirtal, viser den låge differansen mellom kjønna seg òg i dei munnlege intervjuia. A-verba hadde jamn fordeling mellom lokal og sentral realisering hjå dei tre jentene, medan nærmare to tredjedelar av realiseringane til gutane var sentrale former. Såleis var det større bruk av sentrale former hjå gutane. Ubunde fleirtalsformer av hankjønnsord var òg jamt fordelt mellom sentrale og lokale realiseringar hjå jentene. Godt over halvparten av realiseringane til gutane var ved desse trekka lokale. Det var altså større bruk av lokale trekk av gutane. Eg finn det rimeleg å slutte at på tvers av kjønn er det liten konsistent bruk av endingsvokalane /æ/ og /e/ i ordklassane a-verb i presens og hankjønnsord i ubunde fleirtal.

Avkryssingane for variantane med /a/-endingar viser det same mønsteret: Gutane er i fleirtal. Bunde fleirtal av hokjønn med tradisjonell hankjønnsending og passivforma i verb peikar seg ut med størst variasjon, med heile 22,5 prosentpoeng i differanse. Det er òg klart større bruk av 'roliaste' og 'ungane' blant gutane, sjølv om differansen i avkryssingar er mindre. Variabelen som skil seg ut er partisippet i presens. Her er differansen er forsvinnande liten, med minimale to prosentpoeng. Det interessante er likevel at det er jentene som er i fleirtal.

Skilnaden mellom korleis jentene og gutane har kryssa av for dei tradisjonelle vikværskje endingsvokalane, står teoriane om at jenter søker eit talemål prega av variantar som anten er prestisjeformer eller overregionale.

To variablar det er stor kjønnsvariasjon ved, er 'snål' og 'sjæl/sell'. Den lokale tydinga av 'snål' fekk veldig høg skår. I denne samanhengen ser me at det er særleg jentene som meiner å bruke ordet i den lokale tydinga, differansen er heile 19 prosentpoeng. Denne kjønnsskilnaden kan ha samanheng med bruksområdet til ordet. Den lokale varianten av 'snål' er nok eit noko «feminint» uttrykk, for jentene snakkar nok oftere om «kor koseleg, fint og søtt» noko er, enn det gutane gjer. Denne bruken medverkar til å «manifestere» meiningsinhaldet i ordet. Faktisk har ingen av jentene kryssa av for at 'snål' kan meine 'rar'. Variabelen 'sjæl/sell' viser òg stor kjønnsvariasjon. 17 prosentpoeng fleire av gutane kryssa av for varianten 'sjæl'. Ein grunn til at gutane er i fleirtal er at 31 % av jentene noterte ned ein alternativ variant og 3,5 %

markerte veksling. Ingen av gutane meiner dei vekslar, men 22,6 % av dei har òg ført opp ein alternativ variant. Alternativet er som me såg på side 40, for dei aller fleste 'sjøl'. Det ser til ein viss grad ut til at 'sjæl' er den «maskuline» varianten, og 'sjøl' den «feminine». Det er forresten bare ved denne variabelen at informantane førte opp eit alternativ i ei slik mengd at det kan vise noko utfall. Elles er nokre få alternativ ført opp ved nesten alle variablane av både jentene og gutane, men i så lite monn at det ikkje er nokon variasjon å nemne.

Det er bare ved to lokale variantar jentene er i klart fleirtal. I tillegg til 'snål', er det ti prosentpoeng fleire av jentene som markert at dei har /a/-ending i hokjønnsord som 'oppgava'. Dette trekket er heller ikkje så veldig lokalt, men allment i det meste av norsk. Det er helst for å normere målet sitt mot den mest formelle varieteten, ein gjerne bruker en-ending i hokjønn. På dette punktet ser det ikkje ut til at det er jentene i informantgruppa som har kryssa av slik ein kunne vente etter teorien om at jenter oftare bruker ein prestisjefull varietet.

Når det gjeld avkryssinga for 'blei', er dét òg eit trekk gutane er i fleirtal ved. Denne variabelen meiner eg representerer bruken av diftongar meir generelt, som i ord som «sein, rein og feit» og i preteritum sterke verb som «beit, dreiv og heiv». Unnataket ved denne variabelen er som eg nemnte på side 36 presens av verbet 'å vite'. Under det munnlege intervjuet blei dette ordet brukt 71 gonger, og realisert som 'veit' bare fire gonger. Ein frekvens på fire er for låg til å tillate at det kan sluttast noko meir om brukarane av han. Likevel kan det nemnast at dei tre informantane som sa 'veit' éin eller to gonger er alle gutter.

Sentrale variantar

Differansen mellom frekvensen til jentene og gutane er jamt over litt lågare ved markeringane for den meir sentrale varianten. Jentene og gutane fylgjer altså kvarandre tettare. Eg hadde venta at denne kurven skulle bli nokså lik den for dialektmarkeringane, bare omvendt. Og med tanke på kven som har fleirtal av markeringar, stemmer det.

Veksling mellom lokale og sentrale variantar

Ved veksling er det vanskeleg å sjå noko mønster i variasjonen mellom kjønna. I det heile er det snakk om få avkryssingar, og litt veksling er markert ved dei fleste variantane. Det er altså lite system i denne variasjonen, og er nok ganske tilfeldig. Likevel er det freistande å plukke ut variabelen med høgast vekslingsfrekvens, nemleg 'timær'. Med tanke på kor delt heile

informantgruppa er i bruken av denne variabelen, og at det helst er gutter som har kryssa av for denne, er det kanskje ikkje tilfeldig at det er 7 gutter mot 3 jenter som har markert veksling i bruken av dette trekket.

Oppsummering

Variabelen kjønn har vist seg å vere fruktbar. Materialet mitt viser at gutane jamt over har markert for høgare bruk av dei lokale formene, og såleis er dei med høgast dialektfrekvens. Likevel er ikkje den samla dialektfrekvensen så mykje høgare enn den for jentene. Konklusjonen må difor vere at endringsprosessen til Grenlands-målet går nokså jamt hjå ungdommen, men at jentene går føre i prosessen.

Sosioøkonomisk status

Sosioøkonomisk faktor er ein tradisjonell sosiolingvistisk faktor. Ein knyter språkbruken til dei sosioøkonomiske tilhøva språkbrukarane lever i. Dei sosioøkonomiske tilhøva kan ein definere ut frå fleire indikatorar, som utdanning, yrke, løn eller husvære. Korleis ein informant skårar på dei ulike indikatorane, vil vere grunnlag for eit indekstal for sosioøkonomisk status (jf. Western 1977:16). Samfunnets sosiale lagdeling kan vere finmaska, og overgangane nokså glidande. I Noreg er det helst to nivå som blir brukt: mellomklassen og arbeidarklassen. Det har òg vore utgangspunktet mitt. Eg har valt to kriterium med utgangspunkt i faktoren utdanning: eige utdanningsval og utdanningsnivået til foreldra. Eg reknar ikkje ut noko samla indekstal, i staden viser eg den eventuelle variasjonen korrelasjon med dei to kriteria avdekker. Det viktigaste kriteriet mitt for sosioøkonomisk variasjon er skuleretninga informantane er elevar ved, altså **utdanninga**. I hovudsak finst det to typar vidaregåande skuletypar. Det er dei som førebur eleven til å gå ut i arbeid, yrkesretta, og det er dei som førebur eleven til å ta høgare utdanning, allmennfag. For å fange opp eventuell variasjon mellom ungdommane ved dei ulike vidaregåande skulane, valde eg å hente informantar frå begge typane. Eventuell skilnad i dialektbruk mellom desse to skulelinjene, meiner eg viser sosial variasjon. Grunnen er at det ofte er typisk «arbeidarungdom» som går yrkesfagleg skule og typisk «akademikarungdom» som går allmennfagleg. Undersøkingar har vist at folk lett er konservative i desse vala, og gjerne vel utdanningsnivå etter kva for sosioøkonomisk nivå dei er vakse opp i. Dette stemmer sjølv sagt ikkje for alle. Difor har eg òg vald som kriterium utdanningsnivået til **foreldra**. Informantane opplyste om kva for yrke foreldra har, og ut frå det har eg tenkt ut kva for utdanning dei må ha til ein slik stilling. Tendensen er at

informantane går i foreldras fotspor. Det viser seg at 76 % av foreldra til elevane ved yrkesretta utdanning har eit yrke som heller ikkje krev høgare utdanning enn vidaregåande skule, medan 60 % av foreldra til elevane ved allmennfagleg utdanning har eit yrke som krev høgare utdanning. Differansen meiner eg seier noko om den sosiale mobiliteten i samfunnet. Det er oftare at folk tar høgare utdanning enn foreldra, enn omvendt.

Yrke og utdanningsnivå til foreldra seier òg ein del om kva slags heim informantane er vaks opp i. Yrket til foreldra seier mest sannsynleg noko om det sosioøkonomiske nivået til dei ulike heimane informantane voks opp i. For å kvantifisere, ser eg etter utdanningsnivået bak yrka. Det er viktig å skyte inn at sidan eg ikkje veit for sikkert kva for utdanning foreldra har, er denne variabelen ikkje heilt sikker. Likevel meiner eg han har sin verdi, når ein er klar over metoden bak denne faktoren.

Hypotese

Til variabelen sosioøkonomisk status, stiller eg opp som hypotese at funna mine vil vise at det er tradisjonelle skilnader. Eg trur skulelinje og sosial bakgrunn er grunnlag for markant variasjon i dialektbruk. Å klatre sosialt ved hjelp av språket er som eg var inne på på side 14, å standardisere målet sitt. Informantane som er elevar ved den allmennfaglege skulen ventar eg vil krysse oftare av for dei sentrale variantane, enn kva dei som er elevar ved dei yrkesfaglege skulane vil gjere. Og det er dei yrkesfaglege elevane som vil krysse av for dei mest lokale variantane, dei som ikkje bare blir rekna til sørøstnorsk bymål, men som er typiske for Grenland. Ut frå dette meiner eg å tru at det er ungdommar som går allmennfagleg skuleretning som går føre i endringsprosessen Grenlands-målet er i. Som fylgje av dette er det i tillegg rimeleg å tru at enkelte trekk vil peike seg ut som markørar, anten ved høg eller låg sosial prestisje. Om hypotesen ikkje slår til, og denne variabelen ikkje viser nokon relevant variasjon, kan grunnen vere at Skien og Grenland er ein såpass liten stad, at det ikkje er rom for dei store avstandane mellom dei sosioøkonomiske samfunnslaga. I tillegg er heile Grenland tradisjonelt eit arbeidarstrøk, så dei tradisjonelle høgare samfunnsklassane har vore lite representert. Difor meiner eg at yrke og utdanningsnivå til foreldra, ved å spegle den sosiale statusen i heimen, er ein viktig variabel. Hypotesen er at jo høgare utdanning foreldra har, jo lågare dialektfrekvens har informantane.


Empiri

Fordelinga av informantane er ikkje heilt jamn. 64 informantar går ved yrkesfagleg skule, og 44 ved allmennfagleg. For best å kunne samanlikne reknar eg difor ut den relative mengda av markeringar. Fyrst vil eg på grunnlag av skuleretninga til informantane sjå om det er nokon variasjon i dialektfrekvens og om enkelte trekk peikar seg ut, før eg ser kva foreldre som faktor har å seie for dialektfrekvensen. Etter gjennomgangen av desse to sosiale variablane, freistar eg å sjå dei under eitt.

Dialektfrekvens

Det er heilt klart at dei av informantane mine som er elevar ved yrkesfag pratar meir tradisjonelt Grenlands-mål enn dei som går allmennfag. Avkryssinga vitnar i alle fall om det. 63 % av markeringane dei yrkesfaglege informantane har gjort er for dei lokale variantane. Talet hjå dei allmennfaglege informantane er 50,5 %. Omvendt er andelen sentrale trekk 39 % hjå dei allmennfaglege og 29 % hjå dei yrkesfaglege. Ved veksling og oppføring av alternativ variant er det som me har vore inne på så småe tal at det er lite å snakke om. Likevel er det interessant å observere at det er om lag dobbelt så mange elevar ved allmennfag som kryssar av for veksling.


Stolpediagrammet under viser korleis informantane fordeler seg, etter skuleretning. Diagrammet er stilt opp på den same måten som ved variabelen kjønn, dvs. at eg tar utgangspunkt i dei lokale trekka når eg vil visualisere variasjonen og at informantane blir fordelt i dei fire frekvensgruppene etter kor ofte dei kryssa av for den lokale varianten. Som me hugsar, har informantane i gruppe I markert for flest lokale trekk, gruppe IV for færrest.



Dette stolpediagrammet viser variasjonen i dialektfrekvens mellom informantgruppene ved dei to skulelinjene. Me ser at to tredjedelar av dei yrkesfaglege informantane tilhører frekvensgruppene med høgast dialektfrekvens, gruppe I og II. Tyngdepunktet av dei allmennfaglege er jamt fordelt over gruppe II og III. Det er markant fleire yrkesfaglege i gruppe I enn allmennfaglege. Og motsett er dei allmennfaglege klart i fleirtal i gruppe IV. Materialet mitt gjer at ein tydeleg må slutte at skulelinje er ein viktig faktor for graden av bruk av lokale trekk.

Språkvariablane

I dette punktet vil eg ta for meg den språklege variasjonen på variabelnivå, etter i kor stor grad informantane har kryssa av for dei enkelte trekka. Den sosiale variabelen er skuleretning. Som ved variabelen kjønn, viser eg eit stolpediagram der stolpene markerer den relative differansen i prosentpoeng. Variablane er stilt opp etter differansen i avkryssinga for dei lokale variantane. I dette diagrammet er det dei yrkesfaglege informantane som styrer. Når dei har det relative fleirtalet av markeringane ved eit trekk, reiser stolpa seg over x-aksen. Verdiane til informantane ved allmennfag har fått negativt forteikn, så stolpene for deira markeringar peikar nedover. Eg minner om at tabellen for rapportert språkbruk, som eg vil vise til nedafor, er på side 39.



Det fyrste ein oppdagar med dette diagrammet, er at ved mest alle variablane har langt fleire av dei yrkesfaglege kryssa av for den lokale varianten. Faktisk er dei allmennfaglege informantane i overtal bare ved éin variabel, og då med eit knipent fleirtal.

Det er stor motsetnad i oppslutninga mellom informantane frå dei to skulelinjene ved fleire av variablane. Særleg er det dei morfologiske variablane det er størst differanse ved. Av desse variablane er det fem som dreier seg om endingsvokalen er /a/ eller /e/. Den største og mest eintydige variasjonen, er avkryssinga for variabelen 'kjøras', altså passivforma av verb. Ein tredjedel av dei yrkesfaglege meiner dei bruker den lokale varianten, medan 40 % av dei allmennfaglege gjer det. Det gjev ein differanse på 27 prosentpoeng. Differansen i avkryssing for den sentrale varianten, 'kjøres', er på 28 prosentpoeng. Over halvparten av dei allmennfaglege meiner å ha /e/-ending i dette ordet, mot bare ein fjerdedel av dei yrkesfaglege. Nesten like stor differanse er det ved ordet 'dørane'. Informantane ved yrkesfag held på den tradisjonelle forma, med typisk hankjønnsending i dette hokjønnsordet. Oppslutninga er elles i begge leirar om lag den same som ved 'kjøras'. Den lokale varianten av hankjønnsord i bunde fleirtal fekk samla litt større oppslutning. Ganske nøyaktig

halvparten av dei allmennfaglege meiner dei seier 'ungane', medan ein tredjedel av dei seier 'ungene'. Den lokale varianten står mykje sterkare hjå dei yrkesfaglege, der 72 % kryssa av for 'ungane', og under ein femtedel for den sentrale. Ved dette trekket var markert det noko veksling av informantar frå begge skuleretningane, av til saman åtte informantar. Størst er andelen av dei allmennfaglege. Den av desse fem /a/- variablane som fekk størst oppslutning totalt for den lokale varianten, er superlativ av adjektiv. Her er det òg markant skilnad mellom skuleretningane. Bare 14 % av dei yrkesfaglege kryssa av for 'roligste', mot over ein tredjedel av dei allmennfaglege. Over halvparten av dei allmennfaglege kryssa av for den 'roliaste', 20 prosentpoeng færre enn dei yrkesfaglege. Den siste av /a/-variabelen er ein av dei tre variablane der den samla informantgruppa delte seg ganske på midten. Ved å dele informantane inn etter skuleretning blir det tydeleg at oppslutninga er tilnærma omvendt mellom elevgruppene. Den lokale varianten, 'rasans', har fått markering av 55 % av dei yrkesfaglege og 38 % av dei allmennfaglege. Omvendt meiner 55 % av dei allmennfaglege at dei seier 'rasene', mot 36 % av dei yrkesfaglege. Samla har denne sosiale variabelen vist ein markant differanse i bruken av den språklege /a/-variabelen. Det er klart at det er språkbrukarane som går yrkesfagleg skuleretning som held på den lokale varianten. Særleg er den store differansen i avkryssingar for hokjønnsordet 'dør' i bunde fleirtal eit døme på det.

Den andre viktige morfologiske variabelen, er endingsvokalen /æ/. Differansen er jamt over lågare for desse språkvariablane, det var òg den samla oppslutninga om dei lokale variantane. Eigedomspronomenet 'hennær' var den lokale varianten med /æ/-ending som fekk klart flest kryss ved seg. Bruken av denne varianten er i grunn noko det er stor semje om på tvers av skulene, noko differanse-stolpene vitnar om. Komparativforma av adjektiv viser mykje større differanse. 70 % av dei yrkesfaglege kryssa av for 'billiære' og ein fjerdedel for 'billi(e)re'. Tala for dei allmennfaglege er litt under halvparten og 40 %. Stolpene over veksling og alternativ oppføring, viser at det er dei yrkesfaglege som er tryggast i bruken i dette tilfellet. Hankjønnsord i ubunde fleirtal og a-verb i presens var dei to andre variablane der informantgruppa delte seg i to. Vel halvparten av dei yrkesfaglege hevdar å bruke 'timær', litt færre 'fiksær'. Andelen allmennfaglege er like stor ved begge dei lokale variantane, litt over ein tredjedel. Den sentrale varianten 'fikser' er det lite variasjon pga. skulelinje for: 45 % av dei yrkesfaglege og litt over halvparten av dei allmennfaglege. 'Timer' er det under ein tredjedel av dei yrkesfaglege meiner dei seier og litt under 40 % av dei allmennfaglege. Det er denne variabelen det er mest veksling ved, og det er langt fleire av dei allmennfaglege

informantane som har markert veksling. Faktisk markerte vel ein femtedel av dei allmennfaglege at dei vekslar, 13 prosentpoeng fleire enn dei yrkesfaglege. Desse tala meiner eg stadfestar at dette trekket, og særleg i denne posisjonen, er i endring. Dei yrkesfaglege informantane er langt tryggare i bruken av denne variabelen, og dei fleste held seg til den lokale varianten. Dei allmennfaglege er delte på midten mellom lokal og sentral variant, og ein god del av dei har valt å vise at dei vekslar i bruken av denne variabelen. At det er dei allmennfaglege som markerer størst variasjon i bruken av det som kan hende er den mest saliente variabelen, står teorien om at det er dei som fyrst legger av seg dei mest lokale trekka. Markeringa ved denne variabelen gjev nok eit godt døme på korleis språkbrukarar oppfører seg når språket er under endring.

Når det gjeld veksling meir generelt, er det i stor grad elevane ved allmennfagleg skule som har markert at dei vekslar. Samanlagt er det lite veksling, og noko veksling er det markert ved mest alle variablane. Difor er det interessant at den vesle veksling som er, er det helst den eine sosiale gruppa som står for.

Den femte og siste av /æ/-variablane representerer ein viktig skilnad mellom desse to sosiale gruppene. Sjølv om dei ikkje er så mange, er det bare yrkesfaglege informantar som har kryssa av for analogi-varianten 'gjestær', medan éin allmennfagleg informant markerte veksling. Denne avkryssinga er med på bygge under hypotesen om at det er informantane ved yrkesfagleg skule som markerer at dei bruker dei mest lokalt prega formene.

Denne variasjonen i bruken av /æ/-endingane kjem òg fram i det munnlege materialet. Som nemnt på side 41, blei a-verb brukt til saman 181 gonger og hankjønnsord i ubunde fleirtal 109 gonger under samtalen. Langt dei fleste verba som blei realisert med endingsvokalen /æ/, er det informantane ved yrkesfag som ytra. Dei yrkesfaglege brukte så og seie ikkje endinga /e/. Det same mønsteret er like tydeleg i realiseringa av hankjønnsorda. På spørsmål om kva for trekk som er typisk for Grenland, nemnte alle /æ/-endingane, fyrst og fremst, og /a/-endingane. Ut frå det munnlege materialet, må eg såleis kunne trekke slutninga at dei vikværskje endingane med /æ/ og /a/ peikar seg ut som sosiale markørar, der det er folk med lågare utdanning som meiner dei bruker desse endingane og som faktisk gjer det òg.

Det er ingen einskapleg markering ved dei meir generelt austlandske trekka 'å', 'mårra', 'sjæl', 'oppgava', 'vårs' og 'hælja'. Eg tenkte det ville vise seg at dei allmennfaglege elevane i større grad markerte bruk av den sentrale varianten. Det stemmer òg. Men det er ulik grad av differanse ved dei ulike trekka. Viktige skilnader er ved 'sjæl' og 'mårra'. Langt fleire av allmennfagselevane hevdar å bruke 'sell', ein variant eg faktisk trudde ville vere for standardnær til å bli tatt opp i særleg monn. Ein annan grunn til at såpass få dei ved allmennfag kryssa av for 'sjæl', er at dei førte opp 'sjøl' som alternativ. Det er langt fleire av dei yrkesfaglege som kryssa av for 'mårra'. Likevel er det ikkje slik at dei allmennfaglege i stort tal bruker 'må'årn', men mange av dei markerer at dei vekslar mellom den sentrale og lokale varianten. Dei yrkesfaglege er òg i fleirtal ved bruken av 'såvi', men no byrjar differansen å bli låg. Det er likevel to poeng å merke seg ved desse austlandsvariablane: Dei yrkesfaglege er jamt over i fleirtal i bruken av den mest lokale varianten, som representerer det søraustnorske bymålet. Og dei allmennfaglege har jamt over markert for større grad av veksling. Dette skulle tyde på at hypotesen stemmer om at det er dei allmennfaglege som helst tar i bruk dei mest klassisk-standardnære variantane.

Dei mest lokale trekka, 'mellom' og 'snål', står i veldig ulike stillingar. Det blei rapportert minimalt med samanfall mellom preposisjonane 'mellom' og 'gjennom'. Her kjem det fram at det av dei ti som held oppe dette samanfallet er bare to allmennfagselevar. I motsetning står 'snål', som dei aller fleste bruker i lokal tyding. Differansen er så liten ved denne variabalen, at det er ikkje mogleg å sjå nokon sosiale variasjon. Likevel kan det mest som ein kuriositet nemnast at det er bare ved den lokale varianten av 'snål' allmennfagsinformantane skårar høgast.

Utdanningsnivået til foreldra

I fylgle tala frå materialet mitt, ser det ut til at av dei til saman 206 foreldra, arbeider 96 av dei med noko som ikkje føreset meir enn vidaregåande skule, 103 har yrke som krev høgskuleutdanning, medan bare sju ser ut til å ha akademisk kvalifikasjon. Eg kvantifiserer opplysningane ved å gje mødrene og fedrane poeng etter kva utdanningsnivå yrket deira krev. Om yrket krev akademisk utdanning, gjev eg tre poeng, høgskuleutdanning får to poeng, medan vidaregåande skule tilsvarer eitt poeng. Ved å korrelere poengsummen til foreldra med dialektfrekvensen til informantane, blir det mogleg å sjå om det er nokon samvariasjon.

dial fr	mor					far				
	vid	høg	uni	poeng	snitt	vid	høg	uni	poeng	snitt
I	16	8	1	35	1,4	16	10	0	36	1,39
II	19	15	1	52	1,49	16	16	2	54	1,59
III	14	15	0	44	1,52	9	19	1	50	1,72
IV	3	11	0	25	1,79	3	9	2	27	1,93
	52	49	2	156	1,51	44	54	5	167	1,62

Tabellen over viser klart at det gjennomsnittlege utdanningsnivået til foreldra aukar i takt med at dialektfrekvensen til borna deira minkar. Det er altså tydeleg samvariasjon. Tala bak tabellen viser at fordelinga ikkje er unnvikande, unntatt ved eitt punkt: Borna til dei to mødrene som har utdanning på universitetsnivå, er i dialektfrekvensgruppe I og II. Om ein godkjenner metoden bak denne utrekninga, kan ein slutte at heimens sosioøkonomiske status nesten eintydig har innverknad på talemåten.

Oppsummering

Denne variabelen har i høg grad vist stor samvariasjon mellom sosiale grupper og språklege variablar. Variabelen har fått fram at det er til dels store skilnader i språkbruken på grunnlag av utdanningsnivå. Og det er klart at det er dei med lågare utdanning som pratar mest tradisjonelt Grenlands-mål.

Geografi

Ein tradisjonell faktor i dialektforskinga, er eit talemål si geografiske tilknyting. Strengt tatt er ikkje denne faktoren ein sosial faktor, men han blir brukt i sosiolinguistikken i samband med endringsteoriar, som regionalisering. Denne variabelen består av fleire faktorar. Eg skil informantane etter om kvar dei bur i forhold til Skien, kvar i Skien dei eventuelt bur, og kor lenge dei i har budd i Grenland. I tillegg vil eg knyte språkbruken til kvar foreldra deira kjem frå. Desse opplysningane vil eg nytte til å sjå både kva dei kan ha å seie for den generelle dialektbruken og om dei utgjer nokon variasjon på trekknivå.

Det er i grunn Skiens-målet eg helst ville undersøke, og eg ynskjer å isolere Skiens-informantane for å sjå korleis dei pratar, men òg for å sjå om det er nokon **skilnad mellom** folk frå **Skien** og folk frå andre stader i **Grenland**. Det er to grunnar til å tru at informantane frå Skien har lågare dialektfrekvens. Skien er sentrum av Grenland og den største kommunen. Om det går føre seg ein regionaliseringsprosess etter urban jumping-modellen, vil folk i Skien

ta til å normere før dei mindre stadene i regionen. Den andre grunnen er sosioøkonomisk. Av informantane mine frå andre stader i Grenland enn Skien, går langt dei fleste (86 %) yrkesfagleg studieretning.

Papazian (1987) skriv at typisk for **talemålssituasjonen i småbyar** er ei tredeling. I eit bymiljø vil det vere dei som pratar eit tilnærma nasjonalt standardmål, dei som pratar den tradisjonelle dialekten for denne staden, og det er dei som pratar det typiske bymålet som gjerne er ein mellomting av dei to fyrstnemnte. Det er ofte tradisjon for at den sosioøkonomiske eliten i byen pratar eit standardmål. Årsaka meiner eg er at mange av desse folka gjerne ikkje er frå byen, men er innflyttarar, eller har vore utflytta over ein lengre periode blant anna for å utdanne seg. Ved begge høve er det stor sjanse for at dei har eit kontaktnett som spreier seg til andre stader, og elles er mindre knytte til heimstaden. I tillegg er det ofte ein norm i denne samfunnsklassen å normere målet sitt. Frå ein sosioøkonomisk vinkel, kan ein seie at språkbrukarane inne i byen er for fine til å prate det bondske målet ein kan høyre rundt byen, og ikkje fine nok til å klare å prate normert.

Leif K. Roksund legg vekt på at Skien by har hatt liten geografisk utbreiing, med store jordbruksområde rundt, til liks med dei fleste byar. Han skriv at «ennå i dag kan det merkes språklige forskjeller mellom de bynære områdene og de mer utkantprega deler av storkommunen» (Roksund 1997:14). I dag trur eg denne eventuelle variasjonen er blitt minimal, og at det er vanskeleg å fange opp og måle dei skilnadene som enno måtte finnast. Kommunikasjonen er så mykje større no, og folk er ikkje så knytte til bydelen sin som tidlegare. Truleg må ein opp på større geografisk nivå, og sjå heile Grenland under eitt. Det er vanleg å ha heile kommunen sin som spelrom, ein handlar ikkje bare lokalt. I tillegg er Grenland ein stadig meir samansveisa region der folk ikkje kjenner seg avgrensa av kommunegrensene. Særleg ungdom fartar mykje mellom dei ulike stadene, og er ofte tiltrekte av fritidstilboda som er i sentrum, som kino, uteliv og eventuelt organisasjonsliv, i tillegg til at dei vidaregåande skulane er ein samlestad. I Grenland er likevel dei viktigaste områdemotsetningane truleg mellom byane Skien og Porsgrunn på den eine sida og dei meir landlege kommunane Bamble og Siljan på den andre sida.

I dei fleste byar er det strøk som er dyrare eller billigare å halde hus i. Slik er det i Skien òg, sjølv om skilnadene på langt nær er så markante og store som t.d. i Oslo. Denne faktoren kan

verke inn på den språklege variasjonen. Innflytting kan vere ein enda viktigare faktor for språkutviklinga, og den synkrone språkdifferensieringa i Grenland. Etter som folketalet i kommunen veks, blir nye område bygd ut som bustadområde. Slike bustadområde fungerer helst som «sovebyar», der få folk har arbeidsplassane sine. Men borna som veks opp der, opplever eit språkmiljø som kan innebere mange ulike dialektar. Det er sjølvsagt med på å forme målet til dei unge. For utan tanke på kvar folk opphavleg kjem i frå, så er alle som no bur i Grenland grenlendarar. Og alle grenlendarar er med på å danne Grenlands-målet, om me orienterer oss mot ein synkron oppfatning av geolekten grensk.

Likevel reknar eg med at tida ein har budd ein stad har sitt å seie for kor godt ein talar det lokale målet. For å kunne undersøke eventuell geografisk variasjon i talemålet innafor Skien, blei informantane som bur i Skien kommune bedne om å føre opp kva kant av byen dei bur i. På skjemaet kunne informantane notere kor lenge dei hadde budd i Skien og eventuelt andre stader. Den informasjonen knyter eg til avkryssingane ved dei språklege variablane, for å sjå kva det kan ha å seie for bruken av grensk, og for å kunne sjå kva for grupper som gjer mest bruk av grensken.

Under dette geografikapitlet, har eg med foreldre som faktor, sidan eg føreset at foreldra pratar slik ein tradisjonelt pratar på den staden dei opphavleg er i frå. I forsøk på å finne ei nedre aldersgrense for akkommodasjon skriv Trudgill at ungar er veldig flinke til å tilpasse målet sitt til omgjevnadene, og gjer det både raskare og meir fullendt enn voksne: «young children, unlike adults, are indeed capable of accomodating totally the speech of their peers» (1986:31). Ut frå dette sluttar Trudgill korleis dialektar på små stader overlever trass i stor innflytting. Likevel vil alltid foreldra ha lagt eit grunnlag som det er vanskeleg å bli kvitt. Trudgill refererer til eit studie av Payne (1976, 1980), som har vist at det ofte er «a few fine phonological details» (Trudgill 1986:34) som borna ikkje får med seg. Det kan altså sjå ut til at jo meir lingvistisk komplekst, jo tidlegare må borna starte akkommodering for å lukkast. Faktisk så tidleg at om ikkje minst den eine forelderen er frå staden barnet veks opp, vil det aldri tilegne seg den lokale dialekten fullt ut. Trudgill konkluderer med at

speakers are not capable of acquiring the correct underlying phonological distinction unless they are exposed to it from the very beginning, before they themselves have even begun to speak. (Trudgill 1986:36)

Ut frå dette var det difor eit poeng for meg å spørje informantane mine kvar foreldra deira er i frå. Svara til informantane har eg kvantifisert i fem geografiske einingar, etter kva for talemål

foreldra kan tenkast å ha: Grenland, Telemark (utafor Grenland), Austlandet (utafor Grenland og Telemark), Noreg (utafor Austlandet) og utlandet. Eg går altså ut i frå at foreldra pratar slik dei tradisjonelt pratar på den staden dei opphavleg er i frå. Ei slik slutning går på tvers av mykje anna eg har presentert i oppgåva. Men det er einaste måten å kunne trekke inn denne faktoren, då det var praktisk umogleg for meg å undersøke talemålet til kvar enkelt av foreldra til informantane mine. Difor vel eg òg å ikkje sjå på funna mine som vitskapleg heilt korrekte, men likevel stole på at tendensen dei peikar på er truverdig.

Hypotesar


I dette kapitlet om geografi som variabel, set eg opp fire hypotesar. I tråd med urban jumping-modellen, vil informantane frå Skien prate meir normert enn dei frå resten av Grenland. Og av ulike årsaker eg har nemnt, er det òg rimeleg å tru at dei som bur mest sentralt og i dei nye bydelane i Skien pratar minst lokalt prega, medan Skiens-informantane frå rurale område eller som bur i gamle bydelar pratar mest lokalt. Den tredje hypotesen er at dei som har budd lengst i Grenland har høgst dialektfrekvens, og desse informantane er dei som helst bruker dei mest lokale trekka. Til foreldre som variabel, kan ein gå ut i frå at informantane som har høgst dialektfrekvens har foreldra frå Grenland, eller at dei har talemål som ikkje unnvik så mykje frå grensk.

Empiri

Her er informantane fordelt etter kva dei oppførte som *heimstaden* deira. Av dei 108 informantane er det 63 som reknar Skien som heimstaden sin. 36 er heimehøyrande andre stader i Grenland, medan ni er frå indre deler av Telemark. Eg vil bare presentere dialektfrekvensnivået, og trekke inn dei trekka som peikar seg særskilt ut. Fyrst ser eg om det er noko skilje på språkbruken til informantane etter om dei er frå Skien eller andre stader i Grenland. Dinest vil eg dele Skiens-informantane etter kva for bydel dei kjem frå. Det er ikkje alle informantane som har budd i Grenland heile sitt liv. Eg vil freiste å dele dei inn etter kvar dei kjem frå og kor lenge dei har budd i Grenland. Til slutt vil eg òg komme inn på den geografiske bakgrunnen til foreldra.

Skien vs. Grenland

Sidan eg er ute etter eventuell skilnad mellom ungdom i Skien og andre stader i Grenland, har eg halde dei andre telemarkingane ute. Informantane er fordelt i dei fire frekvensgruppene.



Skiens-informantane er i fleirtal i gruppene med høgast og lågast frekvens, medan dei er i mindretal i dei to midtre gruppene. Eit slikt resultat gjer det i alle fall vanskeleg å konkludere med at hypotesen stemmer, at ungdom frå Skien pratar meir normert enn dei andre grenlendarane. Stolpene til gruppe IV skjuler rett nok at av desse sju informantane er det bare Skiens-folk som har kryssa av for så få som bare tre eller to lokale trekk. Elles speglar stolpediagrammet rimeleg godt fordelinga av informantane. Ut i frå mitt materiale må eg såleis kunne slutte at variasjonen i bruken av Grenlands-målet ikkje er på kommunenivå. Difor kan Skien heller ikkje vere eit språkleg sentrum for Grenland.

Bydelane i Skien

På spørjeskjemaet hadde eg lista opp ti bydelar, i tillegg til ei open linje i fall eg opererte med ei anna inndeling enn det alle var vante med. Av dette blir det veldig mange celler, mange av dei tomme. Difor slår eg saman dei ti bydelane til fire område: sentrumsområda, dei gamle bustadområda rundt byen, dei nyare drabantbyane og dei gamle bygdene Gjerpen og Solum som i dag er jordbruksområda i Skien kommune. To Skiens-informantar oppgav ikkje kvar i kommunen dei bur, difor er det til saman 61 informantar med i denne tabellen.

dial fr	sentrum	nye drabant	gml drabant	G/S	sum
I	0	3	10	4	17
II	3	9	7	2	21
III	2	6	4	1	13
IV	1	4	4	1	10
	6	22	25	8	61

Materialet mitt viser ikkje store skilnader i språkbruk etter kva for bydel informantane er frå. Både sentrumsområdet og jordbruksområda er lite representerte, og gjev eit lite grunnlag for

generalisering. Tendensen er likevel at fleirtalet av dei har kryssa av for relativt mange lokale trekk. Informantane busette i dei eldre bustadområda viser eit tydelegare bilde. Avkryssinga deira styrkar tendensen til at eit fleirtal hevdar å prate nokså lokalt prega. Informantane frå dei nyare bydelane, som meir er som drabantbyar å rekne, har få representantar i frekvensgruppe I, men likevel mange i gruppe II. For alle dei fire «bydelane» er det altså eit fleirtal av informantane som har kryssa av for mange lokale variantar.

Kor lenge grenlendarane har budd i Grenland

Det er 99 informantar som reknar Grenland som heimstaden sin. På grunnlag av opplysningane om kor lenge dei har budd på dei eventuelt ulike bustadane sine, har eg kvantifisert tre grupper. Om desse 18-19-åringane har budd i Grenland i minst 17 år, reknar eg det som å ha budd i regionen heile livet. Det utgjer 79 av informantane. Det er ti som har budd i Grenland i minst ni år, eller over halve livet sitt, noko eg her reknar som mykje. Dei siste ti har budd lite, eller ikkje meir enn åtte år, i Grenland.

dialektfrekvens	heile	mykje	lite	sum
I	25	1	0	26
II	31	3	2	36
III	16	5	3	24
IV	7	1	5	13
	79	10	10	99

Materialet mitt viser ein klar samanheng mellom kor lenge ein har budd i Grenland, og kor høg dialektfrekvens ein har. Det store fleirtalet av dei som har budd heile livet i regionen, har eit så lokalt prega talemål, at dei er i frekvensgruppe I. Faktisk er alle dei i frekvensgruppe I av dei som alltid har budd i Grenland. Derimot viser det seg at dei som har budd på staden i kortare tid, har kryssa av for så få lokale trekk, at dei hamnar i den andre enden av frekvensskalaen. Motsett stadfestar tala mine òg at om ein har budd ein stad heile livet fylgjer det ikkje automatisk at ein pratar sterkt lokalt prega. Det viser stolpe III og IV, kor det òg er ein del som har budd heile livet i Grenland.

Oppvekststad

Tabellen over fortel at 79 av dei grenske informantane alltid har budd i Grenland. Dei som kan reknast som innflyttarar, har tydeleg tatt det grenske målet i bruk i ulik grad. No høyrer det med at bakgrunnen til innflyttarane er i ulik grad eksotisk. Nokre få er frå utlandet og fjerne stader i Noreg, medan andre er frå andre stader i fylket. Om me går desse 28

informantane nærmare på livet, oppdagar me at 14 opphavleg er frå Telemark, seks frå andre stader på Austlandet, tre er lenger vekk i frå, medan fem har utlandsk bakgrunn.

dialekt	Telemark	Austlandet	Noreg	utlandet	sum
I	2	1	0	0	3
II	1	1	0	0	2
III	8	0	1	4	13
IV	3	4	2	1	10
	14	6	3	5	28

Oppstillinga i tabellen viser fort ein tendens av samvariasjon. Det er ikkje så mange informantar her, så ein del celler blir ståande tomme. Likevel er det tydeleg at informantane med bakgrunn frå utlandet eller frå fjernare område av Noreg har låg dialektfrekvens. Det har nok samanheng med at talemålet deira i fyrste omgang var nokså ulikt grensk. Me ser at av dei som har vakse opp ein annan stad på Austlandet, er det to som har høg dialektfrekvens, likevel hamnar dei fleste av dei i gruppe IV. Informantane med bakgrunn frå Telemark fordeler seg over heile skalaen, men dei fleste er i gruppe III. Dei to telemarkingane med 16 lokale trekk er frå Nome og Sauherad, ikkje langt frå Grenland. Særleg ligg Nome tett på, og Gjermundsen (1977) har vist at skilnaden ikkje alltid er noko større (som me såg på side 9). Den eine telemarkingen som har kryssa av for tolv lokale trekk er òg frå Nome. Dei elleve andre telemarkingane har spreidd seg jamt mellom to og ti lokale trekk. Dei fleste av dei har elles i stor grad ført opp alternative variantar frå eigen dialekt.


Ved å gå ned på individnivå kan me sjå nærmare på bakgrunnen til somme av informantane. I gruppa med dei som har aller lågast dialektfrekvens er det særleg informantane med opphav frå andre stader på Austlandet som har veldig låg dialektfrekvens. Ein av dei har markert for bruk av bare fire lokale variantar, og dei to andre for tre eller to kvar. Informanten med bare to lokale trekk er ein gut, og frå lista mi er det bare 'snål' og 'hælja' han bruker. Ved sida av 'snål', bruker jenta med bare tre trekk orda 'mårra' og 'oppgava'. Desse informantane går begge på allmennfag. Informanten med fire trekk går på allmennfag og er gut, og han bruker desse dialektale trekka: 'blei', 'mårra', 'hælja' og 'oppgava'. To av desse tre informantane bruker den lokale varianten av 'snål', og det er jo interessant. Om me fylgjer dette trekket litt, og ser på kvar foreldra til brukarane av dette ordet er i frå, så ser me at han med bare to trekk har foreldra sine frå Oslo og Bærum, ho med tre trekk har begge foreldra sine frå Jugoslavia. Han med foreldra frå Oslo-kanten har budd i Grenland i seks år, og ho med jugoslaviske foreldre har budd i Grenland i bare fem år. Det er interessant at slike som desse to

informantane såpass kjapt har tatt til seg den særegne tydinga av dette ordet. At dei òg bruker trekka 'mårra', 'oppgava' og 'hælja' er enklare å forstå, då det er gjengse austlandske ord. Men dei meir saliente vikværsk grengrenlandske formene med /æ/- og /a/-endingane, har desse ikkje tatt opp i målet sitt. Kan hende dei har oppfatta dei sosiale konnotasjonane desse trekka har. At to av informantane som kjem frå utlandet skårar såpass høgt på frekvensskalaen, med ti lokale trekk, kan nok forklarast med at sidan dei ikkje har budd andre stader i Noreg, er grensk den norske varieteten dei kjenner best.

Det er to informantar som kjem frå fjernare kantar av landet. At ho frå Stord bruker såpass mange lokale skienstrekk som ni, har nok samanheng med at ho har budd 15 år i Skien. 15 år er jo mesteparten av livet til ein 19-åring, likevel har ikkje informanten tatt til seg av heile det grenske vokabularet. Ein viktig tilleggsinformasjon er at begge foreldra hennar òg er frå vestlandet. Så i heimen kan ein tenke seg at det nok har vore mykje bruk av den opphavlege dialekten deira, i alle fall frå foreldras side. Ho som kjem frå Narvik, har budd i Skien i åtte år, og har altså ein dialektfrekvens på bare to trekk.

Kvar foreldra kjem frå

Dei aller fleste informantane førte opp staden foreldra deira er i frå. No veit eg ikkje korleis foreldra pratar, eller om informantane bur eller har budd i lag med nokon av dei. Difor er reliabiliteten ved dette punktet heller låg. Langt dei fleste av foreldra er i frå Grenland. Det gjev skeive forhold ved cellefordelinga. Difor har eg slått saman foreldregruppene i to grupper, etter om dei er frå Grenland eller ikkje. Hypotesen er at korleis foreldra pratar har innverknad på talemålet til borna. Difor ventar eg at informantane med foreldre som er frå vil rapportere større bruk av grenske og vikværsk trekk enn dei andre informantane.



Denne variabelen viser høg grad av samvariasjon med dialektfrekvensen. Majoriteten av informantane med høg dialektfrekvens, har foreldre som sjølve er frå Grenland. Konklusjonen må ganske enkelt bli at materialet mitt heilt klart stadfestar hypotesen.

Oppsummering av bustadvariabelen

Informantane fordele seg ikkje like markant etter denne variabelen. Geografi og bustad viser på langt nær så stor samanheng med språkbruken som dei to føregåande variablane. Likevel er dei tendensane som kom fram viktige nok. Det ser ut til at denne variabelen er av mindre relevans på eit så lokalt nivå som Grenland. Variasjonen mellom dei ulike stadene i Grenland og Skien er minimal. Det var fyrst då området utafor Grenland blei trekt inn at det viste seg samvariasjon.

Oppsummering av den sosiale faktoren

Fyrst vil eg nemne at alle desse tre variablane viste seg å vere fruktbare. Dei viser til dels sterke samvariasjon mellom språkbruk og sosial gruppe. Likevel peikar den sosioøkonomiske variabelen seg særleg ut. Både knytt til dialektfrekvens og dei enkelte språkvariablane, viste variabelen skulelinje sterke differanse enn variabelen kjønn.

Trekk som i særleg grad skil seg ut som indikatorar er den vikværske /a/-endinga i dei fleste posisjonane, 'sjæl/sell' og 'snål'. Det er i størst grad jentene som held ved den grenske tydinga av 'snål'. Dei to andre trekka viser store differanse ved både kjønn og skulelinje, og det er gutane og dei yrkesfaglege som i størst grad meiner å bruke den lokale varianten.

Ved å fylge fordelinga av informantane etter dialektfrekvensen gjennom dei tre variablane kjønn, skulelinje og utdanningsnivå til foreldra, ser det ut til å vere rimeleg å snakke om sosiolektiske tilhøve i Grenland. Særleg er det utdanningsnivået generelt som skil mellom dei sosiolektiske gruppene.

Fenomenologi

Kunnskapssosiologi har som utgangspunkt at røyndomen er subjektiv. Røyndommen er summen av erfaringane me gjer oss. For å få innsikt i oppfatninga folk har av røyndommen, er oppgåva å analysere korleis denne røyndommen blir bygd opp. Ein må ta tak i kva folk opplever som si verd. Teorien om fenomenologi går ut på intensjonalitet. Fokuset er ikkje på kva ein tenker *på*, men kva ein tenker *om* det ein tenker på. Dagfinn Føllesdal (1998) skriv at til all tankeverksemد er retta mot noko, ein konkret eller abstrakt 'gjenstand', og at til denne rettinga hører ein intensjon.

Karakteristisk for all menneskelig sjelsvirksomhet, [...] er at den er **rettet mot noe**, intenderer noe. Likesom det er noe vi elsker, er det noe vi sanser når vi sanser, noe vi tenker når vi tenker, osv. [...] Rettetheten har intet med gjenstandens realitet å gjøre, [...] gjenstanden er selv på en måte «intensjonelt» inneholdt i vår sjelsvirksomhet. Og [Brentano] definerte sjeelige fenomener som «fenomener som inneholder en gjenstand i seg intensjonelt». (Føllesdal 1998:169f, mi uthaving)

Ein konsekvens er at oppfatninga vår av omverda er subjektiv. Alt me erfarer, er det bare me som erfarer, og me gjev det verdi og innhald. Det me veit eller trur om noko er med på å avgjere korleis me handlar i forhold til dette. «Fenomenologen analyserer våre akters noemata [ɔ: intensjonar] for å klarlegge hvordan verden konstitueres av medvitet vårt» (Føllesdal 1993:183). For å komme inn på folk, må desse omgrepa operasjonaliserast. Om den prosessen skriv Akselberg (1995:72, mi uthaving):

Det er problematisk, for ikkje å seia uråd, å få tilgang til dei fenomenologiske tilhøva direkte, difor må den fenomenologiske tilnærminga operasjonaliserast slik at dei fenomenologiske tilhøva kan registrerast **indirekte**.

Akselberg viser til Thomas Luckmann som bruker omgrepet parallelhandlingar for å operasjonalisere dei fenomenologiske aksjonane eller handlingane. Korleis me menneske faktisk handlar, medvite og umedvite, konkret og abstrakt, er indirekte uttrykk for dei fenomenologiske handlingane. Dei fenomenologiske og faktiske handlingane er altså parallelle.

Sosiale felt

Menneske som langt på veg konstituerer verda si etter same verdisystem og oppfatningar, lever innafor det same *feltet*. Eit felt er såleis ein sosial samanheng med ein del grunnleggande idear. Sosiale felt er noko ein definerer seg inn eller ut av. Akselberg bruker omgrepa tradisjon og modernitet som felt, og freistar å sjå korleis språkbrukarane pratar etter kva for felt dei definerer seg inn i:

[D]ei informantane som utfører mange tradisjonelle aksjonar, vil ha ei livsverd som er meir tradisjonelt konstituert enn dei informantane som utfører mange moderne aksjonar. Ved å kartleggja slike parallelle aksjonar får vi innsikt i fenomenologiske tilhøve. (Akselberg 1995:72)

Eg vil i oppgåva mi bruke tilhøve til heimstaden som eit sosialt felt. Ut frå tanken om at folk som kjenner seg knytte til heimstaden sin, og tenker seg livet levd på denne lokale og kjente plassen, konstituerer livsverda si noko annleis enn dei som kjenner seg mindre knytte til heimstaden sin, og som gjerne ser for seg at livet kan levast kan hende betre ein annan stad. Aksen er altså ikkje mellom dei dikotomiske felta tradisjonell og moderne, men mellom «heimekjær» og «flytteklar». Likevel kan denne dikotomien bli forstått inn under Akselberg sin dikotomi. Då definerer ein det som tradisjonelt å orientere seg heimover og moderne å orientere seg vekk frå heimstaden sin.

Variablar

Operasjonaliseringa av denne variabelen er at det finst ein parallel mellom å orientere seg lokalt eller å rette seg mot noko meir overlokalt eller sentralt. Her vil eg kort presentere variablane eg har brukt. Dei vil bli meir utdjupa ved dei enkelte punkta i empiriavsnittet.

Eg har valt to feltvariablar: framtidssplanar og kjensler for heimstaden. Framtidssplanane har eg delt opp i faktorane bustad og utdanning, og i nær og fjern framtid. Det er *planane* deira eg her er ute etter, ikkje kva som faktisk er, eller vil bli, tilfelle. Folk kan ha planar og draumar som ikkje fell saman med det verkelege livet, men som likevel er styrande for korleis dei oppfattar omverda og deira rolle i denne.

Til variabelen heimstaden har eg spurt kva informantane synest om å bu der som dei har oppført som heimstaden deira. Om ein er positiv eller negativ til heimstaden, kan indirekte seie noko om kor knytte dei er til heimstaden. Spørsmålet er altså om det er slik at dei som rettar seg bort frå heimstaden pratar meir sentralt, enn dei som knyt seg til heimstaden sin.

Som ein kan sjå av spørjeskjemaet, spurte eg om kva dei driv med på fritida. Innsamlinga av desse opplysningane valde eg å gje eit kvalitativt preg, ved å be informantane fritt skrive opp på ei tom linje. Rubrikkar med alternativ var eg redd for kunne miste ein del aktivitetar ved at eg bomma. Ved handsaminga av materialet innser eg at innsamlinga var for open, og at det ikkje er mogleg å kvantifisere svara. Difor er ikkje dette spørsmålet handsama.

Hypotese

Hypotesen er at dei som er mest knytte til Grenland og har planar om å halde fram med å bu på denne staden, òg vil ha stor bruk av grenske språktrekk. Alternativet er gjerne å vere meir sentralt retta, noko eg meiner vil gje seg språklege utslag med. Påstanden er at desse informantane vil krysse av for langt fleire sentrale språkvariantar. Det vil altså vere klar samanheng mellom feltvariablane og avkryssinga for språkvariablane. Eg vil sette opp meir detaljerte hypotesar ved dei enkelte punkta i empiriavsnittet.

Empiri

Eg vil først gå gjennom framtidsplanane for dei nærmaste åra, kva dei har tenkt å gjere og kvar dei vil bu. Dinest ser eg på kva for planar dei har for bustad og yrke lenger fram i tid, då dei fleste kan rekne med å vere ganske etablerte. Siste punktet er kva for haldningar dei har til heimstaden sin, før eg oppsummerer fenomenologikapitlet.

Framtidsplanar

Informantane opplyste om kvar dei reknar med å bu og kva dei ville gjere, i den nærmaste framtida og 15 år fram i tid. Eg ynskte å vite om både kortsiktige og langsiktige planar. Flyttar dei ut for godt eller vil dei attende etter ein luftetur? Skal dei studere eller jobbe med ein gong, og kva for yrke reknar dei med å ende opp i? Eg ynskjer å få tak i framtidsplanane deira for å korrelere dei med språkbruken., som ein sosiolingvistisk variabel eller altså ein feltvariabel. Slik blir fenomenologien operasjonalisert.

Det er interessant om det er ei kopling mellom språkbruk og feltet framtidsplanar. Som eg var inne på på side 26, vil ein om ein i Oslo pratar med unge menneske frå det vikværske området, fort oppdage at mange har lagt om målet sitt mot eit standard austlandsk mål. Eit interessant spørsmål er om dette er akkommodasjon som har oppstått etter at vedkommande har flytta til Oslo, eller om det er noko denne personen har gjort allereie før ho eller han flytta. Det er heller ikkje bare i Oslo ein vikværing akkommoderer mot eit standardmål, men alle stader utafor det heimlege målområdet. Truleg kan akkommoderinga vere sterkare om det er på Austlandet ein er, for andre stader høyrest fort alle austlendingar like ut. Kan hende veit alle dei som har tenkt å flytte frå Grenland at dei vil møte ein annan språkrøyndom enn den vikværske når dei flyttar, og er reie til å akkommodere. Kan hende dei til og med veit kva for trekk dei vil legge av. Motsett vil eg då gå ut i frå at dette er noko dei som ikkje har planar om å flytte tenker på.

Naturleg nok skal mange av informantane ved yrkesfag fort ut i jobb, medan dei ved allmennfag skal gå meir skule. For å gå vidare skule må mange flytte. Av høgskular i Grenland, er det sjukepleie, økonomi og ingeniør. Men i Bø er det akademiske fag og på Notodden er det lærarhøgskule, og ein del grenlendarar vel å pendle for å studere der. Så ein må ikkje flytte for å utdanne seg vidare, samstundes er folk med yrkesfagleg utdanning frie til å flytte og ta jobb andre stader enn i Grenland.

Er det slik at dei som tenker seg ein akademisk utdanning, eller i det minste ynskjer meir skulegang etter vidaregåande skule, pratar mindre lokalt? Dei som ser for seg meir skulering, er gjerne godt kjente med bøker og det språket som blir brukt der, som helst er moderat bokmål. Om me skal gå med på at mange ser skriftspråket som norm for talemålet, vil ein kunne hevde at jo meir ein les, jo meir kjennskap får ein til denne norma. No er det jo ikkje dermed sagt at alle slik pratar som om dei les bokmål, men det er ikkje rart om det skulle påverke talemålet til ein viss grad i alle fall. Difor set eg opp hypotesen at dei av informantane som har planar om å studere vidare, pratar mindre lokalt prega, enn dei som skal rett ut i jobb. I materialet mitt skil eg ikkje mellom ulike typar høgare utdanning, noko som er ein veikskap. Det er truleg ein viss skilnad mellom dei som les universitetsfag og dei som tar høgskuleutdanning.

Hypotesen er at eg ved å korrelere framtidsplanar og språkbruk vil finne ein klar samanheng. Informantane som planlegg å flytte frå Grenland og å ta høgare utdanning har lågast dialektfrekvens. Motsett vil dei som ikkje har tenkt å flytte frå Grenland og som har tenkt å ta seg jobb etter vidaregåande skule, høgast dialektfrekvens.

Om tre - fem år

Gjeremål

Når ein nærmar seg avslutninga på vidaregåande skule, knyt det seg spenning til kva ein skal gjere dei fyrste åra. Ikkje alle har sikre planar, men dei fleste veit om dei har tenkt å studere eller gå ut i arbeid. Det var heller ikkje fleire enn fem informantar som ikkje kryssa av ved dette spørsmålet.

	I	II	III	IV	sum
jobbe	15	13	11	3	42
studere	13	20	17	11	61
samla	28	33	28	14	103

Dei som har tenkt seg rett ut i jobb fordeler seg ganske jamt over frekvensgruppe I, II og III, medan veldig få av dei har kryssa av for så få lokale variantar at dei høyrer til gruppe IV. Ingen i denne gruppa har likevel så låg frekvens som bare to eller tre lokale trekk. Tendensen hjå dei i dei tre første gruppene, er at det er ein liten overvekt av dei med høgast dialektfrekvens. Informantane som har planar om å studere er godt representerte i alle fire frekvensgruppene, med ein opphoping i gruppe II og III.

Med utgangspunkt i dialektfrekvensgruppene blir perspektivet ganske annleis. Informantane med høgaste dialektfrekvens er jamt fordele etter kva for planar dei har, men bortover frekvensskalaen aukar differansen. I kvar av gruppene er det langt fleire av dei som har tenkt å studere, særleg i gruppe IV er differansen stor.

Eg kan altså konkludere med at denne variabelen fekk fram samvariasjon mellom rapportert språkbruk og planar, og at resultatet er slik eg hadde sett opp i hypotesen. Særleg er samvariasjonen stor når det gjeld dei som planlegg å gå rett ut i jobb.

Bustad

Det er ein kjensgjerning at mange ynskjer å flytte når er ferdige med skulegangen, for om ikkje anna enn å oppleve noko nytt. Ein av informantane skriv: «Fin plass å vokse opp, men det er greit å skulle flytte og få noen nye impulser.» Slike haldningar kan ha verknad på talemålet. Den viktigaste grunnen for mange til å flytte, er likevel utdanning. Det vil altså seie at mange tenker nok å flytte for nokre år, for så å komme tilbake. Flyttemål eg hadde skrive opp på skjemaet, var Oslo, utlandet og ei open linje.

dialekt	heim	Oslo	utlandet	anna	sum
I	17	4	4	3	28
II	17	10	4	4	35
III	4	6	7	8	25
IV	4	6	2	3	15
sum	42	26	17	18	103

Tabellen viser fleire sider. For det fyrste er det opplagt at informantane som ikkje har tenkt å flytte, i stor grad er samanfallande med dei som har høg dialektfrekvens. Den desidert største delen av dei i frekvensgruppe I, dei med høgast dialektfrekvens, har ikkje planar om å flytte frå Grenland med det fyrste. Det har heller ikkje halvparten av dei i frekvensgruppe II, sjølv om ein del i denne gruppa tenker å flytte til Oslo. Informantane som har tenkt seg til utlandet, eller andre stader i Noreg enn Oslo, fordeler seg òg på ein tydeleg måte. Fleirtalet av desse har ein dialektfrekvens på 6-11 lokale trekk. Både i denne dialektfrekvensgruppa, nr. III, og i gruppe IV, er det bare ein liten del som ikkje har tenkt seg å flytte etter enda skulegang.

Konklusjonen for denne variabelen er då at det klart er samvariasjon mellom om ein har planar om å flytte etter ein er ferdig med vidaregåande skule og kor lokalt prega talemålet er. Tenker ein å bli buande, har ein høg dialektfrekvens. Omvendt har dei med planar om å flytte låg dialektfrekvens. Det var fruktbart å skilje mellom Oslo, utlandet og andre stader i landet. Oslo er eit hyppig valt flyttemål. Terskelen for å flytte til Oslo er nok lågare enn å flytte til andre stader. Oslo er nærmaste universitetsby og dei fleste har besøkt byen fleire gonger gjennom barndommen.

Om 15 år

Naturleg nok er 19-åringar meir usikre på korleis livet er lenger fram i tid. På spørsmål om kva for yrke dei trur dei vil ha og kvar dei kjem til å bu om 15 år, var det færre informantar som svarte. Bakgrunnen for dette spørsmålet

Utdanningsnivå

Til dette punktet bad eg informantane notere kva for yrke dei tenkte dei kom til ha. Ut frå dei opplysningane sette eg opp kva for utdanningsnivå dei ulike stilingane ville krevje. Eg kvantifiserte svara etter tre rubrikkar, om yrket eller stillingen krev utdanning på høgskule- eller universitetsnivå eller om det rekk med vidaregåande utdanning som eventuelt inneber ein lærlingperiode. 79 informantar svarte på spørsmåla, og over halvparten har planar om å ta seg eit yrke som bygger på utdanning på høgskulenivå. Utover dei, er det 21 som ikkje ser for seg meir skulegang enn eventuelt lærlingperioden, medan 14 har tenkt seg eit yrke som krev universitetsutdanning.

dialektfrekvens	ev. lærling	høgskule	universitet	sum
I	8	13	2	23
II	7	16	2	25
III	3	10	6	19
IV	3	5	4	12
	21	44	14	79

Den klaraste korrelasjonen i denne tabellen er at fleirtalet av informantane som tenker seg eit yrke som krev utdanning ved eit universitet, er i frekvensgruppene med færrast kryss for lokale trekk. Ganske omvendt fordeler dei som ser for seg eit yrke som ikkje krev noko meir utdanning enn vidaregåande skule. Fleirtalet av dei er i gruppene med høgst dialektfrekvens. Store delar av dei som vil ta høgskuleutdanning har høg dialektfrekvens, men det er òg ein del i gruppe III. Få av dei har kryssa av for få lokale trekk.

Her kan eg såleis konkludere med at variabelen var fruktbar, og viser ein om ikkje markant, så i alle fall ganske tydeleg samvariasjon. Hypotesen om at planar om eit yrke med mykje utdanning bak seg vil gje låg dialektfrekvens, og omvendt, stemmer altså godt på veg.

Resultatet er ikkje overraskande, med bakgrunn i inndelinga av informantane etter skuleretning (side 65) og spørsmålet ovafor om dei hadde tenkt å ta seg arbeid eller byrje å studere etter vidaregåande skule. Langt på veg er det snakk om dei same informantgruppene. Men poenget med feltvariablane er altså planane informantane gjer seg og ikkje realiseringa av dei.

Bustad

Denne variabelen finn eg veldig interessant, sidan det her ikkje er snakk om konkrete planar, men meir om lause tankar om kvar dei kan tenke at dei vil bu når dei ein gong vil etablere seg. Planane om eit framtidig yrke er mykje meir ein konsekvens av vala dei gjer i dag om utdanning, men kvar dei ein gong kjem til å bu blir ofte avgjort seinare. Val av bustad har ofte samanheng med eventuelle ektefellar og kvar arbeid og utdanning fører ein. Det er nok grunnen til at mange har unnlatt å svare på dette spørsmålet.

dialektfrekvens	heim	Oslo	utlandet	andre stader	sum
I	11	2	2	6	21
II	17	2	1	9	29
III	11	1	2	6	20
IV	5	1	2	4	12
sum	44	6	7	25	82

Resultatet av denne variabelen er langt frå eintydig. Korkje Oslo eller utlandet er så populære flyttetemål, som 'andre stader' i Noreg er. Dei fleste meiner dei ikkje kjem til å flytte i det heile. Skilnaden mellom dei som trur dei kjem til å bli buande i Grenland og dei som har tenkt å flytte er minimal. Andelane fylgjer kvarandre tett på tvers av dialektfrekvensgruppene. Det einaste unnataket er i frekvensgruppe II, der det er eit fleirtal av dei «heimeverande». Konklusjonen må bli at som feltvariabel fungerer «bustad om 15 år» därleg, og viser liten eller ingen språkleg variasjon.

Heimstaden

I tråd med å konstituere kvardagen og livshorisonten sin, er å reflektere over korleis ein synest det er å bu der ein no bur. Me har (på s. 75) sett at dei som har vakse opp i Grenland har høgare dialektfrekvens. I dette avsnittet er det haldninga til heimstaden som kjem fram. Eg vil sjå om dei eksplisitte kjenslene for heimstaden har nokon samanheng med dialektbruken. Hypotesen er at om ein er stadbunden vil ein prate eit meir lokalt mål. Eg har valt ut Grenlands-informantane som kryssa av ved dette spørsmålet, sidan det her er snakk om Grenland både geografisk og språkleg. 97 av dei 99 Grenlands-informantane har svart.

dialekt	heilmaks	ganske fint	ikkje noko særleg	flyttar gjerne	sum
I	6	18	1	1	26
II	4	30	0	1	35
III	3	17	1	2	23
IV	2	9	0	2	13
	15	74	2	6	97

Langt dei fleste kryssa av for «ganske fint», og veldig få informantar synest Grenland som bustad 'ikkje [er] noko særlig' eller er ein stad dei 'flyttar gjerne' frå. Dette gjer det svært vanskeleg å seie noko om korrelasjonen mellom trivsel på heimstaden og dialektfrekvens. Sidan det bare er to som har kryssa av for 'ikkje noe særlig' hoppar eg over den kategorien. Det er bare seks som har kryssa av for 'flyttar gjerne', likevel er det mogleg å sjå ein tendens her. Overvekta av desse informantane har låg dialektfrekvens. Tendensen er motsett for dei som verkeleg trivst i Grenland. Her er mønsteret eintydig: Av dei som synest Grenland er 'heilmaks' bustad, er det flest med høg dialektfrekvens. Dei som reserverer seg noko, og kryssa av for 'ganske fint', fordeler seg meir over frekvensskalaen. Flest informantar er i frekvensgruppe II, færrest i gruppe IV. Det tydelegaste resultatet er i alle høve at på tvers av alle dialektfrekvensgruppene, meiner langt dei fleste at det er «ganske fint» å bu i Grenland.

Konklusjonen til denne variabelen er at det er vanskeleg å sjå anna enn tendensar ut frå svara til informantane, sidan variasjonen i svar er så liten. Tendensen er likevel at det er ein samanheng mellom kjensler for heimstaden og bruken av lokale språktrekk.

Oppsummering

Eg har freista bruke teori om fenomenologi, og operasjonalisert feltvariablar for å kunne korrelere med den språklege variasjonen. Resultatet viste seg å vere sterkt vekslande. Variablane knytt til gjeremål, altså om dei skal arbeide eller studere, og utdanningsnivå bak yrkesvalet, var dei som viste den klaraste samvariasjonen med dialektfrekvensen. Som nemnt har det samanheng med at dei går ut på det same som variabelen skuleretning, og den variabelen viste markant samvariasjon. Bustadsvariabelen var ikkje like nyttig. Samvariasjonen var ikkje tydelegare enn at det mest dreier seg om tendensar. Særleg var det planane for dei fyrste åra som gav utslag, medan det ikkje var mogleg å sjå nokon samvariasjon med bustadsynske for lenger fram i tid. Låg samvariasjon viste det seg òg å vere med kjenslene for heimstadene, sjølv om tendensane som kom fram står hypotesen.

Haldningar

I denne oppgåva ser eg på haldningar til språk av to grunnar. Dei er interessante i seg sjølv, slik språkbruken er det, og vil òg bli analysert etter dei sosiale variablane. I tillegg kan språkhandlingane knytast til språkbruken, nett som ein sosial variabel, for å sjå kva for utslag haldningane kan ha språkleg. Haldningar til språket står sentralt i språkforskinga, då dei er

relevant to the definition of speech communities, to the explanation of linguistic change, language maintenance and language shift, and to applied concerns in the fields of intergroup communication, language planning and education. (Knops 1988:1, henta frå Omdal 1994:173)

Martinussen (1984:345) definerer haldning som «en disposisjon i retning av å reagere på en bestemt situasjon eller påvirkning på en bestemt måte». Denne disponeringa kan forklarast på to måtar: mentalistisk og behaviouristisk (Agheyisi 1972). Den **behaviouristiske** måten trekker ei direkte line mellom haldninga og handlinga, og meiner haldninga viser seg i korleis ein reagerer på noko. Ei haldning er noko reint affektivt. Den **mentalistiske** definisjonen bygger ut haldningsomgrepet til tre komponentar: kognitiv, affektiv og konativ. Ein meiner kjenslene ein reagerer med, har ein viss kunnskap å kvile på. Dette kan vere sakleg kunnskap ein har lært seg, eller lause fordommar, men dei dannar ein bakgrunn nye erfaringar blir møtt ut frå. Det er heller ikkje sikkert at me alltid handlar etter haldningane våre. Me kan vere

pragmatiske nok til ikkje alltid røpe haldningane, difor den konative komponenten som legg vekt på handlingane.

Tileigninga av haldningar skjer ved erfaring og læring. Agheyisi og Fishman (1972:83) hevdar at «[p]raktisk talt alle er enige i at holdninger blir tilegnet ved læring fra tidligere erfaring, og at de ikke er av kort varighet, men relativt langvarige». Både mentalistisk og behaviouristisk tankegang støtter ei slik utsegn. For etter å ha handla i affekt ei rekke gonger, lærer jo subjektet korleis det reagerer (i affekt) i ulike situasjonar. Bunkholdt (1989) meiner tileigninga er ein prosess med tre moment: imitering, identifisering og integrering. Sosialiseringssprosessen inneber ofte å kunne tilpasse seg omgjevnadene. I byrjinga vil ein ta etter haldningane som rår rundt ein, blant anna for å komme inn og bli godtatt. Etterkvart vil haldningane bli tatt opp som sine eigne, før dei blir integrerte som del av sitt eige verdisystem. Det same gjeld rimelegvis språkhaldninga. Tore Kristiansen (1997:177) skriv:

Når man vokser op (socialiseres ind) i et sprogsamfund, tilegner man sig - ud over selve sproget - opfattelser og holdninger knyttet til forskellige slags sprogbrug. De unge udvikler opfattelser af den sproglige variations betydning, af hvordan variationen vurderes i samfundet. Samtidig udvikler de deres egne holdninger til den sproglige variation der omgiver dem. Disse opfattelser og holdninger indgår med vægt i de unges sociale identitetsdannelse.

Haldningane folk har til sitt eige eller andres mål er høgst reelle, og kan påverke dialektbruken.

Helge Omdal meiner det ikkje er dialekten som språksystem ein reagerer på (1982:2): «Truleg er holdningane våre til språk for ein stor del ei overføring eller vidareføring av holdningar til andre fenomen.» Han viser til at språkvitskapen ikkje har funne noko grunnlag for å seie at noko språk eller visse språktrekk og lydar faktisk er betre eller vakrare enn andre. Alt vil basere seg på subjektive oppfatningar, som blir styrt av kva ein er vant med og kva ein har lært har verdi i samfunnet ein lever i. Men Omdal vil ikkje skuffe språkhaldningane under teppet, for han ser at dei speler ei viktig rolle, særleg når ein studerer språkendring og -utvikling. Han viser til sosiolingvistane Trudgill, Labov og Fasold som hevdar at «linguistic attitudes and stereotypes can be a powerful force in influencing linguistic behaviour and, ultimately, linguistic forms themselves» (Trudgill/Labov/Fasold 1979:VIII-IX, henta frå Omdal 1994:184). Likevel er Omdal kritisk. Han skriv han sjølv har funne lite overtydande samsvar mellom endring og haldning (1994:185), og finn støtte hjå Münstermann (1989:180) som skriv:

The relation between attitudes and behaviour is known to be a very problematic one. Correlations between measures of attitude and measures of behaviour are rarely high and, according to Wicker (1969), are often near zero.

Vidare refererer han til Jaspaert/Kroon (1988:170) som meiner å ha funne ut at

attitudes did not turn out to contribute significantly to the understanding of patterns of variations in language choice. This finding is in line with the problematic and seldom straightforward relationship between attitudes and behaviour other researchers have found.

Omdal konkluderer med at

trass i at språkholdninger blir sett på som viktige og nødvendige å studere i sammenheng med språk og språkbruk, og har klare forbindelseslinjer til sjølve språket, må vi innrømme at de mekanismene som styrer språkholdningene, er svært kompliserte og vanskelige å få oversikt over. Omdal (1994:173)

Med slike ulike erfaringar av kva rolle haldningars spelar, ser eg det som svært interessant å sjå kva eg kan finne ut med denne undersøkinga.

Ei løysing er matched guise-metoden. Den metoden går ut på å spele dialektprøver for informantane. Informantane skal så gje dialektane karakterar etter ulike parameter, etter kor sympatisk, ærleg, rik, utdanna eller anna denne personen som pratar høyrest ut. Eit viktig poeng ved denne metoden er at ein ikkje har ein person å ta stillig til, dialekten får stå aleine. Funna til Kristiansen viser at dei dialektprøvene som inneheldt mange normerte trekk, fekk høge, positive skår på skalaen mellom adjektivpara *intelligent - dum, korrekt - slurvete*, og *sofistikert - vulgær*. Dei lokalt prega dialektprøvene fekk heller høge, positive skår på skalaen mellom adjektivpara *jordnær - affektert* og *ekte - oppkonstruert*. Desse haldningane er nok temmeleg vanlege på austlandet.

Likevel trur eg desse haldningane har lite å seie i røyndomen, for er det meir opp til personen bak dialekten eller situasjonen ein er oppi. Faren er nemleg at haldningane som kjem til syne er stereotype meininger, jamfør referat av Omdal ovafor. I røyndomen er det gjerne eit andlet eller ein kjent person bak dialekten. Personen som pratar og bodskapen denne kjem med, vil såleis alltid prege oppfatninga av talemålet ein høyrer. Det ikkje er haldningane til dialektane i seg sjølv, som språksystem, som kjem fram, men stereotype førestellingar me har til personar som bruker dei ulike talemåla. Så sjølv om informantane ikkje ser den som snakkar, vil ein trass i si elles så dialekttolerante haldning, sjå føre seg ein viktigper, jále, bygdeoriginal eller lågutdanna person. Om ein i det heile har klare haldningars til ein dialekt, trur eg språkhaldningane i seg sjølv er veldig stereotype. Grunnlaget for slike stereotypiar, er gjerne revyar og fjernsynssketsjar, som t.d. Raymond frå Fredrikstad. Ved å lytte til dialektprøver på

band, vil stereotype oppfatningar komme fram, eller ein har ikkje noko særskilt å melde. Kristiansen (1995:67) skriv òg at informantane reagerte på å skulle dømme ein person ut frå talemålet aleine: «*Åssen kan vi vite om han er intelligent eller ikke? Vi kan umulig si om han er ærlig ut fra en språkprøve?*» No var jo det noko av poenget at informantane ikkje skulle vite noko om personen som snakka, slik at det er talemålet som blir vurdert. Men eg vil altså hevde at det er et viktig skilje mellom haldninga til dialekten i seg sjølv, og haldninga til dialektbrukaren. Men dette skiljet er vanskeleg å halde frå kvarandre.

I alle høve stadfesta Kristiansen si undersøking at det er ei temmeleg utbreidd oppfatning at vikværsk mål ikkje er så attraktive. Som ein av desse austlandske dialektane er òg grensk knapt nok brukande til «heimebruk», har ein gjerne inntrykk av. Vikværsk mål er ikkje så veldig ulike sørøstnorsk bymål eller klassisk standard. Og det er ingen løyndom at standardvarietetane nyt høgare prestisje, og at det ikkje er så uvanleg å akkommadere mot det. På Skiens-studentar i hovudstaden er det lett å høyre at dei har normalisert talemålet i nokon grad mot klassisk standard.

I hovudfagsoppgåva si viser Jon Olav Lindbekk at Larviks-ungdom stiller seg positivt til både eigen dialekt og til dialektar generelt. Likevel fortel mange av informantane hans at dei akkommaderer mot Oslo-målet når dei pratar med Oslo-folk. Kvifor dei legg om, når dei er så positive, er eit interessant spørsmål. Kan hende det er snakk om generell lokalpatriotisme, som ikkje står seg i møte med uttrykk for sentra på høgare regionsnivå. Eit anna interessant funn Lindbekk gjer, er at «de fleste av de som mente de snakka normalisert, *ikke gjør det*» (2000:119). Om det er slik at desse informantane ikkje er så medvetne korleis dei faktisk pratar, og bommar når dei skal plassere talemålet sitt, er det symptomatisk at dei meiner dei pratar meir standardnært enn dei gjer, og ikkje omvendt.

Metoden min

Eg har eg valt å stille ope spørsmål. Det er ingen forsøk på å lure meg fram til kva deira «eigentlege» oppfatningar er, sjølv om eg kan trekke nokre sluttningar indirekte. Informantane blir spurta om dei faktisk pratar dialekt, og om dei er nøgde med slik dei pratar. Eg spør om kvar dei meiner talemålet deira vil plassere dei, og kvar dei ynskjer at folk vil plassere dei. Vidare blei informantane spurta om dei tenker over korleis dei pratar, om dei opplever å bli retta på, og om dei diskuterer korleis ein kan prate. Eg hadde òg med eit punkt om

korttidsakkommodering, om dei meiner dei plar å legge om og kva for situasjonar det i tilfelle er i. Det siste punktet spør ope om kva dei synest om Grenlands-målet. Svara samlar eg inn både kvalitativt og kvantitativt, dvs. at eg både hadde stilt opp rubrikkar med svaralternativ som skulle kryssast av for, og tomme linjer kvar dei fritt skulle skrive meininga si.

Hypotesar om haldningar

Ikkje overraskande stiller eg opp som hovudhypotese at Grenlands-ungdom har negative haldningar til grensk spesielt og dialektbruk generelt. Helst trur eg unge i Grenland ynskjer å prate ein meir sentral varietet. Dette meiner eg vil gjere utslag i dialektbruken, slik at di meir negativ ein informant er til grensk di lågare dialektfrekvens har vedkommande. Ved å knytte dialekthaldningane til dei sosiale variablane kjønn og skuleretning, ventar eg at resultata vil fylge dei mønstera variasjonen i språkbruken viser. Elles vil eg presentere meir detaljerte hypotesar ved dei enkelte variablane.

Empiri

Når eg no skal presentere funna mine, vil eg gå gjennom dei ulike variablane. Ved sida av å vise kva for språkhaldningar informantane mine har, vil eg der det er interessant sette haldningane opp mot språkbruken.

Forhold til eige talemål

Eitt av punkta i spørjeskjemaet har ein del spørsmål om kva for tilhøve dei har til dialeken sin. Eg spør om dei pratar dialekt, kva dei synest om det, kva for dialekt dei har, og kva for dialekt dei kunne tenke seg dei hadde. Føremålet er å på ein direkte måte avdekke dei eksplisitte haldningane.

Pratar du dialekt?

Ut frå førestellinga mange austlendingar har om at ein i denne delen av landet ikkje pratar dialekt, men «bokmål», sette eg opp svaralternativa 'pratar dialekt', 'pratar noko dialekt' og 'pratar ikkje dialekt'. Denne førestellinga trur eg heng saman med negative haldningars til alt som er «bondsk», og fordommar om at dialektar er slik ein pratar nettopp på «bondelandet». Hypotesen er at det bare er dei med høgast dialektfrekvens som vil krysse av for at dei pratar dialekt, og at dei fleste vil svare nei. Sjølv om dei kan hende veit at dei pratar markert grenlandsk, så er det så negativt å prate grensk, at dei ikkje vil vedgå seg det ved å krysse av

for at dei pratar dialekt. Likevel er det somme som vil krysse av for at dei pratar dialekt, uavhengig av kor lokalt prega mål dei har, rett og slett fordi dei er positive til grensk. Eg trur altså at det er haldninga til grensk som vil komme fram i dette spørsmålet, og ikkje sjølvinnssikt i eige talemål.

Materialet viser at rundt rekna kryssa 80 % av for at dei i det minste 'pratar noko dialekt', medan 20 % meiner dei ikkje pratar dialekt i det heile. Det viser for det fyrste at informantane ikkje deler oppfatninga at grensk som eit austlandsmål ikkje kan reknast som dialekt. Det kan vere fordi dei oppfattar grensk ganske lokalt særmerkt, og at dei reserverer merkelappen «bokmål» til meir sentrale varietetar.

Tabellen under viser korleis informantane fordeler seg etter i kva grad dei meiner dei pratar dialekt, og kva for frekvensgruppe dei tilhøyrer. Informantane i frekvensgruppe I har kryssa av for flest lokale variantar.

	pratar dialekt	pratar noko dialekt	pratar ikkje dialekt	sum
I	19	4	4	27
II	12	12	12	36
III	5	23	1	29
IV	5	9	1	15
	41	48	18	107

Svara til informantane er ikkje heilt ein tydige, men somme tendensar er klare. Dei som hevdar at dei pratar dialekt fordeler seg eksemplarisk, det store fleirtalet av dei har høg dialektfrekvens. Det er òg slik at langt dei fleste av informantane i frekvensgruppe I har kryssa av for at dei pratar dialekt. Dette viser godt samsvar, og eg sluttar av dette at dei informantane som har kryssa av for flest lokale variantar, er ganske medvetne på det, og difor svarer dei pratar dialekt. Dei oppfattar nok grensk som ein eigen dialekt, og er ærlege på at dei pratar så lokalt prega som dei gjer. Fordelinga av dei som meiner å 'prate noko dialekt', er slik at dei klart fleste er i dialektfrekvensgruppe III. Denne fordelinga er enkel å forklare ut frå at dei som har kryssa av for ein god del sentrale språklege variantar uttrykker ein reservasjon ved å svare at dei 'pratar noko dialekt'. Interessant er det at blant dei som er i frekvensgruppe III og IV, og som altså har kryssa av for færrest lokale trekk, er ein del som har kryssa av for at dei pratar dialekt. Faktisk er det bare éin i kvar av desse frekvensgruppene som meiner at dei ikkje pratar dialekt. Eg vel å forklare det med at dei har ei positiv haldning til Grenlands-målet, sjølv om dei òg kan ha oppfatninga at «alle pratar dialekt», og difor vel å krysse av i dei

andre rubrikkane. Den oppfatninga er det ikkje alle som deler. Informantane i frekvensgruppe II fordeler seg heilt jamt mellom svaralternativa. Det gjev det forvirrande utslaget som fordelinga av dei som meiner at dei ikkje snakkar dialekt, er. Av desse 18 er det veldig få som skåra lågt på frekvensskalaen. Langt dei fleste er i frekvensgruppe II. Difor kan ein ikkje slutte at dei med høg dialektfrekvens automatisk meiner dei pratar dialekt, og dei med låg frekvens ikkje meiner å ha nokon dialekt.

I dei munnlege intervjuer, tok eg opp dette spørsmålet om kva ein legg i omgrepet dialekt. Jamt over er svaret at grensk er ein eigen dialekt, under litt tvil. Det er heilt klart at nærleiken til klassisk standard og skriftspråket bokmål er med å utviske dialekttilknytinga. Derimot er talemål frå andre kantar enn Austlandet ikkje vanskeleg å kalle dialektar.

Kjønnsvariabelen viser variasjon ved dette punktet. Tolv prosent av jentene meiner dei ikkje pratar dialekt, medan resten fordeler seg jamt over «ja» og «noko», medan. Litt overraskande er det at 21 % av gutane hevdar å ikkje prate dialekt. Etter teorien om at det helst er jenter som er opptatte av å normere, skulle ein tru at desse tala skulle vere om lag omvendt, at fleire av jentene ville svare at dei ikkje pratar dialekt. Resten av gutane dannar ein topp med nesten halvparten ved rubrikken «noe dialekt», medan ein tredjedel av dei svarte ja. Kjønnsdelinga viser altså at ein større andel av jentene meiner dei snakkar dialekt, medan ein større andel av gutane hevdar at dei ikkje snakkar dialekt. Samstundes viser avkryssinga av språkvariablane fordelt etter variabelen kjønn (sjå side 57), at fem prosentpoeng fleire jenter i frekvensgruppe IV, og åtte prosentpoeng fleire gutter i gruppe I. Forholdet er altså omvendt.

Fordelt etter **skulelinje**, viser det seg at 40 % av både yrkesfag- og allmennfagelevane meiner dei pratar dialekt. Like stor andel av yrkesfagelevane kryssa av for «noe dialekt», mot heile 55 % av allmennfagselevane. Tilsvarande sprik blir det da mellom dei som svarte nei: Ein fjerdedel av dei yrkesfaglege mot bare to elevar ved allmennfag. Ved å samanlikne med korleis informantane kryssa av for språkvariablane, ser me at oppunder ti prosent av dei allmennfaglege og i overkant av 20 % av dei yrkesfaglege plasserer seg i frekvensgruppe IV. Her er det altså lite samsvar. Likeins ser me at frekvensgruppe I består av ein tredjedel av dei yrkesfaglege og i overkant av 15 % av dei allmennfaglege.

Årsaka til desse sprikande forståingane av om ein pratar dialekt eller ikkje, og bruk av lokale trekk, kan jo vere fleire. Svara kan tyde på informantane ved yrkesfagleg studieretning er meir negative til det å prate dialekt, og ikkje vil vedkjenne seg at dei gjer det. Likevel vil eg heller tru at dei har den oppfatninga at dei pratar austlandsk, eller det som gjerne blir kalla «bokmål», som skil seg frå dei vestnorske dialektane. Sitt eige mål er ikkje ein sær dialekt, men «vanleg norsk» (Dette kjem eg nærmare inn på på side 103.). Ein slik påstand kan kanskje bli forklart med at det er meir norskundervisning på allmennfag, og at her lærer ein meir om dialektar. Den generelle haldninga her til lands er jo at «alle pratar dialekt».

Er du glad for det?

Med eit oppfylgingsspørsmål spør eg om kva dei synest om å prate slik dei gjer: Er dei glade for at dei pratar eller ikkje pratar dialekt. Eg er altså ute etter haldninga deira til eiga talemål. Dei kunne velje mellom å svare ja, nei eller at dei ikkje bryr seg. 107 svarte på førrre spørsmål, 98 gav eit svar her. Av desse 98 svarte til saman over halvparten at dei ikkje bryr seg om dei pratar dialekt eller ei. 36 informantar er vel nøgde med korleis dei pratar, medan 8 ikkje er det. Fyrst må det jo seiast at det er positivt at det er så få som mislikar sitt eige talemål. Likevel viser desse tala eit mindre engasjement enn eg hadde rekna med, eg venta at langt fleire ville markere misnøye. I det minste gjekk eg ut i frå at jentene eller dei som er elevar ved allmennfagleg skulelinje skulle vere meir opptatte av å ikkje prate dialekt, men variasjonen mellom kjønna eller skulelinjene viste seg å vere minimal. I staden vel eg å kople kva informantane har svart her, med om dei meiner dei pratar dialekt. Om det er hald i det dårlige ryet til Grenlands-målet, bør det vere slik at grenlendarane som meiner dei pratar dialekt, er lite glade for målet sitt, medan dei som meiner å prate lite dialekt eller ikkje noko dialekt i det heile, er positive til eige mål.

	er glad for det	bryr seg ikkje	er ikkje glad for det	sum
pratar dialekt	16	20	4	40
pratar noko dialekt	11	30	3	44
pratar ikkje dialekt	9	4	1	14
sum	36	54	8	98

Både av dei informantane som meiner dei pratar dialekt eller i det minste noko dialekt, er det veldig mange som ikkje bryr seg om korleis dei pratar. Halvparten av dei informantane som meiner dei pratar dialekt bryr seg ikkje, heller ikkje to tredjedelar av dei som miner dei pratar noko dialekt. Eg synest dette må vitne om likesæle, og at haldningane til grensk ikkje kan vere

meir negative, eller positive, enn at mange ikkje kjenner trong til å ta nokon stilling til spørsmålet.

40 % av dei som pratar dialekt og 25 % av dei som pratar noko, er glade dei gjer det. Desse andelane er langt større enn dei som er negative. Bare ti prosent av dei som hevdar å prate dialekt og sju prosent av dei som pratar noko dialekt er negative til at dei gjer det. Det ser altså ut til at det er få som synest å skjemme seg over at dei pratar grensk.

Av dei som meiner dei ikkje pratar dialekt, er det store fleirtalet, som utgjer to tredjedelar, glade for nettopp det. Fire av informantane bryr seg ikkje. I det heile er det bare éin av informantane som er lei seg for at han ikkje pratar dialekt. Faren til denne informantanen er frå Gulen i Sogn og Fjordane. Som eit forsøk på å forklare kvifor denne informantanen har svart slik han gjer, kan me tenke oss at informantanen har eit positivt forhold til faren og hans dialektbruk, samstundes som at han tydeleg ser kor nær hans eige, grenske, mål er talt bokmål. I motsetning til det tydelege dialektale målet til faren, og vil han difor ikkje kalle sitt eige mål dialekt. Likevel er det å prate ein særeigen dialekt ein verdi informantanen set høgt.

No har eg samanlikna kva dei synest om eige talemål med om dei sjølve meiner dei pratar dialekt. Sidan det ikkje er heilt samsvar mellom kva dei sjølve meiner om dei pratar dialekt og den dialektfrekvensen eg har rekna ut, vil eg òg samanlikne med graden av dialektfrekvens frå undersøkinga mi.

dialektfrekvens	glad for det	bryr seg ikkje	er ikkje glad for det	sum
I	13	12	1	26
II	10	19	2	31
III	6	18	3	27
IV	7	5	2	14
sum	36	54	8	98

Hypotesen om at folk flest er negative til grensk, slår sprekker i møte med desse tala. Av dei nærmare 60 informantane som har høgast dialektfrekvens, dei i gruppe I og II, er det bare tre informantar som er negative til talemålet sitt. Dei i gruppe I fordeler seg jamt mellom å ikkje bry seg og å vere nøgde med målet, medan fleirtalet av dei i frekvensgruppe II er likesæle. Dei fleste informantane i gruppe III er likesæle. Det er fyrst i gruppe IV me finn dei som ser ut til å vere negative til grensk. For halvparten av denne gruppa svarer at dei er glade dei pratar som dei gjer, altså eit mål med få lokale trekk. Likevel er det ikkje sikkert at desse er negative til

grensk, med tanke på at ein tredjedel av dei i frekvensgruppe IV meiner dei pratar dialekt (som me såg ovafor).

Konklusjonen til denne variabelen må bli at uavhengig eiga oppfatning om kor vidt dei pratar dialekt og mi eiga inndeling av dei etter dialektfrekvens, er dei aller fleste informantane så nøgde med målet sitt at dei eksplisitt uttrykker det i svaret sitt, eller såpass nøgde at dei ikkje bryr seg.

Stadfesting av talemålet sitt

Dei to neste spørsmåla dreidde seg om stadfesting av talemålet deira. Fyrst spurte eg om kvar folk som høyrde dei prate ville tru dei er i frå, altså kva for dialekt dei har. Så spurte eg om kvar dei kunne tenke seg at folk skulle tru dei var i frå. Svaralternativa var dei same ved begge spørsmåla: heimstaden min, Grenland, Telemark, Austlandet, Oslo, Noreg og «ein annan stad» med rom for å fylle inn. Regionaliseringssprosessen blir spegla av linja frå det heilt lokale, gjennom det meir generelle grenlandske, som er tilnærma likt vikværsk, til det heilt opne austlandske. Forskjellen på austlandske og Oslo-mål, er altså om det er søraustnorsk bymål eller klassisk standard. Med Noreg tenkte eg på noko som ikkje kan stadfestast, medan «anna» er for dialektar som ikkje høyrer heime i nokon av rubrikkane. Telemarksrubrikken er tiltenkt informantane frå øvre delar av Telemark.

På det fyrste spørsmålet, om kvar målet deira plasserer dei, svarte ingen 'Noreg'. Den eine informanten som kryssa av for 'Oslo', har vaks opp i Bærum. Ei av dei to som første opp at ho prata 'noko anna' er i frå Narvik. Ho andre skreiv at ho pratar ei blanding av Grenland og Oslo, men ikkje så breitt som grenlandske og ikkje så pent som i Oslo. Eg trur ho sette ord på korleis dei tolv som kryssa av for 'Austlandet' meiner dei pratar. Av dei seks som kryssa av for 'Telemark', kjem nokre frå Grenland. Dei fleste av telemarkingane har kryssa av for 'heimstaden min'. Det gjorde 24 grenlendarar òg, i tillegg kryssa 50 av for 'Grenland'. 75 % meiner altså at talemålet deira røper at dei er grenlendarar. Som det kom fram ovafor, meiner 80 % at dei pratar markert eller noko markert dialekt.

På spørsmålet om kvar dei ynskjer å bli stadfesta, venta eg meg ein storm til Austlandet og Oslo, men det blei knapt eit vindpust. Den største skilnaden mellom dei to tabellane er at langt færre har kryssa av. Den viktigaste årsaka til det, er spørsmålstillinga mi. Eg spesifiserer i

overskrifta ved dette punktet at her er det dei som anten svarte at dei ikkje pratar dialekt, men som skulle ynskje at dei gjorde det, eller svarte at dei pratar dialekt, men skulle ynskje at dei prata annleis, som skal krysse av. Dette punktet er altså for dei som har eit ynskje om å prate annleis enn dei meiner dei gjer no.

Skilnadene frå punktet der informantane markerte kvar talemålet plasserer dei, er at rubrikken Grenland har fått halvert søyla si, frå 50 markeringar til 24. Elles har eit par yrkesfaglege elevar kryssa av for Austlandet, eit anna par for Noreg, og eit tredje par for Oslo, noko òg eit par elevar ved allmennfag gjorde. Desse resultata stadfestar at informantane ikkje bryr seg noko særleg om korleis dei pratar, og at engasjementet rundt talemålsspørsmål er låg.

Korttidsakkommodasjon

Det ser ut til at informantane mine stort sett ikkje bryr seg om korleis dei pratar, eller at det kan høyrist på dei at dei kjem frå Grenland. Spørsmåla over gjeld korleis dei pratar til vanleg. Giles' teori om akkommadasjon seier at me i samtale med folk med anna talemål gjerne legg om målet etter korleis samtalepartnaren vår pratar, utan at endringa blir varig. Konvergering over så korte tidsrom som enkelte samtalar, blir kalla korttidsakkommodasjon. Skal ein få gode opplysningar om informantane verkeleg konvergerer i samtalar og i kor stor grad dei gjer det, må ein observere informantane i fleire samtalar og med ulike menneske. Eg var ikkje ute etter slik informasjon, men kva dei sjølve tenkte om dette. Eg spurte ganske enkelt om dei i enkelte situasjonar plar å legge om, og i så fall kven dei då snakka med og kva for mål dei akkommoderte mot. Desse opplysningane meiner eg gjev eit uttrykk for språkhaldninga. Om informantane plar akkommodere, meiner eg ikkje at det automatisk vitnar om at haldninga deira til sitt eige mål er negativ. Slik akkommodering er jo noko dei fleste av oss gjer, kan hende temmeleg umedvite. Howard Giles og Philip Smith hevdar at «most of us can recount instances during each day when our style of speech has changed» (Giles 1979:45). Men om ein sjølv legg merke til kven ein då pratar med, kan seie noko om kva for situasjonar det er rimeleg å akkommodere. Om ein er medviten at ein akkommoderer, kor ofte ein gjer det, kva for situasjonar ein er i, og kva for måle ein gjerne akkommoderer mot, peikar det likevel på kva verdi språkbrukaren gjev sitt eige mål. Om det er eit bestemt mål ein plar akkommodere mot, synest eg det viser at språkbrukaren gjer ei rangering av måla. Sannsynlegvis vil ein gå bort frå sitt eige mål om ein tenker at det ikkje er godt nok.

Av dei 108 informantane kryssa åtte av for «ja, ofte», 43 for «nei, nesten aldri», medan 57 informantar hevdar at dei gjer det nokre gonger. At vel halvparten oppgjev at dei innimellom akkommoderer mot samtalepartnaren sin, finn eg svært rimeleg. Elsa Kristiansen samla inn språkmateriale til undersøkinga si i Drammen på same måten eg har gjort det. Trass i at ho hadde eigen «av og til»-rubrikk, kan Kristiansen (1995:68) fortelje: «Spesielt var det flere som fremhevet at det var et «vanskelig» skjema å fylle ut, fordi *jeg snakker jo forskjellig etter hvem jeg snakker med!* - som de uttrykte det.» Slike kommentarar fekk ikkje eg, sjølv om altså over halvparten svarte at dei vekslar mellom ulike samtalar. Med bakgrunn i at Giles (1979) meiner kortidsakkommodasjon noko me alle sjeldnare eller oftare gjer, vel eg å tolke svara til dei som hevdar å ikkje akkommodere at dei faktisk ikkje er klar over at dei gjer det. Talet er så høgt, at det i motsett fall ville vere ei sterk motseiling av teorien til Giles.

Rapporteringa viser stor variasjon mellom kjønna. Nesten to tredjedelar av jentene hevdar dei legg om nokre gonger, mot 40 % av gutane. Omvendt hevdar halvparten av gutane at dei nesten aldri legg om, mot ein tredjedel av jentene. Det er altså jentene som meiner å legge mest om i samtale med andre. Kan hende dei i tråd med teorien til Giles (sjå s. 56) sjølve har erfart fordelar ved å standardisere målet sitt.

Neste spørsmål blei da kva for dialekt dei legg om mot. Igjen dukkar tabellen med dei ulike stadrubrikkane opp. Ikkje alle informantane har kryssa av her, og det er flest jenter som har svart. At konvergeringa er å normere målet sitt mot klassisk standard, viser seg at vel halvparten av jentene svarer at dei legg om mot Oslo-mål, noko nesten ein tredjedel av gutane gjer. I tillegg blei det ofte skrive «bokmål, penere» i rubrikken 'anna'. Rubrikken for om dei bruker eigen dialekt fekk fire kryss, medan grensk fikk 14. Telemarkingane som svarte her gjev nok inntrykk av at dei plar normere målet sitt mot den tradisjonelle dialekten når dei er i heimbygda, men at dei somtid konvergerer mot grensk i Grenland.

Dei fleste informantane akkommoderer i enkeltsituasjonar vekk frå grenlandsks, mot eit meir standardisert austlandsmål. Det er helst når dei er i lag med venner og i møte med fremmende eller Oslo-folk at dei akkommoderer. Med tanke på kor mange det er som ikkje bryr seg om at dei pratar grensk, er det litt underleg at dei skulle kjenne behov for å legge om målet sitt, at dei i det heile tenker på det som ein strategi. Men det er det ikkje sikkert at dei gjer. Sjølv om dei legg merke til at dei sjølv akkommoderer, må ikkje det tyde at dei vel akkommodering

som ein strategi. Det er slik som kan gå meir eller mindre automatisk, som Giles (1979:46) skriv at me gjer det for å møte samtalepartnaren vår: «[...] as to encourage further interaction and decrease the perceived discrepancies between the actors». Noko anna kan det vere at informantane mine meiner at her i Grenland er det heilt greitt å skulle prate grensk, og bryr seg ikkje særleg om det. Men nettopp i møte med andre, eller når dei er andre stader, finn dei det rimeleg å normere målet sitt, då er dei ikkje heilt likegyldige. Svara deira kan nok òg vitne om at mange ynskjer å framstå med ei likegyldig haldning, men at dei faktisk ikkje er så likegyldige likevel.

Medvit

Dette punktet går på den kognitive sida ved haldningar. Ovafor (side 94) såg me at så mange som over halvparten av informantane ikkje bryr seg stort om kva for talemål dei pratar. Det kan tyde på at dei ikkje er medvetne eigen og andres språkbruk. Eg ynskjer å få eit innblikk i kor stor grad språkspørsmålet er oppe i kvardagen, om det er ei skulesak, om temaet blir brakt på bane i heimen og i vennekretsen. Her er eg ikkje ute etter å sjå nokon språkleg samvariasjon, men sosial. Difor set eg opp svara mot dei sosiale variablane kjønn og skuleretning. Tradisjonelt er det jentene og folk i høgare sosioøkonomiske klassar som er mest opptekne av å normere målet sitt mot ein standard varietet, og som leiar an i språkendringsprosessar, noko materialet mitt òg viser. På det grunnlaget set eg opp som hypotese at det er flest jenter og elevar ved den allmennfaglege skulen er mest opptekne av talemålet og som vil svare at ulike språkspørsmål oftast er aktuelle.

Alle informantane svarte på spørsmålet om dei legg merke til korleis vennene pratar. Bare 19 svarte at dei 'nesten aldri' legg merke til det. Dette viser at merksemda rundt talemål er stor. Tilhøvet mellom dei sosiale gruppene er temmeleg jamne. Unnataka er likevel viktige. Av dei 29 som ofte legg merke til korleis vennene pratar, er det flest jenter. Omvendt er det store fleirtalet av dei som hevdar at dei 'nesten aldri' legg merke til talemålet som blir brukt gutar. Dette står hypotesen. Det gjer derimot ikkje inndelinga etter skuleretning. Der er differansen minimal.

Om talemålet er ei så aktuell sak at ho blir diskutert, var neste spørsmål. Av dei 106 som svarte, er det bare åtte som 'ofte' er med i slike diskusjonar. Her er det jentene ved allmennfag som er dei mest aktive. Halvparten av informantane ved yrkesfag svarte at dei 'nesten aldri'

diskuterer dette, mot ein tredjedel av dei ved allmennfag. Noko som òg står hypotesen, er at det òg er flest gutar som meiner dei svært sjeldan har talemålet oppe til diskusjon. Dei litt over halvparten som kryssa av for 'nokre gonger' fordeler seg nokså jamt over dei sosiale variablane.

Samanlagt viser desse avkryssingane at sjølv om dei legg merke til korleis andre pratar, er det mange som ikkje diskuterer det.

Som eit oppfylgingsspørsmål, lurte eg på kven informantane i så fall diskuterte talemål med. Svaralternativa var 'lærar', 'foreldre', 'venner' i tillegg til ein open rubrikk. Sidan informantane blei oppmoda til å krysse av for det som var aktuelt, er summen på markeringane 112. Svara viser at det er klart at det helst er i venneflokkene dette diskusjonstemaet blir brakt på bane. Over halvparten av markeringane er ved denne rubrikken. Litt under ein tredjedel diskuterer med foreldra. Bare ni diskuterer med lærarane sine, og fem har oppgjeve andre personar. Inndelinga av informantane etter sosiale variablar viser ingen nemneverdig samvariasjon.


I tillegg spurte eg om det hender dei blir retta på for korleis dei pratar. Svara fordele seg mest som ved spørsmålet om dei plar å diskutere talemålet. Av 107 informantar blir 7 ofte retta på, 44 blir det nokre gonger medan 56 har kryssa av for 'nei, nesten aldri'. Dette kan tyde på at diskusjon og retting blir oppfatta nokolunde likt, eller at det gjerne oppstår diskusjonar om nokon blir retta på. Eg fylgte opp spørsmålet med å spørje kven dei i så fall blei retta av. Og som ved diskusjonsspørsmålet, kunne informantane krysse av for dei rubrikkane som høvde. Tre informantar meiner å bli retta på av lærarar, 41 av foreldra, 60 av venner og sju av andre (111 til saman). Igjen ser me at informantane svarar temmeleg likt som ved kven dei diskuterer med. Den interessante opplysninga som kjem fram ved å fordele svara etter dei sosiale variablane, er at ein langt større andel av elevane ved yrkesfag rapporterer at dei blir retta på. Av dei sju som har svart at dei ofte blir retta på, går seks yrkesfag, og av dei som blir retta på 'nokre gonger', går 29 yrkesfag. Dei tre som blir retta på av lærarar går alle yrkesfag, og 27 av dei 41 som blir retta på av foreldra går yrkesfag. Desse opplysningane om at det helst er elevar ved yrkesfag som blir retta på finn eg overraskande, særleg at det er foreldra som rettar. Eg hadde trudd at elevar ved allmennfag ville vere meir vande med språknormeringspress i heimen, i tråd med sosiale forventningar.

Konklusjonen på spørsmålet om medvit, er at trass i at merksemda om talemålsbruken er stor, er ikkje talemål fullt så ofte eit tema for diskusjon. Det ser ut til at jentene og allmennfagselevane utgjer eit fleirtal av dei som dette spørsmålet oftast er aktuelt for. Dette er i tråd med hypotesane, og verkar naturleg i og med at det er desse sosiale gruppene som er dei fyrste til å endre talemålet sitt. Metodisk er det òg eit poeng informantane er såpass medvitne talemålsbruken til folk rundt seg. Eg kan rekne med at avkryssinga på språkskjemaet ikkje er gjort utan nokon særleg refleksjon. På den andre sida må det nemnast at om refleksjonen og medvitnet er veldig høgt, opnar det i større grad for medvitnen manipulasjon.

Kva synest du om Grenlands-målet

Kva synest du om Grenlands-målet, var det direkte spørsmålet. Hypotesane ved dette punktet er fyrst og fremst at langt dei fleste vil synest grensk er eit lite pent mål. Ved inndeling av informantane etter variablane kjønn og skuleretning, vil det vise seg at jentene og elevane ved allmennfag er dei mest negative. Det vil òg vere samvariasjon mellom dialektfrekvensen og haldningane, på den måten at di høgare innslag av lokale trekk, di meir positive vil informantane vere til grensk. Likevel trur eg dei positive vil vere få.

For enkelt å kvantifisere haldningane deira, måtte informantane velje mellom fem svaralternativ: 'det beste', 'blant dei beste', 'vanleg norsk', 'ikkje særleg pent' og 'ubrukeleg'. Det kan diskuterast kor gode desse merkelappane er for å kategorisere språkhaldninga. Avstanden mellom dei ulike er kan hende ikkje jamn. Poenget mitt har vore å trekke opp ein skala med punkta 1-5. Utsegna 'vanleg norsk' er den nøytrale kategorien, og er meint å skulle fange opp dei som meiner målet ikkje skil seg ut på noko vis.



Kakediagrammet over viser at utsegna 'vanleg norsk' finn støtte hjå nærmare halvparten av informantane. Det treng ikkje tyde på at så mange har den medvitne haldninga om at «ingen dialektar er finare eller styggare enn andre, men alle er like gode». Faktisk trur eg heller at det er eit uttrykk for at dei ikkje bryr seg om spørsmålet. Når ein ser kor mange som ikkje bryr seg om dei snakkar dialekt eller ei (side 94), er det ikkje overraskande at så mange av informantane kryssa av for nettopp 'vanleg norsk'. Såleis kan ein tenke at ein umedvite har haldninga at «alle er like gode». Meir praktisk er det òg mogleg at mange bare sette eit kryss i den midtre rubrikken, bare for å ha svart, utan å ha tatt stilling til spørsmålet. Var det ikkje ein nøytral kategori mellom svaralternativa, kunne det vore interessant å sjå korleis informantane hadde fordelt seg. Ytterpunktta har ein andel på 4 prosent av markeringane kvar, medan fordelinga mellom dei to mellomalternativa er heilt klar. 37 prosent synest Grenlands-målet er ikkje særleg pent, mot 11 prosent som finn det som 'av dei beste'.

Variasjon etter dialektfrekvens

Ein variabel å bryte desse tala opp etter, er dialektfrekvensen. Det er ikkje urimeleg å tenke seg at det er ein samanheng mellom i kor stor grad lokalt prega ein pratar, og kor godt ein liker dette lokale målet.

	det beste	blant dei beste	vanleg norsk	ikkje særleg pent	ubruukeleg	sum
I	2	6	13	7	0	28
II	2	5	18	9	0	35
III	0	1	9	18	1	29
IV	0	0	6	5	2	13
sum	4	12	46	39	4	105

Denne tabellen stadfester langt på veg hypotesen min. Særleg er fordelinga av dei som kryssa av ved ytterpunktta talande. Tendensen er òg veldig klar ved mellomvariantane. Mønsteret er sameleis om ein tar utgangspunkt i frekvensgruppene. Overvekta av informantane i gruppe I og II kryssa av for 'vanleg norsk', medan tyngdepunktet hjå gruppe III meiner grensk er 'ikkje særleg pent'. Gruppe IV fordeler seg mellom desse to kategoriane.

Variasjon over kjønn

Variasjonen i den relative fordelinga mellom kjønna ikkje er særskilt stor. Mønsteret er det same. Skilnaden ligg helst i vekta på 'vanleg norsk' og 'ikkje særleg pent'. 45 prosent av jentene synest ikkje grensk er noko pent, mot «bare» 29 prosent av gutane. Derimot er andelane temmeleg jamne mellom dei som reknar grensk som 'vanleg norsk': 43,5 prosent av jentene og 46 prosent av gutane. Den tydelegaste skilnaden mellom kjønna, er at ingen jenter

markerte av for at grensk er 'det beste' målet her til lands, noko 4 gutar held for ein god påstand. Det er såleis langt frå noko skarpt skilje mellom kjønna når det gjeld haldninga til Grenlands-målet, men tendensen er at jenter er litt meir negative.

	det beste	blant dei beste	vanleg norsk	ikkje særleg pent	ubrukeleg	sum
jenter	0	5	23	24	1	53
gutar	4	7	24	15	2	52
samla	4	12	47	39	3	105

Denne grafen kan me samanlikne med grafen over dialektfrekvensen til dei ulike gruppene. (sjå ovafor)

Sosioøkonomisk variasjon

	det beste	blant dei beste	vanleg norsk	ikkje særleg pent	ubrukeleg	SUM
yrke	4	9	30	17	2	62
alm	0	3	16	22	2	43
SUM	4	12	46	39	4	105

Variasjonen er større om me fordeler svara etter **skulelinje**. Kurven har den same fasongen, men fordelinga mellom rubrikkane 'vanleg norsk' og 'ikkje særleg pent' er meir markert. Vel halvparten av dei som går allmennfag skriv under på at grensk lyder lite pent, mot 27, prosent av dei yrkesfaglege informantane. Motsett meiner nesten halvparten av dei som går yrkesfag at målet fortener å bli kalla 'vanleg norsk', noko 37 prosent av dei allmennfaglege er samde i. verd å legge merke til, er at ingen av informantane ved allmennfagleg linje vil kvalifisere Grenlands-målet til å rekne det som 'det beste'. Det tyder at dei fire informantane som kryssa av for denne rubrikken er gutter ved yrkesfag. Dette kan støtte punktet der eg spør om dei pratar dialekt. Nesten halvparten av yrkesfaginformantane meiner grensk er vanleg norsk, mot 37 prosent av dei allmennfaglege. Det er òg fleire negative blant dei allmennfaglege, medan dei yrkesfaglege er meir positive.

Ordet fritt

Til slutt måtte eg jo spørje kva dei synest om Grenlands-målet. Her var det tomme linjer informantane kunne fylle ut, målet var å få frie meiningar. 96 informantar svarte på spørsmålet. Meiningane er sterke og delte, noko som skulle tyde på at ein heil del skulle ynskje dei prata annleis. Likevel har eg freista kvantifisere kommentarane. Eg har kvantifisert etter to kriterium. Det andre er kva dei trekk fram ved målet, eller kva for situasjonar dei oppfattar målet på den eine eller andre måten.

Dei mest markante mønstra er altså at informantane med høgast dialektfrekvens knappast er av dei som omtaler grensk i negative vendingar, og motsett er det slik at ingen av dei med lågast dialektfrekvens uttrykker seg positivt om Grenlands-målet. Elles er tendensen igjen at mange stiller seg rimeleg nøytrale til Grenlands-målet. Faktisk er det fleire som skriv at dei ikkje bryr seg. Truleg kan eg òg rekne med alle som bare skriv «OK!» og «Greit nok.» til denne gruppa.

Dei mest positive informantane legg vekt på vekt på at Grenlands-målet er eit særeige mål. Dei ser det som eigenverdi at målet skil seg ut som ein eigen dialekt. Det kan sjå ut til at dei knyt identitet til målet, og ynskjer å vere stolte av det. Andre fokuserer på forståing, og meiner Grenlands-målet er enkelt og lettfatteleg.

Eit lite overtal av kommentarane går dessutan på kor stygt dette målet, og at ein helst burde slutte å prate slik. Somme seier dei prøver å legge talemålet sitt vekk frå grensk, helst mot Oslo-mål. For mange er det først ved radiolytting og TV-tutting at dei blir observante på kor ille grensk er.

Oppsummering og konklusjon

Det primære spørsmålet mitt har vore: Kvar går Grenlands-målet? Eg har nærma meg spørsmålet på to måtar. Fyrst har eg samla inn språkbruk til vel 100 unge menneske. Det har eg gjort med etter kvantitativ metode, med eit skriftleg avkryssingsskjema.

Språktrekka eg brukte i undersøkinga har vist seg å fange opp den språklege variasjonen på ein veldig god måte. Blant trekka er sentrale vikværske bøyingsmorfem representerte, trekk som viser variasjon mellom sørøstnorsk bymål og klassisk standard, samt nokre heilt lokale trekk. Rapporteringa til informantane viser at det er stor variasjon ved enkelte av trekka, medan dei er temmeleg samde i bruken av andre. Særleg har det vist seg at det er dei særmerkte vikværske endingsvokalane det er størst variasjon i bruken av.

Stor variasjon gjev grunnlag for vidare analyse for å sjå om variasjonen korrelerer med dei ulike sosiale gruppene som er representerte i informantgruppa. Viktige variablar i tradisjonell sosiolingvistikk er kjønn, sosioøkonomisk status og geografi. I tillegg har eg brukt fenomenologisk teori, og sett kva haldninga har å seie for språkbruken. Dei fleste variablane har vist positiv samvariasjon, men det er sosioøkonomisk status, og då særleg skuleretning, som har vist den klaraste korrelasjonen.

Pratar ein dialekt i Grenland?

På grunnlag av kva eg har dokumentert i denne granskinga, vil konklusjonen vere at regionaliseringssprosessen omfattar Grenlands-målet. Det vil seie at Grenlands-dialekten går i retning av ein sams austlandsk regiolekt, sørøstnorsk bymål. Dei mest lokale trekka i grensk er lite i bruk, med eitt viktig unnatak: 'snål'. Meiningsinnhaldet i 'snål' er mest det motsette av det som er vanleg elles i norsk, men den lokale varianten blir likevel heldt oppe av langt dei fleste av informantane mine. Tradisjonelle vikværske trekk som endingsvokalane, er i midt i ein endringsprosess. Dei meir sentrale variantane har fått godt fotfeste, særleg blant jentene og elevar på allmennfagleg skule. Dette stemmer godt overeins med anna empiri. Desse gruppene er ofte dei fyrste til å ta i bruk nye variantar, og såleis føre an i endringsprosessen. At det er sørøstnorsk bymål av dei austlandske standardvarietetane grenlendarane tar i bruk, viser avkryssinga ved dei sentralt austlandske variablane. Det er ikkje variantane knytt til den klassiske standarden som har fått størst oppslutning.

VEDLEGG

Litteratur

- Agheyisi**, Rebecca og Fishman, Joshua: «Språkholdningsundersøkelser. En kort oversikt over metoder» I: Engh, J. (red.): *Språksosiologi*. Universitetsforlaget, Oslo 1972.
- Akselberg**, Gunstein: «Paradigmeutvikling i sosiolinguistikken. Om utviklinga mot ein postlabovsk sosiolinguistik.» I: Gilje & Storebø (red.) *Vitenskapsteori og lingvistikk. 11 vitenskapteoretiske innlegg til dr.art-graden*. Ariadne, Bergen 1993.
- Akselberg**, Gunstein: *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolinguistikken. Ein analyse av sosiolinguistiske tilhøve i Voss kommune*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 1995.
- Auer**, Peter; Barden, Birgit; Grosskopf, Beate: «Subjective and objective parameters determining 'salience' in long-term dialect accommodation» I: *Journal of Sociolinguistics* 2/2. Blackwell, Oxford 1998.
- Auer**, Peter; Hinskens, Frans: «The Convergence and Divergence of Dialects in Europe. New and Not so New Developments in an Old Area» I: *Sociolinguistica: internationales Jahrbuch für europäische Soziolinguistik* nr. 10. Max Niemeyer Verlag, Tübingen 1996.
- Bull**, Tove: ««Språk og kjønn»-forskinga. Ulike tilnærmingar og forklaringar» I: *Framtidsstrategier för humanistisk kvinnoforsking*. NOS-H Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk kvinnoforsking. Konferensrapport: Nordisk konferens Hanaholmens kulturcentrum i Esbo Finland 28-30 maj 1990.
- Bunkholdt**, Vigdis: *Lærebok i psykologi*. TANO, Oslo 1989.
- Chambers**, J.K., Trudgill, Peter: *Dialectology*. Second edition, Cambridge University Press 1998.
- Dalene**, Halvor: *Lydverket i solumsmålet*. Oslo 1953.
- Dalene**, Halvor: «Bymål og bygdemål i ytre Telemark» I: *Maal og Minne*. Det Norske Samlaget, Oslo 1947.
- Day**, R. R.: «Children's attitudes toward language» I: Ryan, Ellen B. & Giles, Howard: *Attitudes towards Language Variation*. Edward Arnold, London 1982
- Føllesdal**, Dagfinn: «Edmund Husserl» I: Eriksen, Trond Berg (red.): *Vestens tenkere*. Band III. Aschehoug, Oslo 1993.

- Giles**, Howard & Smith, Philip: «Ch. 3: Accommodation Theory: Optimal Levels of Convergence» I: Giles, Howard & St. Clair, Robert N. *Language and Social Psychology*. Blackwell Publishers, 1979.
- Gjermundsen**, Arne Johan: *Variasjonsmønster i Holla-målet*. Novus, Oslo 1981.
- Gulbrandsen**, Per P.: «Hvor går de østnorske bymåla?» I: *Språklig Samling* nr. 1, 1977.
- Jahr**, Ernst H. (red.): *Den store dialektboka*. Novus, Oslo 1990.
- Jensen**, Kjetil: «Språkendringsmønstre. En metodekritisk analyse av apokope i fauskedialekten» I: *Målbryting* nr. 3, 1999. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 1996.
- Johansen**, Roy: «Bruk av talemålsnære skriftspråkformer i bokmål hos ungdomsskoleelever» I: Omdal, Helge (red.): *Språkbrukeren - fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Høgskolen i Agder, Kristiansand 1999.
- Kerswill**, Paul: [tittel på artikkelen manglar] I: *Sociolinguistica: internationales Jahrbuch für europäische Soziolinguistik* nr. 13. Max Niemeyer Verlag, Tübingen 1999
- Kortner**, Magne: *Den gamle by og banken der: Norges bank Skien 1836 - 1986*. Skien 1986.
- Kotsinas**, Ulla-Britt: *Ungdomsspråk*. Hallgren&Fallgreen, Uppsala 1994.
- Kristiansen**, Elsa: *Holdninger til vikværsk. En kvantitativ analyse av skoleelevers holdninger til noen trekk i drammensdialekten*. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, 1995
- Labov**, William: *Linguistic Patterns*. University of Pennsylvania Press, Philadelphia 1972.
- Labov**, William: *Principles of Linguistic Change*. Basil Blackwell, Oxford 1994.
- Lindbekk**, Jon Olav: «*Støvler eller pælær?*» En sosiolinguistisk analyse av språkholdninger og språkbruk blant unge i Larvik. Høgskolen i Agder, Kristiansand 2000.
- Løvenskiold**, Leopold: *Gjerpen prostigods og Gjerpen kirkegods*. Forlaget Grenland, 1999.
- Martinussen**, Willy: *Sosiologisk analyse. En innføring*. Universitetsforlaget, Oslo 1984.
- Mæhlum**, Brit: «Norsk og nordisk sosiolinguistik - en historisk oversikt» I: Henriksen, Carol et al (red.): *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Novus, Oslo 1996.
- Mæhlum**, Brit: *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Novus, Oslo 1992.
- Mæhlum**, Brit: *Mellom Skylla og Kharybdis. Forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap*. Novus, Oslo 1999.

- Milroy**, James & Milroy, Lesley: «Ch. 3: Varieties and Variation» I: Coulmas, Florian (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*. Blackwell Publishers, 1997.
- Niedzielski**, Nancy A. & Preston, Dennis R.: *Folk linguistics*. de Gruyter, Berlin 2000
- Nordberg**, Bengt: «Sociolinguistisk datainnsamling» I: Thelander, Mats (red.): *Talespråksforskning i Norden*. Studentlitteratur, Lund 1984.
- Nordberg**, Bengt: *Det mångskiftande språket: om variation i nusvenskan*. Liber, Malmö 1985.
- Sandnes**, Jørn og Stemshaug, Ola: *Norsk stadnamnleksikon*. Samlaget, Oslo 1976.
- Omdal**, Helge: «Språkholdninger» I: *Mål og Makt* nr. 4, 1982.
- Omdal**, Helge: *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand*. Uppsala: Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet, 1994.
- Papazian**, Eric: «Bymåla og utviklingstendensene i norsk talemål i dag» I: *Språklig samling* nr. 3, 1987.
- Piltingsrud**, Kirsten: *Feida fait?. En analyse av Norsk språkråds norvagiseringspraksis med utgangspunkt i vedtaket fra 1996*. Universitetet i Oslo, Oslo 2001
- Pinker**, Steven: *The Language Instinct. The New Science of Language and Mind*. Penguin Books, 2000 [1994].
- Preston**, Dennis R.: «Whaddayaknow?: The Modes of Folk Linguistic Awareness» I: *Linguistic Awareness*, Vol. 5, No. 1, 1996.
- Roksund**, Leif K.: *Skiensdialekten i omriss*. Forlaget Grenland, 1997.
- Rudi**, Nina Berge: «Er det råd å stole på rapportert språkbruk?» I: *Målstryting* nr. 2. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 1999.
- Røyneland**, Unn: «Innsamling og handsaming av eit (sosio-)lingvistisk materiale» I: Ottosen, Kjartan et al. (red.): *The Nordic Languages and Modern Linguistics: Proceedings of the Ninth International Conference of Nordic and General*. Novus, Oslo 1996.
- Røyneland**, Unn: «Språkleg regionalisering på Røros og Tynset?» I: *Målstryting* nr. 2. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 1999.
- Sandøy**, Helge: *Norsk Dialektkunnskap*. Novus, Oslo 1985.
- Sandøy**, Helge: «The Diffusion of a new Morphology in Norwegian Dialects» I: *Folia linguistica* XXXII/1-2. Mouton de Gruyter, Berlin 1998.
- Sandøy**, Helge: «Utviklingslinjer i moderne norske dialektar» I: *Folkmålsstudier* nr. 39, Helsingfors 2000. (Mi utgåve av artikkelen er privat, så sidetalstilvisingane viser ikkje til sidene i artikkelsamlinga, men til artikkelen sjølv.)

Seim, Tone: *Kragerø-dialekten*. Kragerø forlag, 1981.

Statistisk sentralbyrå: *Folke- og bustadteljing 1990*. (Kommunehefta for Bamble, Porsgrunn og Skien, fylkesheftet for Telemark og landssamandraget).

Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no>

TEIN, Prosjektbeskrivelse: <http://www.hf.uib.no/tein/prosjektbeskrivelse.html>

Torp, Arne: «Hu skøyt høl i hue» I: *Språklig Samling* nr. 4, 1988.

Trudgill, Peter: «Sex, covert prestige and linguistic change in the urban British English of Norwich» I: *Language in Society* 1. Cambridge University Press, 1972.

Trudgill, Peter: *Dialects in Contact*. Basil Blackwell, Oxford 1986.

van Hout, Roland & Knops, Uus (red.): *Language attitudes in the Dutch language area*. Foris, Dordrecht 1988.

Venås, Kjell: *Mål og miljø. Innføring i sosiolinguistikk eller språksosiologi*. Novus, Oslo 1991.

Vikør, Lars: «Austlandsmål i endring» I: Kleiva, Donaldi, Nesset og Nygarden (red.) *Austlandsmål i endring*. Det Norske Samlaget, Oslo 1999.

Western, Knut: *a-endinger i Oslo-mål*. Universitetet i Oslo, 1977.

Spørjeskjemaet

Det kvantitative spørjeskjemaet

Ditt eget muntlige språk

Hvilke av de **feite** orda bruker **du**?

Kryss av for ett av alternativa, eller begge om du veksler.

Alle **ungene** er så sôte!
Hanne er så **snåL!** (= rar)
Pappa **fikser** alltid på bilen.
Gjør det **sjæl**, da vel!
Blei du med på kino i går?
Er det bilen **hennes**?
Har du **såvet** godt i natt?
Even er den **roliaste** i klassen.
Stien gikk **mellom** skogen.
Tante kan bli så **rasene** sinna!
Hadde dere mange **gjester**?
I **mårra** skal jeg spise is!
Det er nok **billiere** på Rema.
La **dørane** stå oppe, er du grei.
Hva skal du til **hæLja**?
Treneren hørte **åss** ikke.
Jeg måtte vente i flere **timer**!
Å mente du med det, da?
Vi måtte **kjøras** hjem i går.
Oppgaven var ganske lett.

Alle **ungane** er så sôte!
Hanne er så **snål!** (= koselig)
Pappa **fiksær** alltid på bilen.
Gjør det **sell**, da vel!
Ble du med på kino i går?
Er det bilen **hennær**?
Har du **såvi** godt i natt?
Even er den **roligste** i klassen.
Stien gikk **gjennom** skogen.
Tante kan bli så **rasans** sinna!
Hadde dere mange **gjestær**?
I **må'årn** skal jeg spise is!
Det er nok **billære** på Rema.
La **dørene** stå oppe, er du grei.
Hva skal du til **helgen**?
Treneren hørte **vårs** ikke.
Jeg måtte vente i flere **timær**!
Hva mente du med det, da?
Vi måtte **kjøres** hjem i går.
Oppgava var ganske lett.

Annen uttale:

Hei, hvem er du?

Her ber jeg om en del opplysninger, og jeg er avhengig av dine ærlige svar.

Dette foregår helt anonymt, men vil du ikke fylle ut, er det helt greit.

1 Litt om deg sjøl

a) Kvinne eller mann , født i 19_____

b) Hvilken kommune er hjemstedet ditt? _____

Hvor lenge har du bodd der? _____ år

Hvilke andre steder har du bodd?

_____ i _____ år
_____ i _____ år

c) Hvordan er det å bo på hjemstedet ditt, synes du?

helmaks , ganske fint , ikke noe særlig , flytter gjerne

Hvorfor synes du det?

d) Hvor kommer mora di fra? _____

...og faren din? _____

e) Hvilket yrke har mora di? _____

...og faren din? _____

2 Om du er fra Skien, hvor i Skien har du bodd lengst?

sentrum Kleiva

Falkum/Mæla Gimsøy

Gulset Gråten/Moflata

Åfoss/Skotfoss Klyve

Gjerpen Borgestad

annet sted: _____

3 Utenom skole og arbeid (interesse/hobby/aktivitet...)

a) Hva driver du helst med i fritida?

b) Hva gjør du helst i helgene?

4 Sannsynlige framtidsplaner

a) Hvor bor du om 3-5 år?

- på det som er hjemstedet ditt nå
- i Oslo
- i utlandet

annet sted:_____

b) Hva gjør du om 3-5 år?

- jobber (hva:)_____
- studerer (hva:)_____
- annet:_____

c) Hvor bor du om 15 år?

- på det som er hjemstedet ditt nå
- i Oslo
- i utlandet

annet sted:_____

d) Hvilket yrke har du om 15 år?

5 Talemålet ditt

a) Prater du dialekt? Ja , noe , nei

b) Er du glad for det? Ja , bryr meg ikke , nei

c) Om du prater dialekt: Hvor vil folk som hører på deg «plassere» deg? Til...

hjemstedet mitt , Grenland , Telemark , Østlandet , Oslo , Norge

eller annet sted: _____

d) enten: Om du ikke prater dialekt, men kunne tenke deg å gjøre det...

eller: Om du prater dialekt, men skulle ønske du prata annerledes...

Hvor ville du helst bli «plassert» av folk som hører på deg? Til...

hjemstedet mitt , Grenland , Telemark , Østlandet , Oslo , Norge

eller annet sted: _____

6 Om vi er klar over hvordan vi prater (dialekt/talemål)

a) Legger du merke til hvordan vennene dine prater?

Ja, som regel ; noen ganger ; nei, nesten aldri

b) Hender det at du blir retta på for hvordan du prater?

Ja, ofte ; noen ganger ; nei, nesten aldri

Om det skjer, hvem er det som retter deg? (Kryss av alle aktuelle.)

Lærere , foreldre , venner eller andre: _____

c) Diskuterer du med andre hvordan en bør/kan prate?

Ja, ofte ; noen ganger ; nei, nesten aldri

Om det skjer, hvem diskuterer du slikt med? (Kryss av alle aktuelle.)

Lærere , foreldre , venner eller andre: _____

7 Hender det at du endrer måten du snakker på?

Ja, ofte ; noen ganger ; nei, nesten aldri

Om det skjer, hvem prater du med da? (Kryss av alle aktuelle.)

Lærere , foreldre , venner eller andre: _____

I så fall, endrer du språket ditt mot

dialekten din , Grenlands-mål , Tele-mål , Oslo-mål , eller

annet: _____

8 Hva synes du om Grenlands-mål?

Om du tenker deg alle talemåla i Norge, hvor vil du plassere Grenlands-målet?

Som... det beste , blant de beste , vanlig norsk , ikke særlig pent , ubruklig .

Jæ takkær å bokkæ sjå møe få jæLpa!!!

Takk skal du ha for utfyllinga!!!

Seinere i vår vil jeg kontakte noen veldig få av dere som har vært med på undersøkelsen, og spørre om dere vil være med på et intervju. Da skal vi prate sammen, mens samtalen blir tatt opp med mikrofon. Om du er villig til å være blant dem jeg muligens vil kontakte, riv av nummeret på det nederste hjørnet på dette arket, eller skriv det opp, f.eks. i skoledagboka di. Pass godt på lappen eller nummeret, for det er forbindelsesleddet mellom oss...

Intervjugaiden

SAMTALEGAID

1. Presentasjon

Bli kjent, og komme i gang med praten.

2. Livssituasjonen

Korleis er det å gå på denne skulen?
Kva gjer dei på fritida?
Kva er dei opptekne av, engasjerte i?
Korleis er ungdomsmiljøet i byen?
Kva for framtidsplanar har dei?

3. Tilhøve til heimstaden

Kva for tilhøve har dei til Skien som heimby?
Kva er bra med å bu her?
Kva er ikkje bra med å bu her?
Er dette ein by dei vil busetje seg i seinare?
Har dei lyst til å flytte?
Kvifor det?
Kvar då?
Kvifor dit?

4. Talemålet

Pratar dei dialekt?
Kva er det dei pratar?
Kan dei skilje Skiens-målet frå Porsgrunns-målet?
Er dei medvetne korleis dei pratar?
Legg dei merke til, og kommenterer, andre sitt mål?
Kva er dialekt?
Kven er det som pratar dialekt?
Kva synest dei om dialektbrukarar?
Har dei nokon kontroll over korleis dei pratar?
Har det vore endringar i korleis ein kan prate?
Korleis skjer slike endringar?
Kven er dei som kan kan prate 'nytt'?
Korleis kan ein *ikkje* prate?
Korleis *bør* ein prate?

TREKK

hu - hun
a - hun
hennær - henne
hennær - hennes

hanses - han sin
han - ham
n - han

vårs - oss

bilær - biler
båtane - båtene

skjorta - skjorten

husa - husene

blei - ble
hivi - hevet
dansa - danset
dansær - danser

enklære - enklast

snål - hyggelig
snål - rar
i mårra - i morgen
sjæl - sell

Abstrakt

Kvar går Grenlands-målet?

Eg har utført ei sosiolingvistisk undersøking med siktemålet å kartlegge dagens språkbruk i Grenland og finne ut av dei sosiale språkbruksvariasjonane. Informantgruppa består av 18-åringar av begge kjønn. Ungdom er interessante fordi det er særleg i denne gruppa nye språknormer blir danna, og dei representerer truleg språkbruken i språksamfunnet ei tid framover.

Oppgåva knyter eg til prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN), der teoriar om regionaliseringssprosessen er sentral. I denne prosessen går dei mest lokale dialektmerka ut av bruk, slik at målføra innafor ein større region blir meir like.

Eg har brukt tradisjonelle sosiolingvistiske teoriar. Ved å dele informantane inn etter sosiale faktorar som kjønn og sosialøkonomisk status, feltvariablar som tilknyting til heimstaden og haldningar til det lokale målet, har eg vist at den språklege variasjonen fylgjer sentrale sosiale grupper.

Det grunnleggande spørsmålet eg har arbeidd ut frå er: Kvar går Grenlands-målet? Svaret ser ut til å vere mot søraustnorsk bymål. Både språkbruk og språkhaldningar blant dagens Grenlands-ungdom i materialet mitt tilseier dette. Og det er jentene, dei med utdanning på høgare teoretisk nivå og dei som er minst knytte til heimstaden, som går føre i endringsprosessen.